



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 21

(2001-2002)

Om samarbeidet i Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) i 2001

*Tilråding frå Utenriksdepartementet av 19. april 2002,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

Organisasjonen utførde ei rekkje viktige og til dels nye arbeidsoppgåver i 2001. Eit nytt sendelag vart oppretta i Jugoslavia. Jugoslavia vart medlem av OSSE ved utgangen av 2000. Gjennom rask reaksjon makta organisasjonen òg å gje avgjerande tilskot for å hindre at etnisk spenning i Sør-Serbia og Makedonia utvikla seg til nye krigssituasjonar.

I tillegg til dei tradisjonelle oppgåvene vart arbeidet i OSSE 2001 såleis prega av to nye hovudsaker, styrking eller reform av OSSE og OSSE si rolle i kampen mot terrorisme. Drøftingane om reform hadde i lengre tid stått på dagsordenen. Fram mot ministermøtet i Bucuresti gav arbeidet med OSSE sitt tilskot til den internasjonale kampen mot terrorisme meir retning og innhald i reformdrøftingane.

Den internasjonale kampanjen mot terrorisme førde òg til sterkare fokus på Sentral-Asia. Nærleiken til Afghanistan gjer dei sentralasiatiske landa særleg utsette både for terroristaktivitetar og for den organiserte kriminaliteten som skaper eit økonomisk grunnlag for terroristane.

Arbeidet i 2001 vart prega av noko uvisse rundt OSSE si framtid og rolle. Dei to føregåande åra representerte eit høgdepunkt i organisasjonen si verksamd fram til no, med sterkt aukande aktivitet både på Balkan (Kosovo), i Kaukasus og i Sentral-Asia. Allereie i 2000 kunne ein registrere ein aukande politisk strid mellom Russland på den eine sida og ei rekkje vestlege land på den andre. 2000 vart avslutta med eit resultatlaust utanriksministermøte i Wien. Denne spenninga varde gjennom det meste av 2001. Sjølv om ho har ført til uvisse om framtida til organisasjonen, har ho òg ført til at ein har sett fokus på organisasjonen si rolle i ein framtidig europeisk tryggingsarkitektur. Drøftingane om EU si rolle når det gjeld krisehandtering, gjorde det på ein heilt annan måte enn tidlegare naudsynt å sjå på grensene mellom eit stadig meir ambisiøst EU og OSSE.

Etter terroråtaka i New York og Washington har ein i OSSE sett ei auka tilnærming mellom Russland og USA. Både USA, EU, Russland og andre medlemsland, som Noreg, la vekt på å demonstrere at hendingane den 11. september representerte eit vegskilje. Åtaka i USA hadde understreka kor viktig det var at det internasjonale samfunnet søkte nærare saman for å møte den utfordringa terrorismen representerer. Denne nye tonen medverka sterkt til at utanriksministermøtet i Bucuresti fekk eit langt meir vellukka utfall enn ein hadde frykta. Det herska ein vilje blant hovudaktørane til å leggje einskilde vanskelege stridsspørsmål til side. Det vart semje om ei rekkje dokument, mellom anna ein handlingsplan for kampen mot terrorisme.

OSSE la òg for første gong ned sendelag i OSSE-området. Trass i russisk motvilje vart OSSE-sendelaga i Estland og Latvia lagde ned ved utgangen av 2001. Sidan dette var dei einaste sendelaga som hadde hatt som hovudoppgåve å ta vare på interessene til russiske minoritetar, vart nedlegginga av Russland sett på som ei stadfesting av at ein i OSSE ikkje tok omsyn til russiske synspunkt.

Alt ti dagar etter ministermøtet i Bucuresti kom det første utslaget av nyorienteringa. Det var i form av ein konferanse om tryggleik og terrorisme i Sentral-Asia. Konferansen utarbeidde eit handlingsprogram mot terrorisme som ei oppfølging av sentrale element frå Bucuresti-planen.

2 Det politiske samarbeidet

2.1 Formannskapet og Det faste rådet

OSSE sitt arbeid byggjer på konsensusprinsippet. Dette prinsippet inneber at alle medlemsland må vere samde om dei vedtaka som vert gjorde. I praksis fungerer det slik at vedtak vert gjorde utan innvendingar, etter at det på førehand har vorte halde samråd med sikte på å få den naudsynte semja om vedtaka. Sjølv om konsensusprinsippet somme gonger kan oppfattast som å seinke avgjerdsprosessen, vil ein open og inkluderande samrådsprosess vere effektiv på lengre sikt fordi han legg grunnlaget for ei brei oppslutning om dei vedtaka og den politikken som OSSE fører.

Formannskapet i OSSE leier den uformelle samrådsprosessen og arbeidet i dei formelle organa i OSSE. Først og fremst er dette Det faste rådet, som er det øvste organet mellom dei årlege ministermøta. Det faste rådet møter kvar veke. Om lag kvart tredje år vert det halde toppmøte, som samlar stats- og regjeringssjefar frå alle OSSE-landa. Formannskapet roterer kvart år. Romania hadde formannskapet i 2001, etter Austerrike. Portugal har teke over i 2002. Noreg hadde formannskapet i 1999 og deltok såleis fram til utgangen av 2000 i arbeidet i OSSE-troikaen, som forutan formannskapet og det føregåande formannskapet omfattar det påtroppande formannskapslandet. I perioden 1998-2000 sat Noreg såleis sentralt i samrådsprosessen og hadde i formannskapsperioden i 1999 ansvaret for heile samrådsprosessen. Dette vart søkt nytta fullt ut.

Det er utanriksministeren i formannskapslandet som er formann i OSSE, og som leier OSSE sitt arbeid i formannskapsåret. Dette skjer i hovudsak gjennom OSSE-hovudkvarteret i Wien. Hovudstaden i formannskapslandet spelar òg ei viktig rolle i arbeidet med å kome fram til konsensusvedtak, mellom anna gjennom kontaktar på politisk nivå og embetsmannsnivå med andre OSSE-hovudstader.

Samrådsprosessen i Wien er både av bilateral og multilateral karakter. Dei mest sentrale aktørane er stormaktene, EU-formannskapet og OSSE-formannskapet. Utover dette møter NATO-landa kvar veke og EU-landa fleire gonger i veka. Dei nordiske landa har òg samrådsmøte kvar veke. I tillegg møter alle medlemslanda til uformelle samråd. Denne omfattande samrådsprosessen endar med møte i Det faste rådet kvar veke.

OSSE-formannen står i nær kontakt med dei andre OSSE-landa sine utanriksministrar, og det er likeins kontakt mellom OSSE-landa sine hovudstader på embetsmannsnivå. Føremålet med desse samråda er å gje politisk tyngde til arbeidet med å kome fram til ei felles haldning og dermed supplere dei drøftingane som finn stad i Wien.

Sjølv om ein stor del av samrådsprosessen går føre seg innan avgrensa grupper av land, legg formannskapa stor vekt på at prosessen skal vere mest mogleg open. Det er viktig for fleksibiliteten og effektiviteten til organisasjonen at vedtaka ikkje vert blokkerte eller forseinka fordi interessene til somme

land ikkje er tilstrekkeleg tekne vare på. Det har òg mykje å seie at land som ein føreset skal medverke både økonomisk og med personell til OSSE si verksamd, kjenner seg trygge på at dei har høve til å påverke organisasjonen sin fleksibilitet og politikk.

Sjølv om konsensusprinsippet ligg til grunn for vedtak i organisasjonen, har organisasjonen vist at han har ein fleksibilitet som gjer det mogleg å handle raskt. For det første er samrådsprosessen, som leier fram til vedtak i Det faste rådet, svært omfattande. Dette er for å tryggje at kvart utkast til vedtak har den naudsynte tilslutninga før handsaminga i Det faste rådet. For det andre avgrensar Det faste rådet seg tradisjonelt til å utforme allmenne retningslinjer. For det tredje får OSSE sine sendelag og institusjonar stor grad av handlefridom gjennom allmenne retningslinjer frå formannskapet og Det faste rådet. Formannskapet held jamleg kontakt med desse og kjem med naudsynte og utfyllande retningslinjer. Samstundes er det, for å tryggje støtte frå alle medlemsland for den politikken som vert ført, viktig at samrådsprosessen vert oppfatta som inkluderande, og at deltakarlanda får ta del i avgjerdsprosessen. Dette har vorte tydeleggjort i den seinare tida.

Etter norsk initiativ vedtok Istanbul-toppmøtet i november 1999 å opprette ein førebuingskomité, der alle medlemslanda kan møtast kvar veke, eller når det krevst, for å diskutere spørsmål som står på dagsordenen til organisasjonen. Dette skulle føre til at avgjerdsprosessen vart meir open. Mange medlemsland meiner at førebuingskomitéen må nyttast meir til reelle drøftingar om viktige politiske spørsmål.

2.2 Konfliktførebygging

Samråda i Det faste rådet i Wien er i seg sjølve eit viktig konfliktførebyggjande instrument. Der vert det sett søkjelys på eksisterande og potensielle konflikthar, og møta gjer det mogleg med ei kontinuerleg informasjons- og meining-sutveksling og analysar av ulike situasjonar. Samråda byggjer i stor grad på dei rapportane som vert utarbeidde av sendelaga. I tillegg til å rapportere skriftleg deltek sendelagsleiarane jamleg på møte i Wien. Dette gjev høve til ein omfattande gjennomgang av arbeidet i dei einskilde sendelaga.

Spørsmål om nasjonale minoritetar er ein grunnleggjande faktor i dei fleste konfliktområda der OSSE er engasjert. Høgkommissæren for nasjonale minoritetar (HCNM) har difor ei viktig rolle i arbeidet med å førebyggje konflikthar. Den tidlegare nederlandske utanriksministeren Max van der Stoel utvikla denne stillinga til å verte eit effektivt organ, ikkje minst gjennom ein aktiv og samstundes diskret dialog med styresmakter og minoritetsgrupper i land der konflikthar trugar stabiliteten. Rolf Ekéus frå Sverige tok over etter van der Stoel i juli 2001. Høgkommissæren for nasjonale minoritetar har kontoret sitt i Haag i Nederland.

Stillinga vart oppretta i 1992, og det går fram av mandatet at Høgkommissæren skal medverke til «tidleg varsling» og leggje grunnlaget for «tidleg handling» i potensielle konflikthar der nasjonale minoritetar har problem. Høgkommissæren har berre ein gong gjeve Det faste rådet ei formell «tidleg varsling». Det var i 1999 då Høgkommissæren varsla om den forverra situasjonen i Makedonia i samband med krisa i Kosovo. Høgkommissæren skal arbeide

sjølvstendig og fortruleg med partane. Han skal ta opp saker som gjeld medlemslanda si oppfølging av OSSE-forpliktingane når det gjeld nasjonale minoritetar. Oppgåva er ikkje å handsame klagesaker frå einskildpersonar.

Høgkommissæren fokuserte i 2001 arbeidet sitt i ei rekkje land på lovgjeving som handlar om minoritetar. Fokuset var her på språklovgjeving, utdanning for minoritetar, og arbeid for på ulike måtar å tryggje at minoritetane deltek i det offentlege livet. Av Høgkommissæren sine talrike initiativ kan mellom anna nemnast etableringa av det sørausteuropiske universitetet i Tetovo i Makedonia, som eit ledd i arbeidet for å betre dei interetniske tilhøva i landet. Arbeidet i dei baltiske landa og i høve til den russiskspråklege minoriteten i Ukraina, kan òg nemnast. Høgkommissæren er også aktiv på ei rekkje felt i Jugoslavia.

2.3 Feltoperasjonar

Feltoperasjonane er ein særst viktig del av OSSEs arbeid. Gjennom feltoperasjonane bidreg OSSE aktivt med hjelp til utviklinga av demokratiske institusjonar, rettstatar og respekt for menneskerettane. Sendelaga arbeider tett saman med dei ulike institusjonane i OSSE; Kontoret for demokratiske institusjonar og menneskerettar (ODIHR), Høgkommissæren for nasjonale minoritetar (HCNM) og Mediarepresentanten (RFM).

Tyngdepunktet i organisasjonen sitt arbeid låg i 2001 på Søraust-Europa, dels grunna tidlegare plikter og dels grunna nye oppgåver. Samstundes fekk også Sentral-Asia styrkt merksemd. Makedonia og Den føderale republikken Jugoslavia fekk auka merksemd i 2001. Etter kvart som den etniske konflikten utvikla seg i Makedonia auka OSSE engasjementet i landet. For å kunne overvake situasjonen vart talet på tilsette auka i fleire omgangar. OSSE medverka til forhandlingsprosessen om ei politisk løysing på krisa, og som eit resultat av Rammeavtalen fekk OSSE fleire oppgåver. Mellom anna fekk OSSE ansvaret for å utdanne politirekruttar frå minoritetane i landet. OSSE oppretta i 2001 eit eige sendelag til Jugoslavia, med hovudsete i Beograd. Av hovudoppgåvene til sendelaget er hjelp til reform av politi og rettsstellet. Sendelaget har i samarbeid med styresmaktene utarbeida ein plan for dette arbeidet med reform av politisektoren. Etter den etniske konflikten i Sør-Serbia har sendelaget spela ei viktig rolle mellom anna for å utdanne eit fleiretnisk politi i området. Dette arbeidet vert leia av ein nordmann. I tillegg har 3 norske politiinstruktørar vore engasjert i arbeidet. I Kosovo gjennomførte OSSE val til provinsforsamling i desember 2001. Den serbiske minoriteten og andre minoritetar deltok ved valet. Forsamlinga hadde ved årsskiftet ikkje lukkast å utnemne president og regjering.

Terroråtaka mot USA 11. september førte til eit styrkt fokus på landa i Sentral-Asia. Den auka interessa for dette området er positivt. Det har mellom anna vorte eit sterkt ønske om tettare samarbeid med landa i regionen om å førebyggje terrorisme og om preventive tiltak i samband med narkotika- og våpentrafikk. I desember 2001 arrangerte OSSE og FN-kontoret for narkotika-kontroll og kriminalitetsførebygging (UNODCCP) ein konferanse om terrorisme i Bisjkek, Kirgisistan.

Fram til 2001 var det ein jamn vekst i OSSEs feltstruktur og oppgåver. I 1999 vart det oppretta 3 nye kontor i Sentral-Asia. Dermed hadde OSSE sendelag i alle dei 5 sentral-asiatiske landa. I 2000 vart det oppretta sendelag både i Armenia og Aserbajdsjan. Dermed var OSSE også i Kaukasus representert i alle medlemsland.

Det eksisterer ikkje generelle retningslinjer for avvikling av sendelag, og avvikling skjer difor på grunnlag av mandatet til kvart einskilde sendelag. Frå årsskiftet vart sendelaga i Estland og Latvia lagt ned. Avviklinga av desse sendelaga skjedde etter tilrådingar frå sendelagsleiarane, som rapporterte at landa hadde vist tilfredsstillande handtering av uteståande oppgåver i høve til sendelaga sine opphavlege mandat. Avviklinga har vorte eit kompliserande element i samarbeidet i OSSE. Avviklinga av sendelaga skjedde mot Russland si vilje. For Russland har avviklinga styrkt kjensla av ikkje å bli teken alvorleg, noko som vidare har gjort det vanskelegare å få russisk støtte for arbeidet i organisasjonen. Sjølv om sendelaga no er avvikla, vil OSSE, gjennom ODIHR og HCNM, følgje opp situasjonen i Estland og Latvia når det gjeld dei russisk-språklege minoritetane.

2001 har vist kor viktig det er at det eksisterer harmoniske tilhøve mellom mottakarstaten og sendelaget, slik at ein kan få til eit langsiktig demokratiseringsarbeid og unngå at mottakarstaten ønsker sendelaget ut.

2.3.1 Albania

OSSE sitt mandat i Albania har sidan 1997 vore å førebyggje konflikt, gjennom politisk mekling og overvaking, og å medverke til stabilitet ved å styrkje demokratiske institusjonar og det sivile samfunnet. Sendelaget sitt samarbeid med den albanske regjeringa har vorte ytterlegare styrkt det siste året. OSSE spelar ei aktiv rolle som rådgjevar og pådrivar i saker som gjeld demokratisering, rettssystemet, menneskerettar, menneskehandel, mediespørsmål, førebuing og gjennomføring av val, våpeninnsamling og grenseovervaking, og utvikling av det sivile samfunnet.

Sendelaget har òg fått oppdraget med å leggje til rette for samordning av det internasjonale samfunnet sine aktivitetar i Albania. Sendelaget leier den lokale delen av den såkalla Vennegruppa for Albania, som samlar alle OSSE-land og andre internasjonale aktørar som er aktive i Albania, mellom andre Noreg. Albania gjekk i 2001 inn i forhandlingar om ein stabiliserings- og assosieringsavtale med EU, noko som det er venta vil føre til ei restrukturering av Vennegruppa.

OSSE spela ei viktig rolle i samband med førebuingane og gjennomføringa av parlamentsvalet i juni. Valet vart karakterisert som ein framgang når det galdt gjennomføringa av demokratiske prinsipp, trass i einskilde avvik. OSSE sitt kontor for demokratiske institusjonar og menneskerettar (ODIHR) kom etter valet med ei rekkje framlegg til forbetring av lovverket for albanske styresmakter.

Respekten for rettsstaten vart under tidlegare statsminister Meta styrkt i store delar av Albania. Det vart starta opp eit program for rehabilitering av infrastrukturen i landet. Mykje arbeid står framleis att før infrastrukturen kjem opp på eit minimumsnivå. Tryggingssituasjonen i Nord-Albania gjev framleis grunn til uro, særleg i nordaust (Tropoja-distriktet). Utanlandske

gievarland har vore tilbakehaldne med støtte til denne delen av landet, som er det fattigaste området i Albania.

Albania er eit sentralt transittland for smugling av menneske til Europa, og sendelaget har vorte tildelt oppgåva som samordnar for internasjonale tiltak retta mot menneskehandel i Albania. Mellom anna har sendelaget hjulpet albanske styresmakter med å utvikle ein nasjonal handlingsplan mot menneskehandel. Vidare overvakar sendelaget innsamling av handvåpen og overvakar i tillegg grensa mellom Albania og Kosovo/Jugoslavia, samt grensa mellom Albania og Makedonia. Våpeninnsamlingsprogrammet vart redusert i 2001, og finansieringa til våpendestruksjonsprogrammet stansa opp. Noreg har, saman med Tyskland, USA og UNDP, finansiert dette programmet. Grenseobservasjonen vart òg trappa ned i 2001. Dette var ei følgje av mellom anna lågare spenning i grannelanda.

Sendelaget har i aukande grad fokusert på miljøvern i Albania og medverka i 2001, saman med FNs miljøprogram (UNEP), til at styresmaktene oppretta eit eige miljøverndepartement.

Påtalemakta har stor påverknadskraft og makt i det albanske strafferettssystemet, men manglar ofte naudsynt røynsle og opplæring for å kunne ta dei riktige avgjerdene i vanskelege straffesaker. Dette gjeld òg avgjerdene om kven som skal straffefølgjast. Noreg følgjer tett utviklinga i Albania og har over tid stilt norske statsadvokatar til disposisjon som internasjonale rådgjevarar for den albanske påtalestyresmakta. Rådgjevarane har vore ei viktig støtte for påtalemakta sitt arbeid med spesifikke saker, i tillegg til at dei medverka til større juridisk kompetanse og medvit.

2.3.2 Kosovo

OSSE-sendelaget i Kosovo (OMIK) vart oppretta med eit vedtak i Det faste rådet 1. juli 1999, medan Noreg hadde formannskapet. Kosovo-sendelaget er den største noverande feltoperasjonen i OSSE og har om lag 600 internasjonalt tilsette og om lag 1400 lokalt tilsette. Sendelaget har hovudkvarter i Pristina og eit større tal feltkontor.

OSSE-sendelaget er ein del av den overordna FN-administrasjonen i Kosovo (UNMIK), som vart etablert i provinsen etter at den jugoslaviske presidenten Slobodan Milosevic gjekk med på fredsplanen, og dei militære aksjonane opphøyrde sommaren 1999. FNs tryggingsråd vedtok i resolusjon 1244 at det skulle setjast inn ein internasjonal militær tryggingsstyrke (KFOR) og eit sivilt nærvere i Kosovo (UNMIK). Etter resolusjon 1244 skal innbyggjarane i Kosovo ha stor grad av sjølvstyre innan Den føderale republikken Jugoslavia, til ein endeleg status vert fastsett.

UNMIK femner om fire pilarar for høvesvis sivil overgangsadministrasjon (leidd av FN), politi og rettsvesen (leidd av FN), institusjonsbygging (leidd av OSSE) og atterreising (leidd av EU). Dette var ein struktur som var ny i internasjonalt samarbeid, og representerte ei erkjenning av at oppgåvene var for omfattande til at berre ein organisasjon kunne gjennomføre dei åleine, samstundes som ein ville unngå oppsplitting og konkurranse mellom organisasjonane.

Innan UNMIK har OSSE-sendelaget ei leiarrolle i arbeidet for menneskerettar, demokratibygging og rettsstatsprinsipp i provinsen. Sendelaget har ans-

varet for å leggje til rette for og gjennomføre val. OSSE har òg fått oppgåva med å lære opp ein lokal fleiretnisk politistyrke. OSSE-politiskulen har lært opp rekruttar sidan 1999. Ved årsskiftet hadde omlag 4000 rekreuttar vorte uteksaminert. I tillegg lærer OSSE-politiskulen opp politiinstruktørar. Det første kullet med politiinstruktørar vart uteksaminert i august 2001. Noreg hadde 7 politiinstruktørar, inkludert hovudlæraren ved politiskulen i 2001.

Institusjonsbygginga omfattar òg oppbygging av kompetanse innan rettsstell og offentleg administrasjon samt støtte til utvikling av det sivile samfunnet. OSSE har òg stått bak etableringa av ein ombodsmannsinstitusjon og andre menneskerettsorgan, og spelar i tillegg ei nøkkelrolle i arbeidet med å utvikle ein profesjonell og uavhengig mediesektor.

Betring av tryggingssituasjonen er ei svært viktig oppgåve for å normalisere situasjonen i Kosovo. Etter systematiske overgrep i tida etter krigen er det framleis ei hovudoppgåve å verne om minoritetane i provinsen. Sendelaget har eit tett samarbeid med andre internasjonale aktørar, til dømes KFOR og FN-politiet, og spelar ei viktig rolle ved å overvake og rapportere om brot på menneskerettane i Kosovo. Samstundes medverkar OSSE til å byggje opp lokal kapasitet til å overvake, rapportere og fremje menneskerettar. Det er òg ei sentral oppgåve å leggje til rette for retur av minoritetar.

Ei viktig rettesnor for sendelaget sitt arbeid er hjelp til forsoning og til eit fleiretnisk Kosovo. Dette går fram av det mandatet som OSSE-sendelaget har fått av Det faste rådet. På bakgrunn av dei overgrepa som det kosovoalbanske folket over lang tid har vore utsett for, er dette ei oppgåve på lang sikt. Forsoningsoppgåva har ikkje vorte enklare av dei overgrepa som har funne stad etter krigen frå kosovoalbansk side, og som har vore retta mot serbarar og andre minoritetar. Lokale politikarar har eit hovudansvar i dette forsoningsarbeidet.

OSSE gjennomførde eit teknisk godt organisert val til provinsforsamling 17. november 2001. Valet var svært viktig for å kunne byggje opp eit fleiretnisk samfunn og for å få sett saman ei provinsregjering (Provisional Institutions of Self-Government (PISG)). Valet fekk brei oppslutning frå det kosovoalbanske folket. Serbarar og andre minoritetar deltok òg i valet. Den kosovo-serbiske koalisjonen «Povratak» vart det tredje største partiet, og har 22 seter i forsamlinga. Heile 14 parti fekk sete i den 120-manns store forsamlinga etter valet. Forsamlinga vart offisielt sett saman 10. desember 2001. Ved årsskiftet hadde det ikkje lukkast partia å verte samde om valet av provinspresident eller leiar av provinsregjeringa.

Kontaktane mellom UNMIK og styresmaktene i Beograd er gode. Fellesdokumentet, som blei inngått 5. november mellom UNMIK og dei jugoslaviske styresmaktene la grunnlaget for at den serbiske minoriteten deltok ved provinsforsamlingsvalet. Det skal etter planen haldast lokalval i 2002. Valet skal gjennomførast av OSSE-sendelaget.

2.3.3 Bosnia-Hercegovina

OSSE-sendelaget i Bosnia-Hercegovina vart oppretta i desember 1995, som eit ledd i gjennomføringa av Dayton-avtalen som vart inngått i november 1995. Sendelaget samarbeider tett med dei andre internasjonale aktørane i landet. Sendelaget sine hovudoppgåver er knytt til val, overvaking av menneskerettar, demokratisering, mediespørsmål og regional stabilisering.

Det står att mykje arbeid innan dei ansvarsområda som OSSE har teke på seg i Bosnia-Hercegovina, sjølv om ein såg større framsteg i 2001. I august vedtok parlamentet ei vallov det lenge hadde vore strid om. Ansvaret for gjennomføring av val i landet er overført frå OSSE til bosniske styresmakter. Det vart òg gjort viktige framsteg med omsyn til flyktningretur og løysing av eigedomsproblema. Meir enn 92.000 personar flytta attende til områder der deira folkegruppe utgjør eit mindretal (minoritetsretur). Dette var ein auke på 36 prosent frå 2000. Nærare 1/3 av alle eigedomskrav vart løyste, i motsetning til 1/6 i 2000. I 2001 heldt einiskilde nasjonalistiske parti fram med å hindre arbeidet i fellesinstitusjonane, både dei lovgjevande og dei utøvande, i begge einingane.

Spørsmålet om straumlineforming av det internasjonale samfunnet sitt nærvere i Bosnia-Hercegovina har dominert siste halvdel av 2001. Eit viktig spørsmål har vore kven som skal overta etter FN's internasjonale politistyrke (UNIPTF) når han avsluttar arbeidet sitt ved utgangen av 2002. Ved utgangen av 2001 såg det ut til at EU ville overta dette arbeidet. OSSE-sendelaget vil spele ei viktig rolle, hovudsakleg innanfor menneskerettar, institusjonsutvikling og styrking av det sivile samfunnet.

Retur, og då særleg minoritetsretur, vert framleis sett på som ein nøkkel til gjennomføringa av Dayton-avtalen og til varig fred og stabilitet i Bosnia-Hercegovina. OSSE-sendelaget har arbeidd aktivt for å få på plass reglar som hindrar diskriminering av minoritetar på arbeidsmarknaden, og i tillegg hjelpt til der det har oppstått eigedomsproblem.

Medieutviklinga i Bosnia-Hercegovina har vore gjennom ei positiv utvikling, og i 2001 avvikla sendelaget medieavdelinga si etter at målet i mandatet vart vurdert som nådd.

Noreg gjev aktiv støtte til OSSE-arbeidet i Bosnia-Hercegovina mellom anna gjennom dei politiske ressursentra, der Noreg står 3 av 11 senter i tillegg til ein nasjonal samordnar. Noreg gjev i tillegg støtte til opplæring av lokale administrasjonsstrukturar mellom anna når det gjeld strategisk planlegging, budsjettering og finansiell styring. Vidare arbeider sendelaget med å styrkje ungdomslaga til politiske parti, som ei direkte følgje av tilrådingar frå norske parlamentarikarar på vitjing i Bosnia-Hercegovina og ei gjenvitjing av bosniske parlamentarikarar i Noreg i november 2001. Dette arbeidet vil verte vidareført i 2002. Noreg er ein av dei viktigaste gjevarlanda til ombudsmannsinstitusjonane i begge einingane, mellom anna gjennom støtte til feltkontora sine budsjett.

Sendelaget si avdeling for regional stabilitet har ansvaret for oppfølging av tillits- og tryggleiksskapande tiltak i regi av Dayton-avtalen. Avdelinga fokuserte i 2001 særleg på større demokratisk kontroll med dei væpna styrkane i Føderasjonen og Republika Srpska og på større innsyn i dei militære budsjettprosessane. Ein revisjon av forsvarsbudsjettet har ført til mange tilrådingar som vil minske talet på væpna styrkar i landet.

2.3.4 Kroatia

Det faste rådet vedtok i april 1996 å etablere eit langsiktig nærvere i Kroatia. Hovudoppgåva var å gje hjelp til kroatisk styresmakter i samanheng med vern om menneskerettane. Særleg vekt vart lagt på å overvake rettane til per-

sonar som tilhøyrrer nasjonale minoritetar. I tillegg skulle sendelaget medverke til forsoning mellom folkegrupper og fremje rettsstatsprinsippa, samt hjelpe styresmaktene med å fremje demokratiske institusjonar og ny lovgjeving.

Kroatia har opplevd ei positiv politisk utvikling sidan den nye regjeringa kom til makta etter valet i 2000. Mellom anna skreiv Kroatia i 2001 under ein stabiliserings- og assosieringsavtale med EU og har starta ein desentraliseringsprosess som oppfyller europeiske krav.

Den politiske utviklinga i Kroatia, i tillegg til ønske om å setje inn ressursane til organisasjonen der dette trengst mest, har ført til at fleire land, mellom dei Noreg, ønskjer å avgrense omfanget av og storleiken på sendelaget og å fokusere arbeidet på dei hovudproblema som står att. Hovudoppgåva til sendelaget i dag er å stø arbeidet med å leggje til rette for tilbakevending og reintegrering av flyktningar og internt fordrivne personar i det kroatiske samfunnet, med særleg vekt på lovgjeving og eigedomstilhøve. Trass i at sentrale styresmakter har arbeidd med å leggje til rette for retur av flyktningar, står det framleis att mykje arbeid lokalt for å fjerne hindringar for retur av etniske serbarar. Sendelaget overvakar òg rettssaker mot personar som er tiltala for krigsbrotsverk.

I samband med at Aust-Slavonia vart tilbakeført til Kroatia frå FN i januar 1998, vedtok OSSE å setje gang ei gradvis oppbygging av sendelaget til 280 medlemmer. FN vidareførde arbeidet i ei støttegruppe på 180 internasjonale politifolk for å hjelpe til med å styrkje stabiliteten i området og minske faren for overgrep mot dei attverande serbiske innbyggjarane. Då FN-politiet trekte seg ut, overtok OSSE oppgåva med å overvake det lokale politiet. Dette var OSSE sitt første store politioppdrag, og organisasjonen gjekk med dette inn på eit nytt arbeidsfelt. Denne oppgåva vart avslutta i oktober 2001, men sendelaget har framleis ei mindre gruppe politirådgjevarar i sendelaget.

2.3.5 Den føderale republikken Jugoslavia

Som følgje av krisa på Balkan vart Den føderale republikken Jugoslavia (Serbia og Montenegro) i 1992 suspendert frå deltaking i OSSE. Dette er den einaste gongen at OSSE har nytta seg av høvet til å suspendere eit medlemsland.

Etter at demokratiske krefter tok over makta i Jugoslavia hausten 2000, vart landet teke opp som medlem av OSSE den 10. november 2000. Dei nye styresmaktene hadde arva store økonomiske og sosiale problem frå Milošević-regimet. Det var væpna kamphandlingar i Sør-Serbia, og styresmaktene i Montenegro ønskte å rive republikken laus frå føderasjonen. Dei nye styresmaktene i Beograd uttrykte ønske om eit OSSE-nærvere som kunne stø styresmaktene i den vanskelege omformingsprosessen som låg framfor dei. Organisasjonen sende eit rapportørsendelag til landet i desember 2000, og det vart deretter raskt utarbeidd planar og mandat for eit sendelag i tett samarbeid med jugoslaviske styresmakter.

Det nye sendelaget vart oppretta med eit rådsvedtak 11. januar 2001. Av mandatet går det fram at sendelaget skal medverke med hjelp og sakkunne på ei rekkje felt knytt til demokratisering, menneskerettar og rettsstatsprinsipp, i tillegg til overvaking av gjennomføring av lovgjeving og av korleis institusjonar fungerer på område innanfor mandatet til sendelaget. I mandatet inngår

situasjonen for nasjonale minoritetar og samarbeid med UNHCR for mellom anna å fremje retur av flyktningar og internt fordrivne.

Viktige arbeidsområde for sendelaget det første året har vore å yte hjelp når det gjeld reformer og opplæring i politisektoren og i rettsstellet. Sendelaget fekk raskt ei viktig rolle i Sør-Serbia, som ledd i arbeidet med å stabilisere området og leggje grunnlaget for ein varig stabilitet i dette albanskdominerte området av Serbia. Etter at den væpna konflikten stansa, kom arbeidet med å utvikle eit fleiretnisk politi i Sør-Serbia, som er leia av ein nordmann, svært raskt i gang og har vore eit viktig tilskot frå OSSE si side for å dempe spenninga i området. I tillegg til oppgåvene innanfor politisektoren arbeider sendelaget òg aktivt med tillitsskapande tiltak på andre område i Sør-Serbia.

Sendelaget hjelper òg styresmaktene i arbeidet med ein grunnleggjande reform av politisektoren i Jugoslavia. Sendelaget har i samarbeid med styresmaktene utarbeidd ein omfattande og konkret plan for dette reformarbeidet. Styresmaktene vil at planen skal liggje til grunn for det konkrete reformarbeidet, og sendelaget samarbeider tett saman med styresmaktene og gjevarland med sikte på få den internasjonale og nasjonale innsatsen til å gå føre seg på ein mest mogleg samordna måte og i samsvar med styresmaktene sine prioriteringar.

Det er slått fast i mandatet til sendelaget at verksemda skal planleggjast og utførast i nært samråd og partnerskap med styresmaktene og andre aktørar i landet. Sendelaget har lukkast med denne tilnærminga. OSSE-aktivitetane i landet er i stor grad ei følgje av eit fruktbart, og ønskjeleg, samarbeid mellom OSSE og vertslandet.

Sendelaget kan ha opptil 30 internasjonalt personell. I praksis omfattar dette i hovudsak personell som arbeider med oppgåver innanfor mandatet ved hovudkvarteret, fordi det i tillegg kan rekrutterast opptil 32 internasjonale politifolk til å arbeide med etableringa av ei fleiretnisk politistyrke i Sør-Serbia. Der dette har vore mogleg, har sendelaget lagt vekt på å rekruttere kvalifisert lokalt personell til profesjonelle stillingar. Noreg har vore av dei landa som har gått aktivt inn for at alle sendelaga i størst mogleg grad både skal gjere bruk av og byggje opp lokal kompetanse.

2.3.6 Montenegro

OSSE var fram til årsskiftet 2001 representert i Montenegro (Den føderale republikken Jugoslavia) ved ODIHR (Kontoret for demokratiske institusjonar og menneskerettar) sitt kontor i Podgorica. Etter invitasjon frå styresmaktene i Montenegro vart kontoret opna i juli 1999. Kontoret hadde tidlegare fungert som eit kontor for å følgje opp dei tilrådingane som ODIHR kom med til styresmaktene etter å ha observert parlamentsvalet i mai 1998. 1. januar 2002 vart kontoret lagt under OSSE-sendelaget til Jugoslavia, som har hovudkontor i Beograd.

Dei siste åra har Montenegro steg for steg trekt seg unna føderal styring og innverknad. Styresmaktene i Montenegro godkjende ikkje dei føderale vala i oktober 2000, etter at Milosevic-regimet hadde endra konstitusjonen og vallova. Regjeringspartia i Montenegro er difor ikkje representerte på føderalt nivå. EU engasjerte seg i 2001 sterkare for å finne ei løysing ved å føre partane

saman for å diskutere framtida for Jugoslavia. Tilhøvet mellom Serbia og Montenegro var framleis uavklart ved årsskiftet.

Som ei følgje av den politiske situasjonen i 2001 var politisk rapportering hovudfokus for ODIHR-kontoret. Kontoret hadde god kontakt med både regjerings- og opposisjonsparti. Sentralt for arbeidet til kontoret var støtte til den demokratiske reformprosessen, og i 2001 gav kontoret hjelp til juridisk reformer i Montenegro. Vidare låg fokus på menneskerettar, mellom anna på arbeid mot menneskesmugling, rettar for kvinner, og støtte til utvikling av lokale ikkje-statlege organisasjonar. Det har òg vore fokus på å støtte program for auka deltaking av kvinner i det offentlege livet, til dømes «Women Can Do It!» og «Women in Politics».

ODIHR har vore ansvarleg for å overvake val i Montenegro. I 2001 vart det ikkje halde ordinære val i Montenegro, men kontoret spela ei sentral rolle i samanheng med arbeidet med eit framlegg til ny folkerøystingslov i Montenegro. ODIHR gav innspel undervegs i prosessen med utarbeidinga av lova og gav òg ei totalvurdering etter at eit ferdig utkast vart lagt fram. ODIHR vurderte utkastet til å vere eit tilbakesteg. Lova fekk ikkje naudsynt fleirtal i parlamentet.

I 2001 var det 5 internasjonalt tilsette ved ODIHR-kontoret. Noreg støtta kontoret gjennom sekondering til stillinga som politisk rådgjevar frå juli 1999 fram til november 2001.

2.3.7 Makedonia

Situasjonen i Makedonia vart dramatisk verre i 2001 som følgje av aktivitetane til albansketniske væpna grupper som opererte i grenseområda mot Kosovo/FRJ og i albanskdominerte område vest i landet. Etter kvart som krisa utvikla seg, auka OSSE engasjementet sitt i landet. Sendelaget, som vart oppretta i 1992, hadde åtte internasjonale medarbeidarar i byrjinga av 2001, men talet vart auka i fleire omgangar utover våren og sommaren for å gjere det mogleg å overvake situasjonen i dei spente områda. I juli 2001 kom det til våpenkvile mellom partane.

OSSE har i heile perioden hatt eit tett samarbeid med andre internasjonale organisasjonar. Særleg har dette vore i samband med tiltak for å overvake våpenkvila og NATO sin operasjon Task Force Harvest, der dei albanske væpna gruppene leverte inn våpen til NATO. Ved avslutninga av Task Force Harvest gjekk fokus for sendelaget sin feltaktivitet over på tillitsskapande tiltak med sikte på å leggje til rette for retur av flyktningar og internt fordrivne personar. NATOs etterfølgjarstyrke, Amber Fox, har tryggleiken til OSSE- og EU-observatørane som oppgåve.

I august 2001 kom dei viktigaste politiske partia fram til ein avtale i Ohrid, som vart godkjend av parlamentet i september. Forhandlingsprosessen vart følgd aktivt av høgtstående representantar frå EU, OSSE og USA. Rammeavtalen legg grunnlaget for ei politisk løysing på krisa gjennom konstitusjonelle og andre kompromiss på lovgjevingsområdet, i tillegg til auka minoritetsrepresentasjon i offentleg forvaltning. Avtalen slår fast at deltakinga av minoritetane i politiet skal auke vesentleg. Det faste rådet vedtok seint i september å forsterke sendelaget for å gjennomføre oppgåvene som OSSE hadde

fått. Sendelaget hadde med dette vakse frå 8 til over 200 i løpet av året og er no eit av dei største sendelaga i OSSE.

For å utføre dei nye oppgåvene sine har OSSE-sendelaget hausten 2001 hatt observatørar og politirådgevarar utplasserte i viktige, sensitive område for å overvake situasjonen og hjelpe til med rådgjeving til og opplæring av politiet i landet. Ein viktig del av aktiviteten har vore planlegging i samanheng med at OSSE frå januar 2002 tok over ansvaret, som var vedteke i rammeavtalen, for å utdanne eit større tal nye politirekruttar frå minoritetane. OSSE og andre organisasjonar samarbeider òg tett med styresmaktene for å medverke til at nyutplasseringa av makedonske tryggingstyrkar i dei områda som konflikten gjekk hardast utover, skjer på ein måte og i eit tempo som ikkje aukar spenninga i områda.

Sendelaget utfører viktig arbeid for å medverke til større stabilitet i landet og styrkje tilliten mellom det makedonskspråklege fleirtalet og det albanskspråklege mindretalet, som utgjer om lag 30 prosent av innbyggjarane. OSSEs høgkommissær for nasjonale minoritetar har i fleire år spela ei sentral rolle gjennom arbeidet sitt med å betre rettane til personar som høyrer til nasjonale minoritetar. Høgkommissæren har i fleire år gjort ein viktig innsats for å få etablert høgare utdanning på albansk. I 2001 lukkast det å få skipa eit albanskspråkleg universitet i Tetovo.

2.3.8 Tsjetsjenia

Etter to og eit halvt års opphald i Moskva kunne OSSE si støttegruppe i juni 2001 vende attende til Tsjetsjenia. Under det rumenske formannskapet i juni fekk ein til ein avtale om retur med det russiske justisministeriet, som skulle ha ansvaret for tryggleiken til støttegruppa. OSSE gjekk unntaksvis med på å finansiere det tryggingsutstyret som trøngst.

Etter at støttegruppa var etablert i Snamenskoje, arbeidde gruppa med å opprette kontakt med både sentrale og lokale styresmakter, til dømes med den russiske presidenten sin spesialrepresentant for menneskerettar i Tsjetsjenia. I tillegg vart det innleidd eit samarbeid med internasjonale organisasjonar og ikkje-statlege organisasjonar som var aktive i republikken, både innan humanitær hjelp og menneskerettar. Kontoret til støttegruppa har vore jamleg vitja av lokale innbyggjarar. Det vart registrert over 200 bortføringssaker og rundt 25 drapssaker. Dei fleste sakene dreidde seg om overtramp frå russiske styresmakter si side, ofte i samanheng med såkalla «opprydningsaksjonar», der styresmaktene sperra av landsbyar og i særleg grad gjekk brutalt fram mot dei sivile i jakta på tsjetsjenske terroristar.

Sjølv om russiske styresmakter hadde erklært operasjonen mot terrorisme for avslutta, var det fram mot årsskiftet framleis russisk krigføring for å finne opprørar. Det vart framleis rapportert om uro og «opprydningsaksjonar».

Det faste rådet vedtok i desember 2001 å avgrense mandatet til støttegruppa til 31. desember 2002. Russland ønskte på denne måten å gjere mandatet til støttegruppa meir likt mandata til andre sendelag og få høve til ei periodisk vurdering av gjennomføringa av mandatet. I tråd med kva Russland sa i Det faste rådet i mars 1997, tok Russland opp att i ei fortolkande erklæring til mandatendringa at dei vurderte den politiske delen av mandatet til gruppa

som uttømd. I tillegg viste Russland til at støttegruppa burde konsentrere seg om det humanitære hjelpearbeidet.

2.3.9 Georgia

Arbeidet for ei fredeleg løysing på konfliktane i Sør-Ossetia og Abkhasia samt overvaking av den tsjetsjenske delen av den georgisk-russiske grensa utgjer hovudoppgåvene for sendelaget. I tillegg inneheld mandatet fremjing av respekt for menneskerettar og utvikling av demokratiske institusjonar.

I konflikten mellom Georgia og Sør-Ossetia var det positive teikn i 2001. Tryggleiken var stabil, det byrja å vekse fram ferdsel og handel på tvers av etniske skiljelinjer, og det var eit grasrotengasjement for samarbeid i etnisk blanda tettstader. Den ellefte plenumssesjonen i Den felles kontrollkommissjonen (JCC) vart halden i april, etter eit opphald på nesten to år. EU tok del for første gong. Ein såg òg framgang i spørsmålet om Sør-Ossetia sin status innanfor Georgia. Framgangen har vore størst innanfor politisamarbeidet. Det nye samordningssenteret for det felles georgisk-ossetiske politiorganet har styrkt samarbeidet. Senteret vart oppretta med midlar frå EU og Noreg, som ein reaksjon frå det internasjonale samfunnet på den positive utviklinga i konfliktområdet.

Det er ikkje framgang i fredsprosessen i Abkhasia. Separatistregimet i Sukhumi har fleire gonger avlyst deltakinga i samordningsrådet i saka om statusen til regionen innanfor Georgia sine grenser. Uroa som tok til i august, og nedskytinga av eit FN-helikopter i oktober har komplisert situasjonen ytterlegare. I november 2000 vart det omsider mogleg å sende den lenge planlagde felles granskingskommissjonen frå FN og OSSE til Gali-distriktet for å vurdere om det var mogleg å opprette eit felles menneskerettskontor i Gali-distriktet i Abkhasia. Kommisjonen kom med ei positiv tilråding og presenterte i august 2001 eit framlegg for dei abkhasiske styresmaktene om vilkåra for oppretting av eit kontor. Ei rekkje OSSE-prosjekt i Abkhasia vert samordna av sendelaget sin menneskerettssamordnar i det eksisterande felles menneskerettskontoret i Sukhumi.

Grenseovervakinga heldt i 2001 fram på den tsjetsjenske delen av den georgisk-russiske grensa og vart utvida til å omfatte den ingusjetiske delen av grensa òg. Grenseovervakinga vert rekna som eit viktig tillitsskapande og stabiliserande tiltak mellom Georgia og Russland. Av 62 internasjonale medlemmer i sendelaget er det 42 grenseobservatørar om vinteren og 54 i sommarsesongen.

Stenginga av ein russisk base og tilbaketrekkinga av utstyr frå ein annan var viktige framsteg i oppfyllinga av vedtaka frå Istanbul-toppmøtet i 1999.

2.3.10 Armenia og Aserbajdsjan

Ettersom OSSE sidan år 2000 er representert i alle dei tre hovudstadene i Sør-Kaukasus, er grunnlaget lagt for OSSE til å medverke til utbygging av det regionale samarbeidet. Jerevan-kontoret har lukkast svært godt i samarbeidet med andre internasjonale institusjonar og med styresmaktene i Armenia på mange område. Samarbeidet med styresmaktene om ein strategi mot korrupsjon står sentralt. Jerevan-kontoret utfører òg oppgåver for Europarådet, som Armenia vart full medlem av i 2001, men som ikkje har eigen representasjon i

Jerevan. Samarbeidet mellom Baku-kontoret og statlege, parlamentariske og frivillige organisasjonar vert stadig utvida, og det gjeld òg det institusjonelle samarbeidet med FN.

Utviklinga av det sivile samfunnet i Aserbajdsjan, som står svært sentralt i mandatet til kontoret, har vist seg å vere ei viktig kjelde til informasjon og samarbeid. Aserbajdsjan vart full medlem av Europarådet i 2001, og kontoret utførde på vegne av Europarådet overvaking av dei skyldnadene landet hadde teke på seg i samband med medlemskapen. Det vart bruka mykje ressursar på arbeidet med folk som går for å vere politiske fangar.

2.3.11 Nagorno-Karabakh

Ein direkte dialog mellom presidentane i Armenia og Aserbajdsjan, som byrja i 1999, skapte etter kvart god von om ei løysing på konflikten om Nagorno-Karabakh. Nagorno-Karabakh er ein enklave i Aserbajdsjan og har hovudsakleg armenske innbyggjarar.

Som følgje av møter mellom dei to presidentane i Paris og Key West våren 2001, vart det oppnådd semje om eit utkast til ein rammeavtale. Neste steg, som var å leggje denne fram for dei respektive parlamenta, møtte stor motstand, særleg i den aseriske opinionen. Planlagde møte mellom presidentane har på grunn av dette vorte utsette for å kunne prioritere arbeidet med å førebu opinionen i dei respektive landa på kva ein må rekne med å måtte gå med på for å kunne kome fram til ei fredsløysing.

Dei to presidentane møtte kvarandre i samband med SUS-toppmøtet i slutten av november 2001. President Putin gav då uttrykk for optimisme med omsyn til å få til ei løysing.

OSSE har særleg gjennom medformannskapet i Minsk-gruppa oppmoda og tilskunda partane til forhandlingar. Medformennene har helsa den direkte kontakten mellom presidentane velkomen og hatt ei rekkje separate møter med dei. Aserbajdsjan har kritisert medformannskapet for mangel på initiativ i arbeidet med konflikten.

Det vart i fråsegna frå ministermøtet i Bucuresti i desember uttrykt stor misnøye med mangelen på framgang i fredsprosessen, og partane vart oppmoda til å arbeide vidare for å kome fram til ei varig løysing.

2.3.12 Sentral-Asia

OSSEs engasjement i Sentral-Asia var i støypeskeia i 2001 òg. Då Romania overtok i 2001, vart ambassadør Wilhelm Höynck, som tidlegare var dåverande utanriksminister Vollebæks personlege representant, oppnemnd på ny til personleg representant for Sentral-Asia. Rapporten frå Höynck til Det faste rådet i juni 2001 konkluderte med at den menneskelege dimensjonen måtte halde fram med å vere den sentrale i organisasjonen sitt arbeid i regionen. Samstundes burde både den militær-politiske dimensjonen og den økonomisk-økologiske dimensjonen verte meir synlege, i tråd med landa sine egne ønskemål.

I kjølvatnet av terroråtaka i USA 11. september 2001 vart det internasjonale fokuset på Sentral-Asia vesentleg styrkt. Sidan tre av landa hadde felles grense med Afghanistan vart det bruk for luftrom, flyplassar og nett for militær- og humanitær transport i samanheng med det internasjonale samfunnet

sin antiterroroperasjon i Afghanistan. I tillegg ønskte mange land eit tettare samarbeid med desse landa om å førebyggje terrorisme og om preventive tiltak som kampen mot narkotika- og våpentrafikk.

Alt før sommaren 2001 tok den kirgisiske presidenten initiativ til å arrangere ein konferanse i Bisjkek om terrorisme og valdeleg ekstremisme. Med denne tematikken fekk konferansen, som vart arrangert 13. - 14. desember, ei breiare deltaking og meir forpliktande konklusjonar enn han ville fått før 11. september. Over 300 delegatar frå 60 land deltok. Konferansen var ei oppfølging av konferansen i Tasjkent året før, som fokuserte på narkotikahandel. Begge konferansane var samarbeidsprosjekt mellom OSSE og FN-kontoret for narkotikakontroll og kriminalitetsføbygging (UNODCCP). I erklæringa og handlingsprogrammet frå Bisjkek-konferansen sa deltakarane seg klare til å gje landa i regionen både materiell og økonomisk hjelp til førebyggjande tiltak mot terrorisme.

Menneskerettssituasjonen var heller ikkje tilfredsstillande i 2001. På Bisjkek-konferansen la mange innleiarar vekt på respekt for menneskerettar i kampen mot og førebygginga av terrorisme.

Rundt forhandlingsbordet i Wien har dei sentralasiatiske landa dei siste åra vorte meir synlege, meir taleføre og meir slagkraftige. Også ministermøtet i Bucuresti bar tydeleg preg av sterkare engasjement frå desse landa. Det er mange årsaker til denne utviklinga.

Etter det norske formannskapet hadde OSSE vist sterkare engasjement i regionen og bede landa sjølve om å peike på område der dei ønskte samarbeid med OSSE. Slutten av 1990-åra var for alle landa i regionen prega av både presidentval og parlamentsval. Samarbeidet med OSSE vart difor for desse landa avgrensa til ODIHR og dermed negative rapportar om valavvikling. Då landa byrja å formulere eigne ønskemål om samarbeid, vart det difor mindre vekt på den menneskelege dimensjonen og meir vekt på den økonomiske og økologiske dimensjonen.

Dei siste åra har det vore eit generasjonsskifte i dei sentralasiatiske delegasjonane i Wien. No er det velutdanna og språkmektige diplomatar som set viktige spørsmål for desse landa på dagsordenen. Delegasjonane i Wien står òg i større grad meir samla enn før, trass i at motsetnadene i regionen framleis er markerte.

Mot slutten av 2001 hadde dei førande landa i OSSE vorte mykje meir lydhøyre og budde på å yte hjelp til landa i regionen. Dette skjedde samstundes som dei sentralasiatiske landa gjorde seg meir gjeldande enn tidlegare i OSSE ved å gje klarare uttrykk for kva dei ønskte og ville oppnå.

2.3.13 Baltikum

Estland og Latvia har begge store russisktalande folkegrupper. OSSE har i ei årrekke hatt sendelag utplasserte i desse landa. Organisasjonen har spela ei sentral rolle i samanheng med integreringa av det russisktalande mindretalet. Også Høgkommissæren for nasjonale minoritetar (HCNM) har vore aktivt engasjert i begge landa.

Det var alt i 2000 klart at Estland og Latvia meinte at sendelaga i stor grad hadde oppfylt mandata sine, og at landa difor ønskte snarleg avvikling. Det austerriske OSSE-formannskapet kom den gongen vertslanda i møte ved å

utarbeide retningslinjer for dei oppgåvene som stod att for dei to sendelaga. Sendelaga fekk i oppdrag å konsentrere seg om uteståande oppgåver i høve til sine opphavlege mandat. Det var ein føresetnad at så snart ein kunne rapportere at styresmaktene i dei to landa hadde gjennomført naudsynte politiske og administrative endringar, ville verksemda til sendelaga opphøyre.

Vesentlege framsteg i høve til desse retningslinjene var avgjerande for sendelagsleiarane sine tilrådingar i desember, men avviklinga av sendelaga var kontroversiell. Russland såg ikkje på retningslinjene som bindande, sidan desse ikkje var ei følgje av konsensus mellom medlemslanda i OSSE. I tillegg viste Russland til at det særleg for Latvia var tvil om retningslinjene verkeleg var oppfylde i tråd med formuleringane til det austerriske formannskapet.

Mandata til sendelaga vart ikkje fornya og gjekk difor ut ved utgangen av 2001. Avviklinga av sendelaga skjedde på grunnlag av tilrådingane frå sendelagsleiarane i desember, der dei vurderte mandata som oppfylde. Saka vart eit stort stridsspørsmål innanfor organisasjonen. Konklusjonane fekk til slutt tilslutnad frå eit stort fleirtal av medlemslanda i OSSE, men med viktige unntak. Særleg gjekk Russland sterkt mot å leggje ned sendelaga i Baltikum. Fleire andre viktige medlemsland hadde òg store motførestillingar mot å godta avviklingane. Då avviklinga var eit faktum, var det brei semje om at Høgkommissæren for nasjonale minoritetar (HCNM) og Kontoret for demokratiske institusjonar og menneskerettar (ODIHR) skulle spele ei særleg rolle i OSSE si vidare oppfølging av utviklinga i Baltikum. Nedlegginga av sendelaga har ført til skjerpa motsetnader innanfor organisasjonen.

2.3.14 Estland

Sendelaget til Estland vart oppretta i 1992. Etter mandatet skulle sendelaget arbeide særleg med spørsmål i samband med statsborgarskap, migrasjon og språk. Det skulle opprettast kontakt med sentrale og lokale styresmakter og relevante institusjonar og organisasjonar. Gjennom denne kontakten skulle sendelaget medverke til dialog og auka forståing mellom folkegruppene i Estland.

Det austerriske formannskapet sine retningslinjer frå 2000 skisserte fem ulike område med uteståande og uløyste problem som sendelaget skulle arbeide særleg med. Desse var:

1. Språklova: Sendelaget skulle særleg følgje iverksetjinga av språklova som vart vedteke i 1999. Frå nokre hald vart det påpeika at ho i for stor grad greip inn i privatsfæren og sette for strenge krav til kjennskap til estisk språk. Krava vart reduserte i eit påbod som vart sett i kraft 1. oktober 2001.
2. Vallovene: Desse vart endra i 1998 og sette krav til kunnskapar i estisk for å kunne stille til val, noko som ikkje var i samsvar med internasjonale standardar. Språkkravet vart fjerna frå vallova etter vedtak i nasjonalforsamlinga 21. november 2001.
3. Ombodsmannsordninga: Det trongst å vidareutvikle ombodsmannsordninga. Det trongst òg eit underkontor i den nordaustlege delen av Estland, der det er ein stor konsentrasjon av russisktalande personar. Regionalkontoret vart oppretta i første halvdel av 2001.
4. Iverksetjing av det statlege integrasjonsprogrammet: Regjeringa vedtok i 2000 eit eige integrasjonsprogram der målet var å sørgje for at dei nasjonale minoritetane vert integrerte i det estiske samfunnet. Sendelaget kon-

kluderte i juni 2001 med at det ikkje var nokon grunn til å tvile på at den planlagde programperioden fram til 2007 ville verte fullt ut gjennomført.

5. Opphaldsløyve og naturalisering: Framleis er det mange ikkje-estandar som berre har opphaldsløyve for ein kortare periode, eller som ikkje har noko opphaldsløyve i Estland i det heile. Sendelaget skulle difor hjelpe til med å skape fortgang i desse spørsmåla òg. Tala for overgang til faste opphaldsløyve og naturalisering viste jamn framgang frå 2000 til 2001.

På bakgrunn av dette vurderte sendelaget retningslinene frå 2000 som tilfredsstillande oppfylde, eller som i ferd med å verte oppfylde på tilfredsstillande måte, i tråd med formuleringane til det austerrikske formannskapet.

2.3.15 Latvia

Sendelaget til Latvia vart oppretta i 1993. Etter mandatet skulle sendelaget arbeide særleg med spørsmål knytt til statsborgarskap for den russiske minoriteten og andre tilhøve som galdt denne folkegruppa. Vidare hadde sendelaget ein rådgjevande funksjon overfor latviske styresmakter og andre relevante partar.

Det austerrikske formannskapet sine retningslinjer frå 2000 skisserte fire ulike område med uteståande problem som sendelaget til Latvia skulle arbeide særleg med. Desse var:

1. Statsborgarskap: Sendelaget skulle særleg hjelpe styresmaktene med å leggje til rette for at fleire søkte om latvisk statsborgarskap, mellom anna ved å forenkle søknadsprosedyrane og dei språkprøvene som søkjarane måtte gjennom. Sendelaget kunne melde om god framgang på dette feltet i 2001.
2. Språk og utdanning: Retningslinene på dette området hadde mellom anna som føresetnad at språkkravet i vallova vart fjerna. I motsetnad til Estland hadde Latvia ved utgangen av 2001 enno ikkje sett i verk dei naudsynte tiltaka for å endre vallova. Den latviske presidenten oppnemnde i desember same året ei ekspertgruppe til å førebu ein proposisjon for å endre vallova. Sendelagsleiaren slo på denne bakgrunnen fast at eit truverdige «vegkart» for å fjerne språkkravet dermed var presentert.
3. Integrasjonsprogrammet: Sendelaget fekk i oppdrag å halde kontakt med styresmaktene for mellom anna å tryggje ei tilstrekkeleg finansiering av programmet. Det sosiale integrasjonsprogrammet vart vedteke av den latviske regjeringa i februar 2001, medan institusjonane som skal gjennomføre programmet vart operasjonalisert i løpet av året. Regjeringa sette av prosjektmidlar til programmet, og dei første utbetalingane er no gjorde.
4. Ombodsmannsordninga: Retningslinene instruerte her sendelaget til å hjelpe til i arbeidet med å utvikle ein ombodsmannsinstitusjon. Ei ekspertgruppe føreslo i mai 2001 ein plan i to fasar: først å styrkje det eksisterande nasjonale kontoret for menneskerettar og deretter å utvikle eit meir omfattande system for å trygge menneskerettane gjennom rettslege og institusjonelle endringar. Latviske styresmakter følgde opp ekspertgruppa sine kortsiktige tilrådingar i andre halvdel av 2001. Når det galdt endringar på lengre sikt, meinte sendelaget at ODIHR kunne medverke med støtte til institusjonsbygging.

På bakgrunn av dette vurderte Latvia-sendelaget òg retningslinene frå 2000 som tilfredsstillande oppfylde, eller som i ferd med å verte oppfylde på

tilfredsstillande måte, i tråd med formuleringane til det austerriske formannskapet. Somme sette spørjeteikn ved denne konklusjonen fordi språkkravet i vallova ikkje var fjerna enno.

2.3.16 Moldova

Sendelaget spela ei viktig rolle i den nye satsinga på forhandlingar om ei politisk løysing mellom Moldova og utbrytarregionen Transdnjestr. På grunn av det historiske tilhøvet mellom Romania og Moldova vart troikamedlemmen Portugal gjeve ansvaret for OSSE sitt engasjement. Portugal har hatt representasjon på seniornivå i sendelaget, som har teke aktivt del i forhandlingane saman med medmeklarane Russland og Ukraina. Forhandlingane for ei politisk løysing fekk først ny kraft etter den overveldande sigeren til det moldoviske kommunistpartiet i februar. OSSE observerte valet, som vart gjennomført etter internasjonale standardar. Den nyvalde presidenten Voronin har gjort løysing av Transdnjestr-spørsmålet til ei hovudsak for administrasjonen. Det inneber planar om jamlege møte mellom presidenten og leiaren i utbrytarrepublikken. Trass fleire møter mellom leiarane lukkast det ikkje å få til noko særleg framgang i forhandlingane i 2001.

Under OSSE-toppmøtet i Istanbul i 1999 vart det inngått ein avtale om øydelegging og tilbaketrekking av russisk militært utstyr og uttrekking av personell innan utgangen av 2002. Det har vore ein viss framgang i dette spørsmålet. Russland oppfylte i 2001, med god margin, sine plikter i høve til Istanbul-fristen om uttrekking av utstyr som er regulert av CFE-avtalen. Det er samstundes naudsynt med større framgang i tilbaketrekkinga, for å møte krava frå Istanbul-toppmøtet for utstyr og ammunisjon som ikkje er omfatta av CFE-avtalen. Under det norske formannskapet oppretta OSSE eit frivillig fond til å dekkje utgifter i samband med slik øydelegging og tilbaketrekking. Noreg ga i 2001 4,8 millionar NOK til fondet. På fleire andre område har OSSE vore pådrivar for å betre kontakten og fremje forsoninga mellom styresmakter, frivillige organisasjonar og borgarar på begge sider av Dnestr. I september vart ei bru over elva opna att. Dette var eit prosjekt som var igangsett av OSSE og finansiert av EU.

2.3.17 Kviterussland

2001 kunne ha markert eit vegskilje i den konstitusjonelle krisa som Kviterussland hadde vore i sidan 1996 dersom presidentvalet i september 2001 hadde vorte avvikla i tråd med formannskapet sine retningsliner frå ministermøtet i Wien. Ved byrjinga av året gjorde sendelaget framlegg om å oppnemne ei arbeidsgruppe til å sjå nærare på vallova. Styresmaktene svarte ikkje på framlegget. I staden kom det eit presidentpåbod som gjorde det vanskeleg for internasjonale ikkje-statlege organisasjonar å skaffe økonomisk hjelp til demokratiseringsprosjekt i Kviterussland. På same måte måtte sendelaget stoppe den økonomiske hjelpa til nettverket av lokale valobservatørar, som tidlegare hadde vorte godkjent av styresmaktene i samanheng med parlamentsvalet. Styresmaktene sin invitasjon til ODIHR om å observere valet vart sendt etter at registreringa av kandidatar hadde starta. ODIHR gjennomførde difor ein avgrensa observasjon av valet. Den sentrale valkommisjonen konkluderte med at president Lukasjenko hadde vorte attvald med over 75 prosent av røystene. Parlamentarikartroikaen og ODIHR konkluderte etter sin

avgrensa observasjon med at valet ikkje hadde oppfylt OSSE-skyldnadene til demokratiske val. Det vart òg vist til dei mange brota på vallova og juks med det offisielle resultatet.

Like viktig som konklusjonen om at det ikkje var eit fritt og rettferdig val, var parlamentarikartroikaen og ODIHR si vurdering av andre sider av valet. Ein helsa velkomen framveksten av ein breitt grunna demokratisk opposisjon innanfor det sivile samfunnet og slo fast at isolasjon av landet ikkje ville tene ei demokratisk utvikling.

Styresmaktene og OSSE erklærte etter valet seg klare til å fornye samarbeidet og redusere spenningsnivået. Ambassadør Hans-Georg Wieck gjekk av som sendelagsleiar ved årsskiftet. Han hadde hatt stillinga sidan januar 1998, då gruppa byrja arbeidet sitt i Minsk. Det siste halvåret vart Wieck fleire gonger utsett for personåtak og skuldingar frå kviterussiske styresmakter. Skuldingane galdt i hovudsak påstandar om at Wieck ikkje var nøytral, og at han spela ei politisk rolle ved å freiste å byggje opp maktbasen til opposisjonskandidatar fram mot presidentvalet. Det internasjonale samfunnet stilte seg bak Wieck sitt arbeid i Kviterussland. Styresmaktene i Kviterussland hadde ved årsskiftet ikkje godkjent oppnemning av ein ny sendelagsleiar og knytte spørsmålet til ønskemål om å få vedteke ein revisjon av mandatet til sendelaget.

2.3.18 Ukraina

OSSE sitt samarbeid med Ukraina har sidan juli 1999 vore handtert gjennom OSSE sin prosjektsamordnar i Kiev. Prosjektsamordnaren sitt mandat er å planleggje og setje i verk prosjekt i samarbeid med relevante ukrainske styresmakter. Finansieringa av prosjekta skjer hovudsakleg gjennom frivillige tilskot. Hovudaktiviteten til kontoret i 2001 var eit prosjekt som går over fleire år, der ein går gjennom landet si menneskerettslovgjeving. I tillegg kom prosjekt knytt til støtte til domstolane og ombodsmannsinstitusjonen.

2.4 OSSE og Stabilitetspakta for Sørøst-Europa

1. juli 1999 vart Stabilitetspakta for Sørøst-Europa lagt inn under OSSE. OSSE deltek i ei rekkje aktivitetar i dei tre arbeidsgruppene som er fastsett i pakta. Hovudvekt av OSSE-aktivitetane fell inn under arbeidsgruppe 1 i pakta, for demokrati og menneskerettar, og arbeidsgruppe 3, for tryggingsspørsmål. Tryggingssgruppa fekk i juni 2000 norsk leiing då tidlegare ekspedisjonssjef Kim Traavik frå UD vart vald til formann. Traavik gjekk av som leiar i november 2001 i samband med at han vart utnemnd til statssekretær i utanriksdepartementet.

OSSE er ved tryggingssgruppa sterkt involvert i ei arbeidsgruppe for spørsmål om menneskehandel og i arbeidet med regional tryggleik og stabilitet. Føresegnene i Dayton-avtalen om regional tryggleik og stabilitet vert gjennom særleg oppnemnde representantar handsama av OSSE-formannskapet. Desse representantane samarbeider tett med tryggingssgruppa for å etablere komplementaritet og for å unngå overlapping. Mellom anna vart forhandlingane om ein avtale om regional våpenkontroll (artikkel V i Dayton-avtalen) vedtekne i OSSE i juli 2001. Det er frå Stabilitetspakta si side teke initiativ til at pakta kan medverke til gjennomføring av denne avtalen.

OSSE spelar ei sentral rolle i arbeidet mot menneskehandel i regionen, som er eit arbeid som ligg under arbeidsgruppe 3. OSSE har leiinga i pakta si arbeidsgruppe om menneskehandel. Under arbeidsgruppe 1 hjelper OSSE arbeidsgruppa for likestillingsspørsmål i regionen.

OSSEs regionale strategi for Sørøst-Europa vart vedteken i mars 2000. Føremålet med denne er å utvikle ein samla og grenseoverskridande politikk i regionen langs fleire dimensjonar. Dette fell saman med føremålet for Stabilitetspakta. Det rumenske formannskapet oppnemnde i 2001 grekaren Alexander Rondos som personleg representant for OSSE-formannskapet sitt tilhøve til Stabilitetspakta. Rondos vart etter kort tid oppnemnd til formann for arbeidsgruppe 1 i pakta. Dette har styrkt banda mellom OSSE og Stabilitetspakta.

OSSE-sendelaga har vore aktive når det gjeld å medverke til samarbeidet mellom OSSE og Stabilitetspakta. Særleg gjeld dette for tema som flyktningretur, kamp mot menneskehandel og organisert kriminalitet. I tillegg gjev sendelaga logistisk og administrativ støtte til arbeidsgruppene i pakta.

Informasjonsutvekslinga mellom pakta og OSSE har vore god. Spesialsamordnar for pakta, Bodo Hombach, har rapportert fast til Det faste rådet, sist i oktober 2001. Austerrikkaren Erhard Busek er vald til ny spesialsamordnar etter Hombach, som gjekk av ved årsskiftet.

At OSSE i dag har sendelag i alle land i det tidlegare Jugoslavia (med unntak av Slovenia), i Kaukasus og i Sentral-Asia gjer det òg mogleg å utvikle eit regionalt samarbeid mellom sendelaga og dermed stimulere landa i desse områda til å møte utfordringar i fellesskap. I det tidlegare Jugoslavia har det vist seg pakta har ført til eit sterkare regionalt samarbeid. Pakta har såleis medverka til auka tillit mellom landa og til auka stabilitet i regionen.

2.5 Samarbeid med andre institusjonar og aktørar

OSSEs samarbeid med andre relevante internasjonale organisasjonar er grunna på plattformen for tryggingssamarbeid, som vart vedteken på toppmøtet i Istanbul som ein del av Pakta for europeisk tryggleik. Plattformen har medverka til å systematisere og effektivisere på ein slik måte at ein betre kan utnytte kvarandre sine komparative føremoner.

Etter kvart som OSSE-aktivitetane har auka, ikkje minst når det gjeld feltoperasjonane, har òg behovet for tettare samarbeid med andre internasjonale organisasjonar vaks, slik at ein kan samordne aktivitetane og unngå dobbeltarbeid. Samarbeidet er tett med FN og FN sine underorganisasjonar, med NATO, Europarådet og EU, samt med Stabilitetspakta for Sørøst-Europa. Kvart år sidan 1993 har det vorte halde eit høgnivåmøte mellom OSSE, Europarådet og FN-organisasjonane i Genève, for betre å kunne samordne arbeidet mellom organisasjonane. Dei siste åra har òg Europakommisjonen, Den internasjonale organisasjonen for migrasjon (IOM) og Den internasjonale raudekrosskomiteen (ICRC) vore med. Møtet i år fokuserte på fred og stabilitet i Sørøst-Europa, og då særleg i Jugoslavia og i Kaukasus. Som følge av krisa i Makedonia har OSSE sitt samarbeid med EU, NATO og Europarådet vorte styrkt for å kunne samordne gjennomføringa av rammeavtalen frå august 2001.

Etter at toppmøtet i Helsingfors i 1992 erklærte at KSSE er eit regionalt samarbeidsarrangement etter kap. VIII i FN-pakta, har det vore eit særleg tett tilhøve til FN. Dei to organisasjonane har eit formalisert samarbeid i samsvar med ein avtale av 26. mai 1993. Avtalen gjev heimel for jamlege samråd mellom OSSE-formannen og FNs generalsekretær. OSSE samarbeider med ei rekkje FN-organisasjonar i felten, mellom andre UNHCR og UNHCHR. Dette gjeld særleg i Bosnia-Hercegovina, Kroatia, Albania, Makedonia, Tadsjikistan og Georgia. OSSE samarbeider tett med FN i Kosovo innanfor ramma av den FN-leidde og integrerte operasjonen UNMIK.

Innanfor den menneskelege dimensjonen samarbeider OSSE og Europarådet for å kunne utnytte ressursane sine best mogleg i felten. Etter ein avtale som kom i stand i 2001, har Europarådet menneskerettssakkunnige og juridisk sakkunnige ved OSSE-kontora i Baku og Jerevan. Europarådet sekonderer òg sakkunnige til OSSE-sendelaget i Kosovo. HCNM samarbeider tett med sakkunnige frå Europarådet. Formannen og generalsekretæren i OSSE og formannen og generalsekretæren i Europarådets ministerkomité kjem saman til høgnivåmøte ein gong i året. I 2001 deltok òg presidentane for dei to organisasjonane sine parlamentarikarforsamlingar på møtet. Ved utgangen av kvart halvår møter dei to organisasjonane på høgt embetsmannsnivå òg. Byråa for dei to parlamentarikarforsamlingane møter dessutan periodisk for å utveksle synspunkt på saker av felles interesse og for å vurdere samarbeidet mellom dei to forsamlingane.

OSSE og NATO har i dei siste åra samarbeidd tett, ikkje minst i Kosovo og Bosnia-Hercegovina. I 2001 førde gjennomføringa av tillitsskapande tiltak i Sør-Serbia, gjennomføringa av valet i Kosovo og krisa i Makedonia til at samarbeidet mellom OSSE og NATO vart meir aktivt enn i tidlegare år. Dei NATO-leidde militære styrkane stør sivilt arbeid som vert utført av mellom andre OSSE. Sekretariata i dei to organisasjonane har jamlege samråd, der òg medlemmer av OSSE-troikaen deltek på embetsmannsnivå.

Samarbeidet mellom OSSE og EU vart utvida i 2001. EU har lagt meir vekt på krisehandtering, og dette er eit område som vert stadig viktigare for dette samarbeidet. Felles innsats i samanheng med situasjonar i Serbia og Den føderale republikken Jugoslavia er døme på dette samarbeidet. I tillegg spelar OSSE ei positiv rolle, gjennom ODIHR, HCNM og medierepresentanten, når det gjeld å førebu EU-søkjjarland på medlemskap i unionen.

2.6 Budsjettarbeidet

2001 vart prega av lange og tunge forhandlingar om sentrale sider ved drifta av og strukturen til organisasjonen, særleg gjennom budsjettet for 2002, men òg gjennom det finansielle regelverket, dei personalpolitiske retningslinene og nøkkelen for medlemslanda sine tilskot til OSSE.

Det lukkast ikkje det rumenske formannskap å kome i mål på desse områda før utgangen av året. Problemstillingar som har samanheng med OSSEs rettsevne (som er emne for separate forhandlingar) sette ein stoppar for forhandlingane om eit nytt finansielt regelverk og nye personalpolitiske retningslinjer. Hovudproblema låg i i kva grad Generalsekretæren skulle ha

styringsmakt over OSSE-institusjonane og kva status finanskomiteen skulle ha.

I april 2001 vedtok Det faste rådet ein revisjon av fordelingsnøkkelen for sendelag og prosjekt med eit budsjett større enn NOK 104 millionar (EUR 13 mill). USA og somme andre land pliktar etter dette vedtaket å betale ein større del enn tidlegare. Vedtaket skulle gjelde mellombels fram til 31. desember 2004. Då ville det verte vedteke ein ny fordelingsnøkkel grunna på mellom anna kriteria som FN nyttar i utrekningane sine. Samstundes vart det oppnemnt ei arbeidsgruppe som skulle sjå på spørsmål knytt til fordelingsnøkkelen, vedteken i Helsingfors 1992, som gjeld for sendelag og andre aktivitetar med budsjett mindre enn NOK 104 millionar. Arbeidsgruppa hadde fleire møte i 2001, men heldt ikkje fristen for å kome til semje om revisjon av nøkkelen innan utgangen av året.

Problemet med Helsingfors-nøkkelen vart ei stor sak i parallelle møte, som vart haldne under ministermøtet i Bucuresti. 10 SUS-land, som alle meinte dei fortente ein reduksjon i sin del, varsla at dei ikkje kunne gå med på å vedta budsjettet for 2002, med mindre ein først vedtok å revidere Helsingfors-nøkkelen.

Intense forhandlingar leidde før jul til at ei handfull EU-land, og i tillegg Sveits og Noreg, sa seg villige til ei mindre auke av sine delar for å kome i møte dei 10 SUS-landa sine ønskemål om lågare tilskot. Usbekistan kom deretter med ytterlegare krav om reduksjon. Det var på det tidspunktet for seint å få andre land til å auke sin prosentdel slik at ein kunne dekkje inn gapet som vart skapt av dette siste innspelet.

Difor var situasjonen ved årsskiftet at organisasjonen ikkje hadde vedteke eit budsjett for aktivitetane i 2002, i påvente av semje om ein revisjon av Helsingfors-nøkkelen.

Budsjettforhandlingane i 2001 vart i seg sjølve karakteriserte som dei vanskelegaste som organisasjonen nokon gong hadde stått overfor. Tidleg i forhandlingane kravde Russland og fleire andre SUS-land nullvekst i budsjettet frå 2001 til 2002. Etter politisk tungt fordøyelege vedtak i Rådet i andre halvdel av desember, kravde Russland at ein sette eit tak på budsjettet for 2002. Taket var så mykje lågare enn det budsjettframlegget sekretariatet hadde lagt fram at ein måtte kome til kompromiss om eit budsjettvolum som låg noko høgare enn det russiske framlegget. Det vart oppnådd prinsipiell semje om eit budsjett for 2002 på NOK 1,4 milliardar, mot NOK 1,5 milliardar dei to tidlegare åra.

Generalsekretæren fekk i oppgåve å presentere eit nytt budsjettframlegg innan midten av januar med dei naudsynte nedskjeringane for å kome ned i NOK 1,4 milliardar. Ved utgangen av året var det difor eit ope spørsmål om det ville verte semje om sekretariatet sitt framlegg til nedskjeringar. Uvissa var knytt både til vedtaking av budsjettet for 2002 og til revidert fordelingsnøkkel.

2.7 OSSE si rettsevne

Det har ikkje lukkast å kome til semje om å regulere OSSEs rettsevne, privilegium og immunitet. Det rumenske formannskapet leidde i 2001 arbeidet med forhandlingane, etter det austerrikske formannskapet. Sjølv om det er opp-

nådd framsteg i forhandlingane om ei tekst, står det framleis att å avklare sentrale spørsmål mellom medlemslanda. Det har òg gjort seg gjeldande ulike syn på om OSSE treng å ha rettsevne i det heile.

Tidlegare er det skissert tre alternativ for å løyse problemet med OSSEs rettsevne, privilegium og immunitet. Det første er ei unilateral løysing grunna på vedtak frå ministermøtet i Roma i 1993, som vert iverksett i nasjonal lovgjeving; det andre er ei multilateral løysing med ein konvensjon som vert ratifisert av medlemsstatane, og det tredje er ei bilateral løysing med ein modellavtale for bilaterale avtalar mellom kvart einskilt medlemsland og OSSE, som gjev OSSE rettsevne, privilegium og immunitet.

Gjennom forhandlingane i 2001 har det multilaterale alternativet vakse fram som den typen rettsleg dokument som størstedelen av medlemslanda ønskjer. Det rumenske formannskapet utarbeidde våren 2001 eit framlegg til konvensjonsdokument, som har vore til diskusjon mellom medlemslanda. Dette konvensjonsdokumentet tek utgangspunkt i Roma-vedtaket frå 1993 om rettsleg status for OSSE-institusjonane. Med ein slik konvensjon vil ei unik tekst gjelde for alle medlemsland, og OSSE vil verte garantert lik immunitet og like privilegium. I tillegg må medlemslanda stå til rette for kvarandre når det gjeld å etterleve skyldnadene i konvensjonen. Ein konvensjon er òg den mest vanlege måten å gje rettsevne, privilegium og immunitet til ein internasjonal organisasjon på. Ei slik løysing vil vere enkel, klar og heilskapleg.

Forhandlingane om avtaleteksta har førebels stranda på sentrale underliggjande spørsmål. Det er ikkje full semje om kva slags dokument som skal veljast. Nokre få land er mot ei løysing som byggjer på ein konvensjon. Nokre få land ønskjer heller ikkje at OSSE skal få full folkerettsleg rettsevne. Desse har uttrykt preferanse for bilaterale modellavtalar. Det er heller ikkje semje om den eventuelle konvensjonen sitt omfang eller bruksområde. Det har frå nokre medlemsland vorte uttrykt ønskemål om at ein eventuell konvensjon skal utgjere ei rettsleg ramme for funksjonsdelinga mellom OSSE sine ulike organ, institusjonar og sendelag.

Det portugisiske formannskapet skal i 2002 leie arbeidet i arbeidsgruppa for rettsleg status for OSSE. Det portugisiske formannskapet har sagt at dette arbeidet skal prioriterast.

3 Den menneskelege dimensjonen

Arbeidet innanfor den menneskelege dimensjonen dreier seg om å styrkje respekten for menneskerettar og grunnleggjande fridomar, for demokratiske institusjonar og for rettsstatprinsipp i deltakarstatane. Det er eit grunnleggjande prinsipp at ein ikkje skal sjå på skyldnadene innanfor den menneskelege dimensjonen som ei indre sak for medlemslanda. OSSE gjev støtte til statar som tidlegare hadde totalitære regime, slik at dei kan omstille seg til verdifelleskapet i OSSE. OSSE har òg vedteke retningsliner for avvikling av demokratiske val, og medlemsstatane har plikt til å la OSSE overvake gjennomføringa av desse. Ein svært viktig del av OSSE si verksemd er støtte til gjennomføring av frie val.

Samspelet mellom sendelaga og OSSE-institusjonane, Kontoret for demokratiske institusjonar og menneskerettar (ODIHR), Høgkommissæren for nasjonale minoritetar (HCNM) og Representanten for frie medium (RFM) er viktige for påpeiking av brot på og fremjing av menneskerettar. I særleg grad vert situasjonen i OSSE-landa følgd gjennom OSSE sine sendelag. Dialogen mellom medlemslanda om den menneskelege dimensjonen går føre seg både i møta i Det faste rådet kvar veke og i andre OSSE-fora.

Det årlege gjennomføringsmøtet om den menneskelege dimensjonen, der deltakarlanda og dei ikkje-statlege organisasjonane i OSSE-området drøftar menneskerettsforpliktingar, vart som vanleg halde i Warszawa i oktober 2001. Ein eigen konferanse om roma- og sintispørsmål vart halden i Bucuresti før gjennomføringsmøtet. Dette møtet tok for seg ulike problemstillingar i høve til romaspørsmål i OSSE-regionen. I tillegg vart det i 2001 halde tre tilleggsmøte om aktuelle tema i den menneskelege dimensjonen, nemleg om ytringsfridom, om toleranse og ikkje-diskriminering og om forsvararar av menneskerettane. Noreg har engasjert seg aktivt i oppfølginga av det årlege gjennomføringsmøtet for å gjere møtet meir relevant for det daglege arbeidet i organisasjonen.

Ei eiga arbeidsgruppe om likestilling i OSSE arbeider permanent med dette spørsmålet. Likestillingsspørsmålet vart særleg sett på dagsorden under det norske formannskapet i OSSE i 1999. I tillegg til å følgje opp engasjementet for likestilling sette Noreg i 2001 eit særleg fokus på kampen mot menneskehandel.

3.1 Likestilling

Arbeidet for fremjing av likestilling har vore eit prioritert område frå norsk side i OSSE-samanheng òg. Under det norske formannskapet vart likestilling for alvor sett på dagsordenen, og det har etter den tid vore ei positiv utvikling når det gjeld forståinga av relevansen av likestilling og av styrkinga av kvinnene si stilling i OSSE, både i sekretariatet og i sendelaga.

Sekretariatet sin likestillingsplan vart følgd opp i 2001. I 2001 vart det utarbeidd ei handbok for å hjelpe OSSE-tilsette med å skape større forståing av kjønnspektivet etter konflikter. Handboka kan òg vere eit hjelpemiddel i det praktiske arbeidet med å innarbeide det same perspektivet.

Det er særleg to område som har fått mykje merksemd, og der Noreg har halde ein høg profil når det gjeld likestilling. Dette er handel med kvinner og vald mot kvinner. Det har vore høg aktivitet i arbeidsgruppa for spørsmål om handel med kvinner (Task Force on Trafficking in Women) i regi av OSSE, under Stabilitetspakta for Sørøst-Europa. Noreg har aktivt støtta dette arbeidet. I 2001 vart det utarbeidd ei rekkje nasjonale planar for kampen mot handel med kvinner, og ei rekkje tiltak vart sett i gang. Protokollen om handel med kvinner og barn, som supplerer FN-konvensjonen om grenseoverskridande organisert kriminalitet, og som vart vedteken i 2000, har ført til sterkare fokus på å straffe dei som organiserer denne verksemda. Det er framleis svært få som vert dømde for menneskehandel.

I 2001 vedtok OSSE ein åtferdskodeks (Code of Conduct and Anti-Trafficking Guidelines). Handel med kvinner vart drøfta på gjennomføringsmøtet om den menneskelege dimensjonen i Warszawa i september 2001. Likestilling og handel med kvinner vart drøfta under eigne dagsordenspunkt. Noreg legg stor vekt på arbeidet med desse spørsmåla.

Det vart arrangert eit eige møte om vald mot kvinner etter initiativ frå den uformelle arbeidsgruppa for likestilling i OSSE, som vert leidd på ambassadørnivå. Det vart diskutert kva slags rolle OSSE kunne ha i kampen mot vald, først og fremst i samband med konflikthar, men òg som eit allment problem.

3.2 Roma- og sintifolket

I tråd med eit vedtak frå Budapest-toppmøtet i 1994 oppretta ODIHR eit kontaktpunkt for roma- og sintisaker. Ministermøtet i Oslo i 1998 vedtok å styrkje OSSE sitt arbeid på dette området. I 1999 tilsette difor ODIHR ein rådgjevar som berre arbeider med roma- og sintisørsmål.

Det har i 2001 funne stad ei rekkje aktivitetar i regi av dette kontaktpunktet. Dette omfattar hjelp til nasjonale styresmakter i samband med utforming av politikk overfor roma- og sintifolket, tilrettelegging av internasjonale samråd om romaflyktningar og -asylsøklarar, hjelp til å fremje deltaking av roma- og sintifolket i val, og i tillegg vern om rettane til roma- og sintifolket i og frå Kosovo.

Kontaktpunktet samlar informasjon frå medlemsstatane om lovgjeving og andre tiltak overfor roma- og sintifolket. Denne informasjonen er tilgjengeleg for OSSE sine medlemmer og institusjonar og for andre internasjonale organisasjonar. Kontaktpunktet har gjennom ei omfattande møteverksemd innleidd eit arbeid for å betre samarbeidet og samordninga mellom dei ulike romaorganisasjonane, med sikte på å utvikle ein felles strategi for å kjempe mot diskriminering og for å fremje full deltaking og like høve for roma- og sintifolket der dei bur.

I samarbeid med formannskapslandet Romania arrangerte OSSE konferansen «Like høve for roma- and sintifolket: omsetjing av ord til fakta» i Bucuresti 10. - 13. september 2001. Konferansen var ei oppfølging av ein struktur som vart innført under norsk formannskap med eit årleg temamøte om roma- og sintifolket i tillegg til gjennomføringsmøtet. Eit av dei tema som vart tekne opp under konferansen i Bucuresti, var oppfølging av OSSE-konferansen i Praha hausten 2000 om roma- og sintifolket og deltaking. Frå norsk side vart

sametingsmodellen presentert. Hovudtemaa i Bucuresti var levekår og rasisme, deltaking i politikk og ikkje-statlege organisasjonar si verksemd, samt roma- og sintifolk i krisesituasjonar og krisehandtering. Representantar for norske romafolk, UD og Utlendingsnemnda deltok på konferansen i Bucuresti.

I 2001 vart det sett ned ei arbeidsgruppe under leiing av Finland. Ho skal sjå nærare på om det er mogleg å få etablert eit representativt organ for roma- og sintifolket på europeisk nivå. OSSE deltek i samarbeid med Europarådet og EU, samt med representantar for roma- og sintifolket. Arbeidsgruppa skal presentere ein rapport hausten 2002. Noreg har gjeve støtte til utgreiing av spørsmålet, men utan å ta stilling til kvar eit slikt organ skal forankrast.

3.3 Kontoret for demokratiske institusjonar og menneskerettar (ODIHR)

Kontoret for demokratiske institusjonar og menneskerettar (ODIHR), som ligg i Warszawa, har gjennom dei siste åra utvida verksemda si vesentleg, særleg på områda val og demokratisering, under leiing av sveitsaren Gerard Stoudmann. ODIHR er den sentrale institusjonen i OSSE når det gjeld arbeidet med den menneskelege dimensjonen. ODIHR er ansvarleg for å skippe til det årlege gjennomføringsmøtet for den menneskelege dimensjonen. Valovervaking og gjennomføring av val var eit stort arbeidsområde for ODIHR i 2001. Kontoret gav ulike land hjelp til å betre valprosedyrar og lovgjeving. Noreg vidareførde i 2001 den årlege støtta på 2,5 mill. kroner til den prosjekterrelerte verksemda til ODIHR. Verksemda har hovudfokus retta mot medlemsland i Sentral-Asia og Kaukasus. I tillegg ytte Noreg personellressursar til ODIHR. ODIHR engasjerer seg sterkt mellom anna for romafolket sine rettar, likestillingsspørsmål, kampen mot menneskehandel, og overvaking av val i OSSE-området. Noreg deltok med observatørar på mange av dei vala som ODIHR overvaka i 2001. Sekondering av valobservatørar til ODIHR er eit viktig praktisk tilskot for å sjå til at landa oppfyller skyldnadene som medlemsland i OSSE. Gjennom aktiv deltaking i valobservasjon vert den norske ressursbasen tilførd nyttig røynsle i OSSE sitt arbeid og kunnskap om tilhøva i medlemslanda.

3.4 Høgkommissæren for nasjonale minoritetar (HCNM)

OSSE legg stor vekt på å verne om minoritetar. Høgkommissæren for nasjonale minoritetar (HCNM) arbeider aktivt i OSSE-området med å fremje og styrkje rettane til nasjonale minoritetar og med å byggje opp fleirkulturalisme. Høgkommissær er svensken Rolf Ekéus, som overtok etter nederlandaren Max van der Stoel i 2001. Ekéus sette i 2001 fokus på nasjonale og etniske minoritetar sin rett til utdanning og deltaking i det offentlege liv. Ein sentral del av HCNM sitt arbeid er tidleg varsling av potensielle konflikhtar. HCNM spelar òg ei viktig rolle i samanheng med lovgjeving som gjeld minoritetar, til dømes allmenne rettar og deltaking gjennom val. Dette står sentralt i mange av medlemslanda i OSSE. HCNM spelar i den samanheng ei viktig rolle når det gjeld oppfølginga etter dei nedlagde sendelaga i Baltikum. Noreg medverka i 2001 med personellressursar til HCNMs stab.

3.5 Representanten for frie medium (RFM)

Representanten for frie medium er ein relativt ny institusjon. Medierepresentanten, Freimut Duve, som tidlegare var tysk forbundsdaysrepresentant, har fastsett desse hovudsatsingsområda for institusjonen: individuelle saker, til dømes journalistar som vert utsette for overgrep; strukturelle avgrensingar i mediefridomen, til dømes statleg kontroll med utgjeving, trykking og distribusjon av aviser og blad; og varetaking av journalistane sin profesjonelle integritet og media si korrigerande samfunnsrolle.

Duve har i 2001 konsentrert seg om strukturell sensur, hatefull tale, injurielovgjeving og verknaden av denne lovgjevinga på dei frie media, og vern av journalistar i konfliktområde. Aktivitetane har hovudsakleg retta seg mot Russland og SUS-landa. Medierepresentanten har òg sett søkjelyset på alvorlege overgrep mot journalister, særleg ved å ta opp drapet på den ukrainske journalisten Gongadsje.

Noreg har gjeve økonomisk støtte til prosjekt i regi av medierepresentanten. Mellom anna støtta Noreg eit regionalt mobilt prosjekt på Balkan, det såkalla mobile.culture.container. Seksten containerar med bibliotek, internettkafé, videolaboratorium m.m. skapte ein ambulerande møteplass for ungdom og gjorde det mogleg å organisere seminar og arbeidsgrupper.

3.6 Parlamentarikarforsamlinga

Parlamentarikarforsamlinga i OSSE, som har sekretariat i København, spelar ei viktig rolle i organisasjonen, mellom anna i høve til overvaking av val. Eit viktig arbeid som har vorte utført i den såkalla parlamentariske troikaen, som er eit samarbeid mellom OSSEs parlamentarikarforsamling, EU-parlamentet og parlamentarikarforsamlinga i Europarådet, ikkje minst når det gjeld Kviterussland. Parlamentarikarforsamlinga har oppretta såkalla «demokratilag», som støttar opp om demokratiseringsprosessar i medlemslanda. At Parlamentarikarforsamlinga er representert på OSSE-troikamøte på ministernivå skaper òg grunnlag for eit godt samarbeid om aktuelle saker.

Parlamentarikarforsamlinga ønskjer ei nærare kopling til dei politiske spørsmåla som organisasjonen til kvar tid handterer, og at avgjerdsprosessen i OSSE skal verte opnare. Ein resolusjon om å styrkje den demokratiske og parlamentariske dimensjonen i OSSE vart vedteken i Parlamentarikarforsamlinga i juli 2001. Parlamentarikarforsamlinga vedtok i oktober 2001 ein resolusjon om samarbeidstilhøvet mellom Det faste rådet og parlamentarikarforsamlinga i OSSE. I denne resolusjonen vert parlamentarikardelegasjonane oppfordra til å starte debattar i dei respektive nasjonalforsamlingane om rolla og statusen til Parlamentarikarforsamlinga i OSSE. Under drøftingane om reform av OSSE i 2001 gjorde Noreg konkrete framlegg med sikte på å styrkje sambandet og dialogen mellom Det faste rådet og parlamentarikerforsamlinga.

Parlamentarikarforsamlinga har ved fleire høve uttrykt at OSSE bør gå vekk frå konsensusprinsippet og heller grunne seg på «tilnærma konsensus», det vil seie krav om støtte frå 90 prosent av medlemslanda og av innbetalte tilskot. I tillegg er det tidlegare gjort framlegg om utvida bruk av «konsensus minus ein»-prinsippet til å omfatte budsjettspørsmål, etablering av sendelag

og tilsetting i viktige stillingar. «Konsensus minus ein»-prinsippet har berre ein gong i historia vorte nytta, då Jugoslavia vart suspendert frå OSSE.

3.7 Tilhøvet til frivillige organisasjonar

Det nære samarbeidet med dei frivillige organisasjonane er eit særtrekk ved OSSE. Det vert lagt stor vekt på samarbeidet med frivillige organisasjonar, og det har vore ei klar utvikling i retning av å auke frivillige organisasjonar si deltaking og påverknad i OSSE sitt arbeid. Frivillige organisasjonar kan delta på tilsynskonferansar, gjennomføringsmøte, det årlege økonomiske forumet og alle møte og seminar i regi av ODIHR. Gjennomføringsmøtet for den menneskelege dimensjonen er det største møtet innanfor denne dimensjonen i OSSE. Møtet er ein arena og møteplass for mange ikkje-statlege organisasjonar frå OSSE-området. Dei ikkje-statlege organisasjonane får her høve til å ta opp menneskerettsproblem. På møtet er òg regjeringsdelegasjonane og dei andre institusjonane i OSSE representerte. Frivillige organisasjonar frå SUS-området er underrepresenterte, men talet er aukande. I tillegg til å involvere frivillige organisasjonar aktivt i desse møta er det òg inngått eit tettare samarbeid med somme organisasjonar ved gjennomføring av prosjekt i regi av ODIHR.

4 Den økonomiske dimensjonen

Den økonomiske dimensjonen i OSSE er viktig for å identifisere potensielle trugsmål mot tryggleiken knytt til økonomiske og økologiske tilhøve i OSSE-regionen. Denne dimensjonen vart i 2001 ytterlegare vektlagd mellom anna fordi fleire land i lang tid har ønskt å balansere arbeidet opp mot den menneskelege og den militærpolitiske dimensjonen. Den økonomiske dimensjonen var òg ei av prioriteringane til det rumenske formannskapet i 2001. Arbeidet har vorte konkretisert det siste året, mellom anna i eit vedtak på ministermøtet i Bucuresti. Vidare har OSSE styrkt samarbeidet med andre internasjonale organisasjonar som er aktive innan økonomi og miljø, til dømes EU, EBRD, OECD, UNECE, UNEP og UNDP.

OSSE-feltkontora har det siste året vorte trekte sterkare med i arbeidet i den økonomiske dimensjonen. Sendelaga rapporterer jamleg om saker som gjeld økonomi og økologi. Særleg merksemd har sendelaga i Sentral-Asia fått. Det årlege middelhavsseminaret for middelhavspartnarane til OSSE, som vart halde i Dubrovnik i oktober 2001, skapte òg blest om den økonomiske dimensjonen.

Under det økonomiske forumet i 2000 vart det konkludert med at den økonomiske dimensjonen skulle få ei viktigare rolle i arbeidet innanfor OSSEs faste råd. Ministermøtet i Bucuresti i desember 2001 vedtok å opprette ein underkomité for den økonomiske dimensjonen. I tillegg til å identifisere og fokusere på spesifikke saker med eit tryggingførebbyggjande aspekt vil komiteen auke medvitet om potensielle tryggingstrugsmål og inspirere til diskusjon hos medlemslanda.

Århus-konvensjonen, som er eit FN-dokument, er eit viktig dokument i arbeidet innanfor den økonomiske dimensjonen. Århus-konvensjonen handlar om å fremje den offentlege deltakinga i avgjerdsprosessen i miljøvern-saker. Dei ikkje-statlege organisasjonane si deltaking og sitt engasjement står sentralt i arbeidet med den økonomiske dimensjonen. Det vart i 2001 oppretta ein eigen vevstad på Internett om Århus-konvensjonen, særleg retta mot landa i Sentral-Asia.

Det årlege økonomiske forumet i Praha er den sentrale hendinga innanfor den økonomiske dimensjonen, der økonomiske og økologiske spørsmål av stor verdi for tryggleiken vert diskutert. I tillegg til at det vert halde tre førebuingsseminar før kvart økonomiske forum, vert det halde nokre oppfølgingsseminar. Temaet for det økonomiske forumet i mai 2001 var innsyn og god styring i økonomisaker (Transparency and Good Governance in Economic Matters). Under det økonomiske forumet i fjor vart det registrert auka deltaking av representantar frå næringslivet og frå ikkje-statlege organisasjonar.

Diskusjonane i arbeidsgruppene fokuserte på betringar av lovverket, reform i offentlig forvaltning, kamp mot korrupsjon, fremjing av små- og mellomstore føretak, og økologisk styring (environmental governance). Det vart fremja ei rekkje tilrådingar. OSSE utarbeidde etterpå ein handlingsplan for oppfølging av tilrådingane frå det økonomisk forumet.

Sjølv om det har vore gjort store betringar dei seinare åra, har nok ikkje det økonomiske forumet funne si endelege form. Mellom anna vil underkomitéen kunne medverke til sterkare fokus på og meir konkretisering av arbeidet. Medlemslanda har ulike oppfatningar om kva som bør vere omfatta av den økonomiske dimensjonen. Til dømes synest land i Sentral-Asia å leggje større vekt på at marknadstilgang og utanlandske investeringar skal takast med i arbeidet, medan vestlege land i større grad ser på tryggingsspolitiske utfordringar.

Det vert framleis arbeidd for at den økonomiske dimensjonen skal verte meir resultatorientert og operasjonell, og etableringa av underkomitéen er eit tiltak med sikte på dette. Vidare er det semje om at ein må fokusere på å trekkje dei sentralasiatiske landa nærare inn i arbeidet. Dessutan er det i dette området ein finn dei største utfordringane innanfor denne dimensjonen.

I 1998 fekk OSSE-sekretariatet ein eigen samordnar for økonomi og miljø. Han skulle samordne arbeidet og gje støtte til formannskapet på dette feltet. Stillinga var ledig i store delar av 2001. Det har vore eit ønske at samordnaren skal medverke til å betre kvaliteten på OSSE-arbeidet innanfor denne dimensjonen.

5 Den militærpolitiske dimensjonen

5.1 CFE-avtalen

Avtalen om konvensjonell nedrusting i Europa (CFE-avtalen) representerer framleis ein grunnpilar i europeisk tryggingsarkitektur. Avtalen avgrensar den offensive militære kapasiteten, tryggjar stabiliteten og medverkar til å motverke destabiliserande styrkekonsentrasjonar, også i krisesituasjonar i framtida. Avtalen står sentralt i det allierte samarbeidet. For Noreg gjer avtalen det mogleg å drive forsvarsplanlegging ut frå gjevne føresetnader med omsyn til utplassering av styrkar i nærområda våre. Sidan 1992 har det innanfor ramma av CFE-avtalen vorte fjerna om lag 60 000 tyngre våpen frå det området som avtalen gjeld for.

Ein revidert CFE-avtale (The Adapted CFE Treaty), som er tilpassa dei endra tryggingspolitiske rammeføresetnadane i Europa, vart underskriven av dei 30 avtalepartane sine stats- og regjeringssjefar under OSSE-toppmøtet i Istanbul i november 1999. I den tilpassa avtalen, som ikkje har teke til å gjelde enno, er den opphavlege blokk-til-blokk-grunna tilnærminga erstatta av eit system som byggjer på nasjonale og territoriale styrketak samstundes som det er bygd inn fleksibilitet til å tillate krisehandtering. Den tilpassa avtalen opnar òg for at nye partar kan slutte seg til avtalen.

Flankeregimet er av særleg interesse for Noreg. Det lukkast å vidareføre eit juridisk bindande regime for dette i den tilpassa avtalen. Det er vidare positivt at ein frå russisk side har forplikta seg bilateralt overfor Noreg, i form av brevveksling mellom utanriksministrane i mars 1999, til å vise måtehald med å auke våpenmengda i Leningrad militærdistrikt.

Den tilpassa avtalen vil ta til å gjelde når alle dei 30 avtalepartane har ratifisert han. Det er usikkert når dette vil skje. Til no har Kviterussland og Ukraina ratifisert avtalen. Ein føresetnad for norsk ratifisering, som gjeld for dei fleste andre medlemslanda òg, er at Russland oppfyller skyldnadene sine frå Istanbul-toppmøtet i 1999. Det vil seie at Russland kjem under materiell-taket sitt for den tilpassa avtalen i flanken, og gjennomfører uttrekkingar frå Georgia og Moldova. Russland gjorde framsteg på dette feltet i 2001, noko som gjer det mogleg å oppfylle Istanbul-skyldnadene i 2002. Den noverande avtalen vil gjelde fram til den tilpassa avtalen tek til å gjelde.

Innanfor ramma av OSSE vidarefører CFE-avtalen sitt samrådsorgan, Joint Consultative Group (JCG), arbeidet med å løyse uteståande problem knytt til gjennomføringa av avtaleforpliktingane. NATO-landa sine representantar i JCG samarbeider tett med Høgnivågruppa for rustingskontroll (HLTF) i Brussel.

28. mai - 1. juni 2001 vart den andre tilsynskonferansen under CFE gjennomført. Slike tilsynskonferansar vert gjennomførde kvart femte år og har som mål å vurdere korleis avtalen verkar, og korleis vedtaka vert følgde opp. Ut frå situasjonen med ein tilpassa avtale som ikkje er ratifisert, vart likevel hovudtemaet på denne konferansen å understreke at Istanbul-forpliktingane

må oppfyllest og dermed gjere det mogleg med ratifisering og ikrafttreding av den tilpassa avtalen. Dette prega òg sluttdokumentet frå konferansen.

5.2 Avtalen om opne luftrom

Etter at Russland og Kviterussland ratifiserte Avtalen om opne luftrom i 2001 tek avtalen til å gjelde 1. januar 2002. Avtalen vart inngådd i 1992 og ratifisert av Noreg i 1993. Føremålet med avtalen er å skape større openskap mellom partane ved at dei opnar luftromma sine for eit avtalt omfang av årlege overflygingar med spesialutstyrte overvakingfly. Medan ein ventar på at avtalen skal ta til å gjelde, vart det i 2001 òg gjennomført bilateralt avtalte prøveflygingar, mellom anna av Noreg og Russland, som stort sett var regulerte etter ordlyden i avtalen. Prøveflygingane har medverka til å synleggjere avtalen si rolle som eit tillitsskapande tiltak samstundes som medlemslanda har fått røynsle med den praktiske bruken av avtalen. I tillegg har landa fått høve til å teste og vedlikehalde utstyr og å opparbeide sakkunne. For ytterlegare å leggje til rette for iverksetjing av avtalen heldt den rådgjevande kommisjonen for avtalen (OSCC) eit informasjonsseminar i oktober 2001 og oppnemnde tre arbeidsgrupper for høvesvis sertifisering, reglar og prosedyrar, og sensorar.

Avtalen har i dag 27 medlemmer. Desse er anten NATO-medlemmer eller tidlegare medlemmer av Warszawapakta. Dessutan har alle dei andre OSSE-medlemmene observatørstatus i OSCC. Etter at avtalen tek til å gjelde, opnar han for opptak av nye medlemmer. Finland og Sverige har meldt at dei aktar å søkje om opptak i 2002.

5.3 Regional rustingskontroll - Dayton-avtalen vedlegg 1-B

5.3.1 Artikkel II og IV

Som ei oppfølging av pålegga i Dayton-avtalen vedlegg 1-B artikkel II og artikkel IV vart det i 1996 oppnådd semje om to avtalar på det militærpolitiske området. Artikkel II («Wien-avtalen») handlar om tillits- og tryggleiksskapande tiltak for dei to einingane i Bosnia-Hercegovina, Republika Srpska og Føderasjonen. Artikkel IV («Firenze-avtalen») handlar om destruksjon og avgrensing av tyngre våpen og personell for Jugoslavia, Bosnia-Hercegovina og Kroatia. Avtalane er grunna på prinsippa i høvesvis Wien-dokumentet og CFE-avtalen.

Til begge avtalane er det knytt eit informasjons- og verifikasjonsregime. OSSE, ved FSC, har fått ansvaret for gjennomføringa av desse regima. Ein personleg representant for OSSE-formannskapet har, saman med OSSE-sende laget i Bosnia-Hercegovina og partane, ansvaret for gjennomføringa av avtalane. Mange av medlemslanda i OSSE, mellom andre Noreg, stør òg opp om avtalane ved å rettleie partane under inspeksjonar, ved å halde kurs om mellom anna Åtferdskodeksen og ved å delta på andre tillitsskapande tiltak.

Gjennomføringa av tiltaka i artikkel II og IV har i hovudsak gått etter rutiane og medverkar til å normalisere tilhøvet mellom partane. Under artikkel II vart det i 2001 oppnådd semje om eit regime for overvaking frå lufta. Under artikkel IV var det framleis ikkje mogleg å oppnå semje om å redusere avtalen sine unntak for avtaleavgrensa materiell. Dei svake fellesinstitusjonane i Bosnia-Hercegovina makta ikkje å avgjere korleis dei skulle setje saman felles

artikkel IV-inspeksjonslag, og slike inspeksjonar vart dermed ikkje utførde av Bosnia-Hercegovina.

5.3.2 Artikkel V

Etter over 3 års forhandlingar vart det i juli 2001 oppnådd semje om ein avtale, i form av eit sluttdokument, under Dayton-avtalen vedlegg 1-B artikkel V. Det opphavlege målet var å kome fram til ein avtale om regional tryggingssalanse i og omkring det tidlegare Jugoslavia. Etter at demokratiske styresmakter tok over makta i Den føderale republikken Jugoslavia i 2000, med påfølgjande medlemskap i OSSE, vart det mindre viktig å binde landet opp med sterke tryggingssforpliktingar i ein artikkel V-avtale. Målet vart difor justert slik at 20 nasjonar kunne semjast om ein avtale som inneheld tillits- og tryggleiksskapande tiltak for gjennomføring på frivillig basis. Avtalen opprettar ein kommisjon òg, der alle medlemslanda skal vere representerte, som skal føre tilsyn med gjennomføringa av avtalen. Kommisjonen skal etter føresetnadene møtast kvart år og ha roterande formannskap. Sidan det er eit stort samanfall i medlemskap, vart det føresett at det er nær kontakt mellom Artikkel V-avtalen og Stabilitetsspakta på forsvars- og tryggingssområdet. Avtalen vart ønskt velkomen av OSSE-ministtermøtet i Bucuresti i desember 2001.

5.4 Forumet for tryggingssamarbeid (FSC)

Forumet for tryggingssamarbeid (FSC) vidareførde i 2001 det viktige tilsynsarbeidet i samanheng med gjennomføringa og vidareutviklinga av dei ulike tillits- og tryggleiksskapande tiltaka (CSBM), til dømes Wien-dokumentet og Åtferdskodeksen for dei politiske og militære sidene ved tryggleiken. FSC byrja òg med overvaking av gjennomføringa av OSSE sitt handvåpendokument, som tok til å gjelde i november 2000. FSC vurderte samstundes nye utfordringar og tiltak innanfor den politisk-militære dimensjonen. Kampen mot terrorisme var naturlegvis eit hovudtema for desse diskusjonane i tida etter 11. september.

26. - 28. februar heldt FSC sitt årlege gjennomføringsmøte for fremjing av full gjennomføring av alle tillits- og tryggingsskapande tiltak og særleg Wien-dokumentet av 1999. Møtet utarbeidde utkastet til «Vedtak om datautveksling», som galdt større våpen- og utstyrssystem, og som vart vedteke i FSC 14. november 2001.

FSC gjennomførde 11. - 13. juni eit seminar om forsvarspolitik og militære doktrinar. Ei rekkje land og organisasjonar, mellom andre Noreg og NATO, presenterte forsvarspolitikken sin og doktrinane sine. Presentasjonane og den påfølgjande debatten viste stor grad av samanfallande vurderingar av kva som er utfordringar i framtida på det militærpolitiske feltet for medlemslanda i OSSE. Sentrale tema var tryggingstrugsmål frå ikkje-statlege aktørar, til dømes terrorisme og organisert kriminalitet, samt restrukturering og modernisering av militære styrkar.

Den første informasjonsutvekslinga under OSSEs handvåpendokument fann stad 30. juni. Det var den mest omfattande informasjonsutvekslinga på dette feltet i nokon internasjonal organisasjon til no. I lys av dette vedtok FSC å arrangere eit oppfølgingsseminar i februar 2002 for å vurdere røynslene så langt.

I kjølvatnet av terroråta i USA 11. september starta FSC ein målretta diskusjon om kampen mot terrorisme. Denne munna ut i eit skriftleg tilskot til den nyoppretta arbeidsgruppa om terrorisme. Tilskotet vart seinare teke inn i OSSE sin handlingsplan mot terrorisme, som vart vedteken på ministerrådsmøtet i desember.

Rett etter ministermøtet vedtok FSC å forlengje den roterande formannskapsperioden frå ein til om lag fire månader. FSC vil dermed få nytt formannskap ved starten av kvart av dei tre møtesesjonane i året (vinter-, vår- og haustsesjonen). Føremålet med denne endringa var å tryggje ein større grad av kontinuitet i formannskapet.

OSSE sitt kommunikasjonsnettverk vart hausten 2001 flytta frå Haag i Nederland til Wien. Etter ei lang tid med tautrekking vart det semje i FSC om ei delt løysing, der utstyr og teknisk drift skal leigast gjennom eit privat firma, medan kontrollen med tryggleiken ligg hos ei eining oppretta i OSSE-sekretariatet. Det vart ikkje oppnådd semje om oppdatering av nettverket.

6 Middelhavspartnarane

Dei seks middelhavspartnarane er Algerie, Egypt, Israel, Jordan, Marokko og Tunisia. Bakgrunnen for samarbeidet med middelhavslanda kan ein finne i Sluttakta frå Helsingfors av 1975. Ho slår fast at tryggleik i Europa og tryggleik i middelhavsområdet er delar av eit heile, og at arbeidet med tryggingsspørsmål difor bør gjelde dette området òg.

Portugal, som påtroppande formannskap, hadde i 2001 formannskapet i kontaktgruppa med middelhavspartnarane i 2001. Kontaktgruppa møter kvar månad for mellom anna å verte opplyste om OSSE si verksemd. I juni vart det avvikla eit seminar i Wien for middelhavspartnarane og partnerlanda om «Utfordringar og opningar gjennom økonomisk utvikling». Det årlege middelhavsseminaret vart halde i Dubrovnik i Kroatia 30. - 31. oktober. Temaet for seminaret var «Gjennomføring av OSSE sine skyldnader innan økonomi- og miljødimensjonen: OSSE sine røynsler og relevansen av desse for Middelhavsområdet». Deltakarane var samde om at kontaktgruppa i Wien måtte utnytast betre, og at økonomi- og miljøaspekt burde integrerast i dei jamlege diskusjonane for å tryggje oppfølging av seminaret.

7 Tilhøvet til Japan, Sør-Korea og Thailand som partnerland i OSSE

Japan og Sør-Korea vert begge omtala som partnerland til OSSE, men har i røynda ulik status. Thailand vart teke opp som partnerland i OSSE i 2000. Det vart samstundes vedteke å utarbeide retningslinjer for opptak av nye partnerland i framtida.

Samarbeidet med Japan kom i gang etter eit vedtak som vart gjort på toppmøtet i Helsingfors i 1992. Som følgje av japansk interesse for OSSE-saker og at landet deler prinsippa og måla til organisasjonen og er aktivt engasjert i europeisk samarbeid i relevante organisasjonar, har det utvikla seg eit etter måten tett samarbeid. Japan har fått observatørstatus og har rett til å vere til stades på alle OSSE-møta. Balkan har stått i fokus for samarbeidet. Japan har sekondert personell til sendelaga i Skopje, Kroatia og Bosnia-Hercegovina og har dessutan gjeve store økonomiske tilskot.

Sør-Korea vart invitert til toppmøtet i Budapest i 1994. Det var første gongen landet deltok på eit OSSE-møte. Sidan 1995 har Sør-Korea delteke på relevante OSSE-møte, mellom anna toppmøte, ministermøte, tilsynskonferansar og seminar. Sør-Korea har òg delteke i OSSE-aktivitetar, til dømes valobservasjon i Bosnia-Hercegovina, og har dessutan gjeve økonomisk stønad til avvikling av val.

OSSE og Sør-Korea arrangerte i fellesskap ein konferanse i Seoul 19. - 21. mars med temaet «Mogleg bruk av OSSE sine tillits- og tryggleiksskapande tiltak (CSBM) i Nordaust-Asia».

8 Ministermøtet i Bucuresti

Etter eit lite vellukka utanriksministtermøte i Wien i 2000, var det viktig for organisasjonen å få til konkrete politiske framsteg under OSSE sitt niande utanriksministtermøte i Bucuresti 3. - 4. desember 2001. Tilhøva låg ikkje til rette for at Bucuresti-møtet ville verte ein suksess for OSSE. Dei første månadene av 2001 var prega av fortsatt sterke motsetnader og ga liten grunn til optimisme. Etter terroråtaka i USA 11. september fann det imidlertid stad ei viss tilnærming mellom dei sentrale medlemslanda, i første omgang i tone meir enn i substans. Sluttresultatet frå Bucuresti vart såleis noko i overkant av kva dei fleste på førehand hadde venta.

Eit hovudtrekk under forhandlingsmøta var større og breiare deltaking enn på tidlegare OSSE-møte. Forhandlingane vart òg prega av eit sterkt ønskemål frå mange medlemsland om å justere vektlegginga i arbeidet til OSSE, både med omsyn til geografi og politisk innhald. Parallelt med andre forhandlingar vart det frå mange SUS-land gjort klart at dei ville krevje ei raskare takt enn det dei hadde vorte samde om i april 2001 når det galdt endringa av fordelingsnøkkelen for tilskot til organisasjonen. For å kunne få til dette såg dei seg nøydde til å nytte sterkare metodar. Sjølv om ein kom seg velberga gjennom Bucuresti-møtet, såg ein tydeleg mørke skyer over arbeidet til organisasjonen i tida framover, særleg når det galdt arbeidet med å få vedteke eit budsjett for 2002.

Bodskapen frå ministtermøtet ligg hovudsakleg i erklæringa og dokumenta om OSSE-innsatsen i kampen mot terrorisme og når det gjeld politirelaterte oppgåver. I ministererklæringa frå møtet vert det innleiingsvis lagt hovudvekt på allmenne felles skyldnader i kampen mot terrorisme. Elles er erklæringa prega av arbeidet med å reformere og styrkje OSSE for å møte nye politiske utfordringar. Ministrane gjorde eit vedtak om og vedtok ein handlingsplan mot terrorisme, der hovudinnhaldet er ein uttrykt vilje til å nytte OSSE sine instrument i kampen mot terrorisme. Eit viktig innsatsområde vert politisaker og andre delar av lov og orden-problematikken. Dette er forsterka ved at ministrane òg gjorde eit vedtak om politirelatert arbeid, som opna for å opprette ei eiga politirådgjeverstilling i OSSE. Ministrane uttala seg om fleire regionale spørsmål, til dømes Sørøst-Europa, Moldova, Georgia, Sentral-Asia og Nagorno-Karabakh-konflikten. På førehand var det stor uvisse om ein ville kome fram til semje om slike uttalingar.

Det vart gjort fem vedtak innanfor den menneskelege dimensjonen, og det viktigaste handlar om kampen mot menneskehandel som Noreg har lagt særskilt vekt på. Dei andre vedtaka gjeld kampen mot vald mot kvinner, kampen mot fenomen som nasjonalisme og rasisme, vern om roma- og sintifolket og reform av OSSE sine gjennomføringsmøte innanfor den menneskelege dimensjonen. Det hadde før ministtermøtet vore gjennomført omfattande drøftingar om reform av OSSE, men få av dei til dels vidfemnande framlegga resulterte i vedtak. Arbeidet skal vidareførast i 2002. I ministrane sine vedtak om å styrkje den politiske dialogen i OSSE vart det oppretta ein underkomité innanfor den økonomiske dimensjonen, med sikte på å styrkje dette arbeidet.

Det vart vedteke at Nederland skal ha formannskapet i OSSE i 2003. Det neste ministermøtet i OSSE skal finne stad i Porto i Portugal i desember 2002. Ministrane vedtok å forlengje mandatet til OSSEs generalsekretær Ján Kubiš med tre nye år. Dei fekk seg framlagt ein rapport om slutføring av forhandlingane under Dayton-avtalen artikkel V, i tillegg til årsrapporten frå artikkel II- og IV-forhandlinga, samt rapportar som handlar om arbeidet i Forumet for tryggingssamarbeid (FSC), arbeidet med CFE-avtalen, og arbeidet med Avtalen om opne luftrom. Det vart òg lagt fram ein rapport om reformarbeidet i organisasjonen.

9 Nye utfordringar

I tillegg til dei tradisjonelle oppgåvene vart arbeidet i OSSE i 2001 prega av to nye hovudsaker; styrking eller reform av OSSE og organisasjonen si rolle i kampen mot terrorisme. Drøftingane om reform hadde stått på dagsordenen i lengre tid, medan debatten om terrorisme kom i gang etter åtaka på USA 11. september. Arbeidet med OSSE sitt tilskot til den internasjonale kampen mot terrorisme gav retning og innhald i reformdrøftingane fram mot ministermøtet i Bucuresti.

9.1 Reform av organisasjonen

Russisk misnøye med organisasjonen, som mellom anna hadde hatt ein negativ innverknad på resultatet frå ministermøtet i Wien i 2000, utgjorde eit bak-teppe for drøftingane om styrking eller reform av organisasjonen. Russland var ein pådrivar i desse drøftingane. Russland ønskte betre balanse i OSSE sitt arbeid, både geografisk og mellom dei tre dimensjonane. Etter russisk oppfatning la ein i OSSE for stor vekt på den menneskelege dimensjonen og for liten vekt på politiske drøftingar og på den økonomiske dimensjonen. Dei sentralasiatiske landa gav òg uttrykk for slike synspunkt. Det var etter ministermøtet i Wien tydeleg at ein måtte ta tak i dette problemkomplekset for å kome russarane og andre SUS-land i møte, og i så stor grad som mogleg tryggje konstruktiv russisk deltaking i OSSE sitt arbeid vidare framover.

Det rumenske formannskapet tok initiativ til drøftingar om reform av organisasjonen i juni med sikte på å kome fram til semje om ei reformpakke på ministermøtet i Bucuresti i desember. Formannskapet fekk allmenn oppslutning om å starte ein serie møte om reform for å få idéar og tankar på bordet og for å leggje grunnlag for naudsynt semje før Bucuresti-møtet. Fleire land deltok aktivt i drøftingane. Tyskland og Nederland la vekt på større bruk av arbeidsgrupper i tillegg til å trekkje hovudstadene tettare inn i dialogen. Storbritannia gjorde framlegg om å opprette underkomitéar under Det faste rådet som tilsvare dei tre dimensjonane i OSSE. Tanken var at dette skulle syte for ein betre balanse i OSSE sitt arbeid og tryggje at alle saker vart godt førebudde.

Russland spela ei aktiv og engasjert rolle i desse møta, slik dei hadde gjort i møta til den såkalla tryggingsmodellkomitéen fram mot vedtaket av Pakta for europeisk tryggleik på toppmøtet i Istanbul. Russland la fram seks ulike utkast til reform av organisasjonen. Desse handla om djuptgripande reform både av forma på den politiske dialogen i OSSE og av måten organisasjonen vart driven på. Blant dei russiske argumenta for reform var geografisk ubalanse i OSSE sitt arbeid og faren for å redusere OSSE til ein organisasjon som berre yter tenester for andre organisasjonar. USA ønskte minst mogleg reform. Frå amerikansk side var ein uroleg for at vidtrekkande reformer kunne skade fleksibiliteten til organisasjonen. EU inntok ein mellomposisjon. Det britiske framlegget om underkomitéar fekk relativt brei støtte. Noreg peika i debatten på at ein måtte klargjere målet med reform av OSSE. Integrasjon og kjensle av eigarskap til organisasjonen måtte vere retningsgjevande. Noreg tok til orde

for å gjere den politiske dialogen djupare og meir inkluderande, å styrkje posisjonane til sekretariatet og Generalsekretæren, for å opprette eit kontor for kontakt med NATO i Brussel og for å opprette ei høgare politirådgevarstilling.

Trass i dei breie drøftingane og dei til dels omfattande framlegga som hadde vorte fremja under prosessen, var likevel ikkje vedtaka frå ministermøtet i Bucuresti særleg vidtgåande. På russisk initiativ vedtok ministermøtet å opprette ei arbeidsgruppe som skulle føre vidare reformdiskusjonen i 2002. Det viktigaste reformvedtaket frå ministermøtet var å opprette ein underkomité under Det faste rådet for den økonomiske og økologiske dimensjonen. Ei viss endring av Forumet for tryggingsamarbeid vart òg vedteken. Eit meir omfattande endringsframlegg om administrative endringar av organisasjonen, mellom anna budsjettprosessen, vart det likevel ikkje semje om. Noreg arbeidde under ministermøtet for ein underkomité under Det faste rådet for den menneskelege dimensjonen, men det var ikkje mogleg å få konsensus om dette.

9.2 Kampen mot terrorisme

Terroråtaka i USA 11. september 2001 gav tryggingsutfordringar i OSSE eit nytt og langt meir aktuelt innhald. Det rumenske formannskapet oppnemnde alt i slutten av september ei arbeidsgruppe om terrorisme, under leiing av den danske OSSE-ambassadøren. Arbeidsgruppa utarbeidde utkast til eit vedtak og ein handlingsplan mot terrorisme som begge vart vedtekne på ministerrådsmøtet i Bucuresti.

Den danske ambassadøren la i sluttrapporten sin vekt på to hovudpunkt som retningsgjevande for gruppa sitt arbeid. For det første skulle sluttresultatet forsterke Plattformen for kooperativ tryggleik og plasserast trygt inn under FN, som er den normative ramma for den internasjonale kampen mot terrorisme. For det andre måtte handlingsplanen vere breitt grunna og dra nytte av det breie tryggingskonseptet, som er eineståande for OSSE, og som gjev OSSE eit svært godt utgangspunkt for det vidare arbeidet i kampen mot terrorisme.

På bakgrunn av handlingsplanen er det truleg på det politirelaterte område at OSSE kan gje sitt viktigaste tilskot. Planen slår fast at organisasjonen skal kunne gje medlemslanda råd, opplæring og anna praktisk hjelp for å byggje opp eit meir effektivt politi- og rettsapparat. Dei områda som peikar seg særleg ut, er både allmenn politiopplæring og opplæring av meir spesialisert karakter for å kjempe mot korrupsjon, organisert kriminalitet og handel med menneske, narkotika og handvåpen. Dette er felt der OSSE har komparative føremoner på grunn av si breie verksemd og røynsle.

Eit anna viktig område der OSSE er godt stilt for å styrke innsatsen, er oppbygging og styrking av demokratiske og moderne styresett og institusjonar som krevst for å gje medlemslanda større motstandskraft mot terrorisme og ekstremisme.

Geografisk sett vil mykje av OSSE-aktivitetane etter alt å dømme verte retta mot landa i Sentral-Asia. Nærleiken til Afghanistan gjer dei særleg utsette både for terroraktivitetar og for den organiserte kriminaliteten, som skaper eit

økonomisk grunnlag for terroristane. Alt ti dagar etter ministermøtet i Bucuresti kom det første utslaget av denne nyorienteringa, i form av ein konferanse om tryggleik og terrorisme i Sentral-Asia. Konferansen vart halden i Bisjkek 13. - 14. desember 2001 i regi av OSSE og FNs kontor for narkotikakontroll og kriminalitetsforebygging (UNODCCP). Konferansen utarbeidde eit handlingssprogram mot terrorisme som ei oppfølging av sentrale element frå Bucuresti-planen.

Når det gjeld den vidare oppfølginga av handlingsplanen mot terrorisme, er dei ulike institusjonane i OSSE pålagde å leggje fram eit «vegkart» for Det faste rådet for gjennomføring av fastlagde oppgåver. Vegkartet skal omfatte ein timeplan, ressursimplikasjonar og ei vurdering av kva slags aktivitetar som krev fleire vedtak i Det faste rådet.

10 Avsluttande vurderingar

OSSE vil òg i tida framover ha ein viktig plass i europeisk tryggingsarkitektur. Sendelagsverksemda til OSSE og det praktiske arbeidet knytt til stabilitet, institusjonsbygging, fremjing av demokratiske verdiar og menneskerettar, er organisasjonen si styrke og bør utviklast vidare.

Arbeidet i 2001 vart likevel prega av ei uvisse rundt organisasjonen si framtid og kva denne rolla skal vere. Dei to føregåande åra representerte eit høgdepunkt i organisasjonen sitt virke fram til no, med sterkt aukande aktivitet både på Balkan (Kosovo), i Kaukasus og i Sentral-Asia. Etter russisk oppfatning bar OSSE preg av å vere ein reiskap for vestlege stormakter. Det vart vist lita forståing for og merksemd om russiske synspunkt. Rett nok gjekk Russland med på at OSSE si støttegruppe til Tsjetsjenia kunne vende attende etter over to års fråvere. Dette var eit positivt steg, men det endra ikkje det allmenne biletet av aukande russisk misnøye med utviklinga til OSSE.

To andre viktige tendensar medverka til å forsterke inntrykket av tvil omkring organisasjonen si framtid. For det første kom det i 2001 ingen klare signal frå den nye amerikanske administrasjonen om kva slags rolle ein i Washington ønskte å gje OSSE. For det andre opplevde ein eit stadig sterkare ønske frå EU-landa om å gje EU ei meir konkret rolle i krisehandtering i Europa, og da særleg på Balkan. Dette førde til ein gryande debatt om rolledeinga mellom EU og OSSE.

Uvissa innan OSSE varde fram til hausten 2001. Etter terroråtaka i New York og Washington endra atmosfæren seg noko. Tilnærminga mellom Russland og USA gav seg utslag i ein noko meir forsonleg tone, også i OSSE. Både frå USA, EU, Russland og andre medlemsland, som Noreg, vart det lagt vekt på å demonstrere at hendingane den 11. september representerte eit vegskilje. Åtaka i USA hadde understreka kor viktig det var at det internasjonale samfunnet søkte nærare saman for å møte den utfordringa terrorismen representerer. Denne nye tonen medverka sterkt til at utanriksministermøtet i Bucuresti fekk eit langt meir vellukka utfall enn ein frykta på førehand. Det herska ein vilje blant hovudaktørane til å leggje einskilde vanskelege stridsspørsmål til side. Det vart semje om ei rekkje dokument, mellom anna ein handlingsplan for kampen mot terrorisme.

Likevel kan ein ikkje seie at utanriksministermøtet førde OSSE ut av den uvissa organisasjonen hadde vore i gjennom heile 2001. Dei konkrete resultatane var trass alt heller små. Problema vart forsterka gjennom sterk russisk misnøye med at OSSE-sendelaga i Estland og Latvia vart lagde ned ved utgangen av 2001. Sidan dette var dei einaste sendelaga som hadde hatt som hovudoppgåve å ta vare på interessene til russiske minoritetar, vart nedlegginga sett på som ei stadfesting på at ein i OSSE ikkje høyrde på russiske synspunkt. OSSE var etter russisk meining ubalansert både med omsyn til geografi og politikk. Dette var eit synspunkt som fekk støtte frå ei gruppe andre medlemsland. Desse meinte at det vart fokusert for mykje på den menneskelege dimensjonen i OSSE sitt arbeid og hovudsakleg gjennom kritikk av ei mindre gruppe av tidlegare sovjetrepublikkar. På grunn av motstand, sær-

leg frå russisk side, kom det ikkje til semje om eit OSSE-budsjett for 2002, sjølv etter at kraftige reduksjonar i høve til 2001-budsjettet vart godtekne.

Denne utviklinga gjekk føre seg samstundes som Russland intensiverte dialogen sin med både EU og NATO. Det var eit klart inntrykk at drøftingane med EU og NATO vart prioriterte frå russisk side framfor freistnader på å føre OSSE ut av den rådande uvissa. I tillegg var sjølv sagt det russiske synet at det ikkje var opp til Russland, men landa i Vest-Europa og Nord-Amerika, å gjere dei kursendringar som ville gjere eit meir konstruktivt samarbeid i OSSE mogleg.

Ved utgangen av 2001 var det heller ikkje kome nokon avklaring med omsyn til den amerikanske haldninga til OSSE. I Washington hadde kampen mot terrorisme naturlegvis fanga det aller meste av interessa sidan 11. september. OSSEs rolle i denne samanhengen var svært avgrensa. USA drøfta tilnærminga til Russland hovudsakleg bilateralt og innanfor NATO-ramma.

Mot slutten av året vart samstundes diskusjonen om EUs rolle i krisehandtering på Balkan intensivert, hovudsakleg som følgje av vedtaket om å avvikle FN's politioppgåver i Bosnia-Hercegovina. EU-landa vart gradvis meir opptekne av å finne fram til oppgåver som kunne gje EU ei viktigare rolle i felt i denne regionen. Difor vart det på ein heilt annan måte enn tidlegare naudsynt å trekkje opp grenser mellom eit stadig meir ambisiøst EU og OSSE.

Som nemnd er det samla sett ingen tvil om at OSSE framleis utfører eit viktig arbeid på ei rekkje felt og i fleire regionar. Organisasjonen er ein viktig reiskap i arbeidet med å skape stabilitet innanfor organisasjonens geografiske arbeidsområde og virkefelt. Samstundes herskar det større uvisse enn nokon gong før om kva rolle og arbeid organisasjonen skal ha i framtida. På grunn av dette vil mykje av 2002 truleg gå med til å drøfte reformer i arbeidsmetodane til organisasjonen og hovudstrategiar for den vidare verksemda. Utanriksministrane har gjeve Det faste rådet i oppdrag å gjennomføre ei slik drøfting.

Kva resultat dette arbeidet vil føre til, vil i stor grad vere avhengig av i kva grad Russland meiner at dei vestlege landa er imøtekomande overfor landet sine ønskemål om større innverknad, og om Moskva difor ser på OSSE som eit nyttig instrument i utanrikspolitikken sin. Det vil likevel, som det òg er nemnd ovanfor, ikkje vere heilt rett å seie at det berre er Russland som i dag er misnøgd med organisasjonen. Både i Sentral-Asia og i andre, nye statar meiner stadig fleire at OSSE ikkje i tilstrekkeleg grad fangar opp deira problem og prioriteringar. Medan mange ser på sendelagsstrukturen til OSSE som ein av dei største styrkane til organisasjonen, oppfattar vertslanda ofte sendelaga som eit «sjukdomsstempel» som ein bør verte kvitt snarast mogleg.

Arbeidet med reformer og strategi vil i stadig sterkare grad verte prega av tilhøvet til EU. Utvidinga og den gradvise integrasjonen av land der OSSE har sendelag, vil føre til ein sterkare EU-profil i område og på fagfelt der OSSE til no har spela ei meir dominerande rolle. Dette vil til ein viss grad gå på kostnad av OSSE. Eit sterkare EU-engasjement på Balkan vil truleg skje på kostnad av OSSE. Ein må rekne med at OSSE sitt samla engasjement i dette området vil minke dei neste åra, slik ein såg dei første tendensane til alt i 2001.

Arbeidet med å definere kva rolle og plass OSSE skal ha i framtida, vil sjølv sagt òg avhenge av amerikansk politikk, det vil seie korleis USA i tida

framover kjem til å definere tilhøvet sitt til Europa, og kva vekt Washington vil leggje på OSSE i sin framtidige politikk i Europa.

Til tross for den rådande uvissa har organisasjonen framleis viktige oppgåver både på Balkan, i Kaukasus og i andre delar av OSSE-området. Det finst samstundes eit ønske blant ei rekkje medlemsland i OSSE om å utvide organisasjonen sin innsats i Sentral-Asia. Om ein saman med medlemslanda i denne regionen kan definere passande arbeidsoppgåver, er førebels usikkert. Føregåande år viste òg til fulle kor viktig OSSE kan vere som eit instrument som raskt kan løyse konflikhtar som dei som oppstod brått i Makedonia og Sør-Serbia. Ein kan ikkje sjå bort frå liknande operasjonar i året som kjem. Nye oppgåver kan kome til dersom ein kjem fram til løysingar på konfliktane i Nagorno-Karabakh, Moldova eller Georgia.

For Noreg er det difor viktig å halde fram å arbeide som ein framståande deltakar innanfor OSSE. Gjennom OSSE gjev Noreg eit stort tilskot til å stabilisere tidlegare konfliktområde og til å førebyggje nye konflikhtar. Dette er eit tilskot som er vel verdsett og i pakt med norske tradisjonar både allment og innanfor KSSE/OSSE. Organisasjonen gjev òg Noreg ein viktig kanal for dialog med EU, Russland og USA om eit breitt spektrum av sentrale politiske spørsmål. Samstundes er det viktig å ha eit realistisk syn på organisasjonen si framtid og sine arbeidsoppgåver. OSSE si rolle er i støypeskeia. Dette er ein del av den større prosessen som no går føre seg i samband med utforminga av den framtidige europeiske og euroatlantiske samarbeidsstrukturen. Norsk politikk må framleis ta utgangspunkt i at OSSE i lang tid enno vil vere eit viktig instrument i arbeidet med å skape stabilitet og samarbeid i Europa. Noreg må difor vidareføre det aktive engasjementet sitt. Det må vere i Noreg si interesse å arbeide for ei føremålstenleg arbeidsdeling mellom ulike europeiske og euroatlantiske aktørar, der ein unngår kostbart dobbeltarbeid, og samstundes gjer bruk av den sakkunna og røynsla som OSSE har fått. Det er òg viktig å intensivere samarbeidet mellom ulike internasjonale organisasjonar og institusjonar, slik at dei samla ressursane som det internasjonale samfunnet har til rådvelde, kan nyttast best mogleg.

Utanriksdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 19. april 2002 om samarbeidet i Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) i 2001 vert send Stortinget.

Vedlegg 1

Beslutningane frå Bucuresti-møtet

Vedtak nr. 1. Kampen mot terrorismen

Dei 55 deltakarstatane i OSSE står saman mot terrorismen, ei svepe i vår tid.

Deltakarstatane i OSSE fordømmer resolutt dei barbariske terrorhandlingane som vart sette i verk mot USA 11. september 2001. Dei representerte eit åtak på heile det internasjonale samfunnet og på folk frå alle trusretningar og kulturar. Desse avskyelege handlingane, til liks med andre terrorhandlingar, same kva form dei har og korleis dei ytrar seg, og same kvar og når og av kven dei vert utførte, utgjer ein trussel mot freden, tryggleiken og stabiliteten internasjonalt og regionalt. Det må ikkje finnast nokon trygg tilfluktsstad for dei som set i verk eller finansierer slike kriminelle handlingar, eller for dei som gjev dei ansvarlege ly eller støttar dei på andre måtar. Terrorisme kan ikkje rettferdiggjera, kva som enn er motivasjonen eller opphavet til han.

Deltakarstatane i OSSE vil ikkje gje etter for truslar frå terroristar, men føre kamp mot dei med alle middel, i samsvar med dei internasjonale forpliktingane dei har. Dette vil krevje ein langvarig og vedvarande innsats, men dei hentar styrke frå den breie koalisjonen dei utgjer, som strekkjer seg frå Vancouver til Vladivostok. Dei vil forsvare fridomen og verne innbyggjarane sine mot terrorhandlingar, samtidig som dei fullt og heilt vil respektere folkeretten og menneskerettane. Dei tek sterk avstand frå å identifisere terrorismen med nokon spesiell nasjonalitet eller religion, og stadfester på nytt dei normene, prinsippa og verdiane som OSSE byggjer på.

Deltakarstatane i OSSE forpliktar seg til å styrkje og utvikle det tosidige og fleirsidige samarbeidet innanfor OSSE, med Dei sameinte nasjonane og med andre internasjonale og regionale organisasjonar, for å føre kamp mot terrorisme i kvar form, same korleis han ytrar seg, og utan omsyn til kvar eller av kven han vert utført. OSSE er, som ei regional ordning etter kapittel VIII i FN-pakta, fast bestemt på å medverke til å oppfylle dei internasjonale forpliktingane som er nedfelte i mellom anna resolusjon 1373 (2001) frå Tryggingrådet i FN, og organisasjonen vil handle i samsvar med føremåla og prinsippa i FN-pakta. Deltakarstatane i OSSE forpliktar seg til å bli part i alle dei 12 FN-konvensjonane som omhandlar terrorisme, og dei tilhøyrande protokollane, så snart det lèt seg gjere. Dei ber om at forhandlingane om ein omfattande FN-konvensjon om internasjonal terrorisme vert slutførde raskt.

Deltakarstatane i OSSE har kome saman i politisk solidaritet for å gjennomføre felles tiltak. Dei ser fram til det viktige tilskotet som Den internasjonale konferansen om auka tryggleik og stabilitet i Sentral-Asia, som skal haldast i Bisjkek 13. og 14. desember 2001, kan yte til den globale innsatsen mot terrorismen, og dei vil på oppmoding støtte dei sentralasiatiske partnerane, mellom anna ved å gje dei fagleg hjelp, slik at dei kan svare på terrortruslar utanfrå.

For dette føremålet vedtek OSSEs ministerråd Bucuresti-handlingsplanen for kamp mot terrorisme, som eit vedlegg til dette vedtaket.

Bucuresti-handlingsplanen for kamp mot terrorisme

I. Føremålet med handlingsplanen

1. Terrorismen utgjer ein trussel mot freden og tryggleiken i verda, både i OSSE-området og andre stader. OSSE er klar til å yte eit tilskot til kampen mot terrorismen, i nært samarbeid med andre organisasjonar og forum. Dette tilskotet skal vere i samsvar med Plattforma for kooperativ tryggleik og skal dra nytte av eit samspel mellom den globale og den regionale innsatsen mot terrorisme under leiing av FN. Deltakarstatane i OSSE vil setje sin politiske vilje og sine ressursar og praktiske reiskapar inn på å gjennomføre det dei har forplikta seg til i eksisterande internasjonale konvensjonar om terrorisme, og lovar å intensivere innsatsen, både på nasjonalt, bilateralt og multilateralt plan, for å få bukt med terrorismen.

2. OSSE vil prøve å gje eit tilskot til den verdsomspennande innsatsen for å få bukt med terrorismen ut ifrå særtrekka, dei sterke sidene og dei komparative fordelane til organisasjonen: omgrepet full tryggleik, som bind saman den politiske og militære, den menneskelege og den økonomiske dimensjonen; den breie samansetjinga av medlemmene; organisasjonen si erfaring frå felten, og den sakkunna organisasjonen har når det gjeld tidleg varsling, førebygging av konflikhtar, krisehandtering, atterreising etter konflikhtar og oppbygging av demokratiske institusjonar. I tillegg fell mange effektive tiltak mot terrorismen innanfor område der OSSE allereie er aktiv og har kompetanse, til dømes politiopplæring og politiovervaking, reformering av lovgjeving og rettsstell og overvaking av grenser.

3. Siktemålet med handlingsplanen er å opprette ei ramme for omfattande tiltak frå OSSE si side, som deltakarlanda og organisasjonen i sin heilskap skal gjennomføra for å motverke terrorismen, med full respekt for folkeretten, medrekna den internasjonale lovgivinga om menneskerettar og andre relevante normer i folkeretten. Handlingsplanen har som mål å utvide eksisterande aktivitetar som medverkar til kampen mot terrorismen, leggje til rette for samhandling mellom statar og eventuelt finne på nye åtgjerder. Handlingsplanen, som byggjer på ei erkjenning av at kampen mot terrorismen krev ein vedvarande innsats, skal både fastsetje tiltak som skal setjast i verk straks, og tiltak som skal gjennomførast på mellomlang og lang sikt.

II. Internasjonale juridiske og politiske forpliktingar

4. FN-konvensjonane og resolusjonane frå Tryggingsrådet i FN (UNSCR) utgjer den globale juridiske ramma for kampen mot terrorismen. UNSCR 1269 (1999) og UNSCR 1368, 1373 og 1377 (2001) utgjer grunnlaget for denne ramma, saman med dei 12 relevante FN-konvensjonane om spørsmål som gjeld kampen mot terrorismen, og dei tilhøyrande protokollane, og dei omfattar ei rekkje spesifikke element for å motverke terrorismen. I tillegg gjer ei rad OSSE-dokument, mellom anna toppmøteerklæringar frå Helsingfors til Istanbul, greie for OSSE sitt engasjement for å få bukt med terrorismen, i samsvar med FN-pakta. Det må arbeidast for og sikrast at så mange som råd er av deltakarstatane deltek i og gjennomfører eksisterande dokument og forpliktingar når det gjeld kampen mot terrorismen.

5. Deltakarstatane: Erkjenner den viktige rolla som parlamentarikarar kan spele når det gjeld ratifisering og andre prosessar i tilknytning til antiterror-

lovgjevinga, og forpliktar seg til å gjere ein innsats for å bli part i alle dei 12 FN-konvensjonane som gjeld terrorisme, og dei tilhøyrande protokollane, innan 31. desember 2002, dersom det let seg gjere. Statane vert oppmoda til å informere Det faste rådet om steg dei tek i denne samanhengen. Dei skal delta på ein konstruktiv måte i dei pågåande forhandlingane i FN om ein omfattande konvensjon mot internasjonal terrorisme og ein internasjonal konvensjon til førebygging av kjernefysiske terrorhandlingar, med sikte på ei snarleg og vellykka slutføring av forhandlingane.

6. *Kontoret for demokratiske institusjonar og menneskerettar (ODIHR)*: Skal, etter formell oppmoding frå interesserte deltakarstatar og der det er behov for det, tilby fagleg hjelp og rådgjeving når det gjeld formulering av lover som krevst for ratifisering av internasjonale dokument, i nært samarbeid med andre organisasjonar, mellom dei FN's kontor for kontroll med narkotika og førebygging av kriminalitet (UNODCCP).

7. *Deltakarstatane*: Vil vurdere korleis OSSE kan dra nytte av praksis og erfaringar frå andre relevante grupper, organisasjonar, institusjonar og forum, på område som samarbeid med politi og rettsstell, førebygging og forhindring av finansiering av terrorisme, forbod mot andre former for støtte, grensekontrollar, medrekna visum- og dokumentkontroll, og tilgang til opplysningar for politi og rettsstell.

8. Deltakarstatane vil også bruke Forum for tryggingssamarbeid (FSC) for å styrkje innsatsen sin i kampen mot terrorismen, gjennom full og rettidig gjennomføring av alle relevante tiltak som OSSE har vedteke. For dette føremålet vil dei betre gjennomføringa av eksisterande politiske og militære avtalar og engasjement, særleg Åtferdskodeksen for politiske og militære sider ved tryggleiken og Dokumentet om handvåpen og lette våpen (SALW).

FSC vil undersøkje kor relevante dei andre dokumenta til forumet er for kampen mot terrorismen, og vurdere om det er behov for å utarbeide ytterlegare retningslinjer og tiltak. Tryggingdialogen kan tenne som eit høveleg grunnlag for jamlege samråd om desse spørsmåla innanfor FSC.

Deltakarstatane vil leggje fram svar på spørjeskjemaet om åtferdskodeksen, som gjev betre innsyn i internasjonale, nasjonale og regionale forpliktingar i kampen mot terrorismen, særleg relevante FN-konvensjonar og FN-resolusjonar. FSC vil vurdere korleis Dokumentet om SALW, mellom anna del V om tidleg varsling, konfliktførebygging, krisehandtering og atterreising etter konfliktar, kan gjennomførast fullt ut. FSC vil undersøkje om det er råd å få til betre innsyn når det gjeld nasjonale registreringssystem, eksport og import og nasjonale våpenlagersrutinar og tryggingssprosedyrar, primært ved å gå gjennom dei opplysningane som vert utveksla på denne måten, og utarbeide så gode retningslinjer som råd er. Oppfølgingskonferansen om åtferdskodeksen og seminaret om SALW, som begge vil finne stad i 2002, kan styrkje bruken av desse dokumenta ytterlegare i kampen mot terrorismen.

III. Førebyggjande tiltak mot terrorisme i OSSE-området

9. Det finst ingen omstende eller årsaker som kan rettferdiggjere terrorhandlingar. Samtidig er det ei rad sosiale, økonomiske, politiske og andre faktorar, mellom anna valdeleg separatisme og ekstremisme, som skaper miljø som terroristorganisasjonar kan rekruttere og skaffe seg støtte frå. OSSEs utv-

ida tilnærming til tryggleik gjev komparative fordelar i kampen mot terrorisme gjennom kartlegging av og fokusering på desse faktorane i alle relevante OSSE-dokument og OSSE-strukturar.

10. *Utvikling av institusjonar og styrking av rettsstaten og statlege styresmakter: ODIHR*: Vil føre vidare og auke innsatsen når det gjeld å fremje og gje hjelp til utvikling av demokratiske institusjonar, når ein stat ber om slik hjelp, mellom anna ved å hjelpe til med å styrkje den administrative kapasiteten, lokale og sentrale styresmakter og parlamentariske strukturar, domstolane, ombodsmannsinstitusjonar og det sivile samfunnet. Vil leggje til rette for utveksling av erfaring og dei beste framgangsmåtane mellom deltakarstatane i denne samanhengen. Vil halde fram med å utvikle prosjekt for å styrkje demokratiske institusjonar og det sivile samfunnet og fremje god maktutøving.

11. *Fremjing av menneskerettar, toleranse og kulturelt mangfald: Deltakarstatane/Det faste rådet/ODIHR/Høgkommisæreren for nasjonale minoritetar (HCNM)/Representanten for frie medium*: Skal fremje toleranse, sameksistens og harmoniske relasjonar mellom etniske, religiøse, språklege og andre grupper, til liks med konstruktivt samarbeid mellom deltakarstatane i så måte. Skal sørgje for tidleg varsling om og høvelege reaksjonar på vald, intoleranse, ekstremisme og diskriminering mot desse gruppene og samtidig fremje respekten deira for rettsstaten, demokratiske verdiar og fridomen til det enkelte mennesket. Skal arbeide for å sikre at personar som tilhøyrer nasjonale minoritetar, har rett til fritt å gje uttrykk for, halde ved lag og utvikle sin etniske, kulturelle, språklege og religiøse identitet.

12. *Representanten for frie medium*: Skal vurdere utvikling av prosjekt med sikte på å fremje toleranse for folk med andre overtydingar og andre livssyn gjennom bruk av media. Skal fremje tiltak for å førebyggje og motarbeide aggressiv nasjonalisme, rasisme, sjåvinisme, framandfrykt og antisemittisme i media. Skal halde fram med å oppmuntre til pluralistisk debatt og auka merksemd frå media når det gjeld å fremje toleranse for etnisk, religiøst, språkleg og kulturelt mangfald, og skal fremje brei folkeleg tilgang til media og halde oppsyn med hatefulle ytringar.

13. *Fokus på negative sosio-økonomiske faktorar: Deltakarstatane/sekretariatet*: Vil gå inn for å kartleggje økonomiske spørsmål og miljøspørsmål som undergrev tryggleiken, til dømes dårleg styring, korrupsjon, illegal økonomisk verksemd, stor arbeidsløyse, utbreidd fattigdom og store ulikskapar, demografiske faktorar og uforsvarleg bruk av naturressursar, og vil freiste å motverke slike faktorar med hjelp frå kontoret til Samordnaren for OSSEs økonomiske og miljømessige aktivitetar (OCEEA), etter eiga oppmoding, og fungere mellom anna som katalysator for tiltak og samarbeid.

14. *Førebygging av valdeleg konflikt og fremjing av fredelege løysingar på tvistar. OSSE*: Vil gjere bruk av heile sin kapasitet og føre vidare og intensivere arbeidet med tidleg varsling og høveleg reaksjon, førebygging av konflikhtar, krisehandtering og atterreisning etter konflikhtar, vil styrkje evna si til å løyse konflikhtar, vil styrkje innsatsen for å finne varige løysingar på uløyste konflikhtar, mellom anna ved å fremje prinsippa for rettsstaten og førebyggje kriminalitet i slike konfliktsoner gjennom auka samarbeid med Dei sameinte

nasjonane, Den europeiske unionen og andre internasjonale organisasjonar, og vil utvikle vidare evna si til rask utplassering (REACT) i krisesituasjonar.

15. *Handsaming av flyktningproblem som vert langvarige: Deltakarstatane/ODIHR/HCNM/Representanten for frie medium:* Vil studere korleis det er råd å styrkje OSSEs potensial når det gjeld å medverke til varige løysingar, ved å støtte og samarbeide nært med andre aktuelle organisasjonar, særleg kontoret til FNs høgkommissær for flyktningar. Vil halde nøye auge med situasjonar der flyktningproblem dreg ut.

16. *Styrking av den nasjonale antiterrorlovgevinga: Deltakarstatane:* Vil engasjere seg for å gjennomføre alle forpliktingar dei har teke på seg i relevante konvensjonar og protokollar som gjeld terrorisme, til liks med FN-konvensjonen mot grenseoverskridande organisert kriminalitet, med tilhøyrande tilleggsprotokollar, utveksle informasjon og metodar i den samanhengen og vurdere, på tosidige og subregionale møte og møte der heile OSSE er med, korleis ein kan samarbeide om gjennomføringa.

17. *OSSEs parlamentarikarforsamling:* Vil føre vidare innsatsen for å fremje dialog mellom parlamentarikarane i OSSE, med sikte på å styrkje lovgjeving som er viktig for kampen mot terrorismen.

18. *ODIHR:* Skal, på oppmoding frå interesserte deltakarstatar og der det er aktuelt, tilby fagleg hjelp/rådgeving når det gjeld gjennomføring av internasjonale konvensjonar og protokollar mot bruk av terror, og korleis denne lovgjevinga skal samsvare med internasjonale standardar, i tråd med vedtak frå Det faste rådet, og gå inn for samarbeid med andre organisasjonar, særleg med UNODCCP, for dette føremålet. Skal vurdere korleis det kan leggjast til rette for kontakt mellom nasjonale sakkunnige for å fremje utveksling av informasjon og dei beste framgangsmåtane når det gjeld antiterrorlovgeving.

19. *Hjelp til handheving av lovene og kamp mot organisert kriminalitet: Deltakarstatane:* Har merka seg dei nære banda mellom terrorisme og organisert kriminalitet over landegrensene, ulovleg handel med narkotika, kvitvasking av pengar og ulovleg våpenhandel og vil gjennomføre dei tiltaka som krevst for å hindre at det på territoriet deira vert drive verksemd av personar, grupper eller organisasjonar som oppmodar til, finansierer, organiserer, legg til rette for eller er med og gjennomfører terrorhandlingar eller anna illegal verksemd med det siktemålet å styrte det politiske regimet i ein annan deltakarstat med valdelege middel. Vil gje kvarandre all hjelp dei kan, når det gjeld informasjon i samband med etterforsking av brotsverk eller rettssaker som gjeld utvising på grunn av brotsverk i samband med terrorhandlingar, i samsvar med deira nasjonale lovgjeving og internasjonale forpliktingar.

20. *Det faste rådet:* Vil vurdere å arrangere regelmessige møte mellom tenestemenn frå politi og rettsstell i deltakarstatane og, der det lèt seg gjere, sakkunnige frå OSSE med relevant erfaring på området, for å drøfte kva som er dei beste framgangsmåtane, og korleis samarbeidet kan betrast.

21. *Sekretariatet:* Vil på oppmoding hjelpe deltakarstatane gjennom tiltak for å få bukt med handelen med menneske, narkotika og handvåpen og lette våpen, i samsvar med aktuelle vedtak frå Det faste rådet, og vil hjelpe til med å leggje til rette for betre grenseovervaking, der dette trengst. Vil òg, på oppmoding frå og etter avtale med dei, gje deltakarstatane rådgeving og hjelp til omstrukturering og/eller atterreising av politiet, kontroll med og opplæring

av eksisterande politikorps, mellom anna opplæring når det gjeld menneskerettar, og styrking av kapasiteten, mellom anna i form av støtte til integrerte eller fleiretniske politikorps. Vil for dette føremålet styrkje dei eksisterande politirelaterte aktivitetane i samband med konfliktførebygging, krisehandtering og atterreising etter konflikhtar.

22. *ODIHR*: Skal på oppmoding tilby deltakarstatane kontinuerleg rådgjeving når det gjeld styrking av dei nasjonale lovene og institusjonane som rettsstaten kviler på, til dømes lovhandhevingsorgan, domstolane og påtales-tyresmaktene, advokatforeiningar og forsvarsadvokatar. Skal styrkje innsatsen for å få bukt med menneskehandelen og hjelpe dei som er offer for denne handelen. Skal gje støtte til fengselsreformer og betring av straffeprosessen, der dette er aktuelt.

23. *Representanten for frie medium*: Skal på oppmoding hjelpe til med å lage utkast til lover til førebygging av misbruk av informasjonsteknologi til terroristføremål, og sørge for at slike lover er i samsvar med det dei har forplikta seg til når det gjeld yringsfridom og fri flyt av informasjon.

24. *Tiltak for å forhindre finansiering av terrorisme. Deltakarstatane*: Vil, innanfor ramma av FN-konvensjonen om kamp mot finansiering av terrorisme og UNSCR 1373 (2001), gjennomføre tiltak for å førebyggje og forhindre finansiering av terrorisme, kriminalisere bevisst yting eller innsamling av midlar til terroristføremål, og fryse terroristaktiva, også med tilvising til UNSCR 1267 (1999). Vil gje rask respons på spørsmål frå ein annan deltakarstat eller aktuelle internasjonale organisasjonar om informasjon, i samsvar med deira nasjonale lovgjeving og pliktene deira etter folkeretten.

25. *Deltakarstatane/sekretariatet*: Vil òg, innanfor ramma av dei økonomiske aktivitetane og miljøaktivitetane for 2002, vurdere korleis dei kan motverke økonomiske faktorar som kan leggje til rette for at terrorisme utviklar seg, økonomiske følgjer av terrorisme og finansiell støtte til terroristar. Vil vurdere korleis OSSE, innanfor ramma av arbeidet med innsyn og kampen mot korrupsjon, kan medverke til den meir omfattande internasjonale innsatsen for å få bukt med terrorismen. Vil vurdere å ta på seg ei rolle som katalysator gjennom å tilby målretta prosjekt for opplæring av personell i innanlandske finansinstitusjonar på område som gjeld kampen mot terrorismen, mellom anna i korleis ein overvaker pengestraumar og hindrar kvitvasking av pengar. Deltakarstatane vil delta konstruktivt i dei komande forhandlingane i FN om eit globalt dokument mot korrupsjon, med sikte på ei snarleg og vellukka slutføring av dei.

26. *Tiltak for å hindre terroristar i å ferdast fritt. Deltakarstatane*: Vil hindre rørslefridommen til terroristar og grupper av terroristar gjennom effektive grensekontrollar og kontroll med utferding av identitetspapir og reisedokument, til liks med tiltak for å forvise seg om at identitetspapir og reisedokument er ekte, og hindre at dei vert etterlikna, forfalska eller brukte på ulovleg vis. Vil bruke slike kontrolltiltak samtidig som dei tek omsyn til pliktene dei har etter internasjonal lovgjeving om flyktningar og menneskerettar. Vil, gjennom korrekt bruk av utestengingsklausulane i Konvensjon om flyktningar sin status av 1951 og tilhøyrande protokoll av 1967, sikre at det ikkje vert gjeve asyl til personar som har delteke i terrorhandlingar. Vil sørge for rask fengsling og rettsforfølging eller utvising av personar som er sikta for ter-

rorhandlingar, i samsvar med pliktene dei har etter folkeretten og nasjonal lovgjeving.

IV. Tiltak innanfor ramma av Plattform for kooperativ tryggleik - samarbeid med andre organisasjonar

27. Dei sameinte nasjonane er ramma for den globale kampen mot terrorismen. Eit nært samarbeid og tett samordning mellom alle aktuelle aktørar må sikrast. OSSE kan ta på seg ei rolle som samordnar for mellomregionale og intraregionale initiativ. OSSE når ut gjennom tette band til ikkje-statlege organisasjonar, det sivile samfunnet og parlamentarikarar, noko som skaper eit stadig tettare nettverk for den internasjonale koalisjonen mot terrorisme.

28. *Deltakarstatane/sekretariatet*: Vil styrkje samarbeidet og utvekslinga av informasjon, både formelt og uformelt, med andre aktuelle grupper, organisasjonar og institusjonar som er involverte i kampen mot terrorismen. Vil styrkje samarbeidet med Den europeiske unionen om analyse og tidleg varsling og forsterke synergien med Stabilitetspakta for Sørøst-Europa og Det sentraleuropeiske initiativet på område som er relevante for kampen mot terrorismen. Vil fremje dialog innanfor OSSE-området om spørsmål som gjeld nye truslar og utfordringar. Vil utvide dialogen med partnarane utanfor OSSE-området, til dømes samarbeidspartnarane ved Middelhavet og samarbeidspartnarane i Asia, Organisasjonen for samarbeid i Shanghai, Konferansen om samkvem og tillitsfremjande tiltak i Asia, Organisasjonen for den islamske konferansen, Den arabiske ligaen, Den afrikanske unionen og dei statane som grensar til OSSEs område, for å utveksle erfaringar og gode framgangsmåtar frå arbeidet for å motverke terrorismen, som kan brukast innanfor OSSE-området.

V. Oppfølging

29. «Den internasjonale konferansen om auka tryggleik og stabilitet i Sentral-Asia: styrking av det omfattande arbeidet for å motverke terrorismen», som skal haldast 13. og 14. desember 2001 i Bisjkek, vil vere eit første høve til å:

- drøfte konkrete erfaringar og dei beste framgangsmåtane for å få bukt med den internasjonale terrorismen med eit breitt utval av deltakarar og på grunnlag av denne handlingsplanen, og
- bruke aktuelle punkt i denne handlingsplanen til å gje praktisk støtte til deltakarstatar i Sentral-Asia, på grunn av dei særlege tryggingsutfordringane som denne regionen er prega av, medrekna økonomisk og fagleg hjelp på område som er av konkret interesse for dei.

30. Generalsekretæren skal, innan 27. desember 2001, rapportere til FNs antiterrorkomité om tiltak som OSSE har gjennomført i kampen mot terrorismen, og han skal deretter informere FN når det krevst. I tillegg vil han regelmessig opplyse Det faste rådet om OSSE sine aktivitetar innanfor ramma av denne handlingsplanen. Han skal utarbeide ein rapport som skal leggjast fram for det neste ministerrådsmøtet/toppmøtet, om aktivitetar som OSSE sine organ gjennomfører i kampen mot terrorismen, og deretter rapportere på oppmoding frå Det faste rådet.

31. Alle OSSE-organ som vert bedne om å gjennomføre tiltak innanfor ramma av denne planen, skal utarbeide og leggje fram for Det faste rådet eit «vegkart» for korleis desse tiltaka skal gjennomførast, medrekna tidsplan, ressurskonsekvensar og opplysningar om aktivitetar som krev ytterlegare vedtak frå Det faste rådet.

På grunnlag av informasjon frå andre OSSE-organ skal sekretariatet utarbeide ei orienterende vurdering av dei administrative og økonomiske følgjene av denne handlingsplanen, medrekna eit eventuelt behov for å opprette ei antiterrorreining eller eit kontaktpunkt i sekretariatet, og kome med tilrådingar, som skal godkjennast av Det faste rådet, om naudsynte ressursar på 2002-budsjettet. Det faste rådet skal, mellom anna gjennom det sitjande formannskapet og med hjelp frå sekretariatet, overvake gjennomføringa av denne handlingsplanen. Det skal også kartleggje kjelder som kan støtte gjennomføringa av antiterroråtgjerder, medrekna grupper av sakkunnige, og eventuelle tilleggsoppgåver som Det faste rådet kan leggje på OSSEs feltoperasjonar, i nært samarbeid og etter avtale med vertsregjeringane.

Vedtak nr. 2. Erklæring frå Ministerrådet

(1)

1. Sidan vi møttest siste gongen, i Wien i november 2000, har OSSE halde fram med å medverke aktivt i Albania, Bosnia-Hercegovina, Kroatia, den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia og Den føderale republikken Jugoslavia. Vi har vore vitne til framgang i store delar av Sørøst-Europa, men vi har også vorte konfronterte med nye utfordringar. OSSE har halde fram med å yte vesentlege tilskot til konfliktførebygging, krisehandtering og stabilisering etter konflikter, og har med dette fremja fred og stabilitet i området. I denne samanhengen understrekar vi kor viktig regionalt samarbeid er for utviklinga i regionen, og særleg samarbeid innanfor ramma av Plattformen for kooperativ tryggleik og EUs stabiliserings- og assosieringsprosess.

2. Vi stadfester på nytt at fred, velstand og stabilitet i Sørøst-Europa er ei av dei strategiske prioriteringane for OSSE. Vi stadfester vår forplikning andsynes Stabilitetspakta for Sørøst-Europa, under leiing av OSSE, som eit viktig initiativ for å fremje målsetjingane demokratisk konsolidering, økonomisk velstand og forsvarleg tryggleik. Vi helsar med glede resultatane frå den regionale konferansen 25. og 26. oktober 2001 i Bucuresti. Denne konferansen sende eit sterkt politisk signal om at landa i regionen vil føre vidare arbeidet sitt for reformer og regionalt samarbeid, og at det internasjonale samfunnet vil oppretthalde si sterke støtte til berekraftig stabilisering, demokratisering, institusjonsoppbygging og økonomisk atterreisning i Sørøst-Europa. Vi oppmodar òg til tettare band mellom pakta og andre regionale initiativ, til dømes Den sørøsteuropeiske samarbeidsprosessen. Vi støttar initiativ som vil styrkje Stabilitetspakta ved å fokusere på nytt og omprioritere verksemda framover. Vi helsar med glede det styrkte regionale samarbeidet om spørsmål som gjeld flyktningar og internt fordrivne personar og oppmodar til vidare samarbeid om dette spørsmålet.

3. Vi støttar fullt ut den territoriale integriteten og dei ukrenkjelege grensene til statane i Sørøst-Europa og fordømmer alle terrorhandlingar,

utan omsyn til kva som er opphavet til dei eller motivasjonen for dei, og alle former for vald med utspring i etnisk nasjonalisme og separatisme. Vi forventar full etterleving av internasjonale forpliktingar, særleg Den allmenne rammeavtalen for fred i Bosnia-Hercegovina (fredsavtalane frå Dayton/Paris) og fullt samarbeid frå alle sider med Den internasjonale domstolen for krigsbrottsverk i det tidlegare Jugoslavia, og vi er glade for dei stega som landa i regionen har teke i den samanhengen. Stadig fleire av dei som er tiltalte for krigsbrottsverk, sit no på tiltalebenken i Haag. Alle dei som er tiltalte av domstolen, må utleverast til ICTY, slik at dei kan stillast for retten.

4. Vi gler oss over slutføringa av rammeavtalen 13. august 2001 og rosar parlamentet for vedtakinga av dei konstitusjonelle endringane 16. november 2001. I den samanhengen verdset vi tilskota frå den sitjande formannen og hans personlege utsending, i nært samarbeid med spesialutsendingane frå Den europeiske unionen og Sambandsstatane, til løysing av krisa. Vi stadfester på nytt at vi forpliktar oss til å respektere suvereniteten, den territoriale integriteten og den einskaplege karakteren til staten, og vi tilbyr oss å gje kontinuerleg hjelp til og støttar sterkt opp om ei fullstendig og rettidig gjennomføring av rammeavtalen. I den samanhengen helsar vi med glede oppmodinga om å medverke til gjennomføring av avtalen, og særleg vedlegg C, medrekna programma for politiopplæring og politireform, media og interetniske tilhøve. Etter avtale og i nært samarbeid og partnerskap med regjeringa vil OSSE stille si erfaring til rådvelde på alle aktuelle område av rammeavtalen, mellom anna for ei vidare styrking av tiltaka for å fremje tillit mellom folkegruppene. Vi ser fram til at den reviderte lova om lokalt sjølvstyre vert vedteken, og vi strekar under at det er viktig at det vert kalla saman til ein gjevarkonferanse så snart som råd etter dette, for å støtte realiseringa av målsetjingane i rammeavtalen og byggje opp att økonomien. Vi fordømmer nye ekstremistiske valdshandlingar og understrekar endå ein gong at berre fredelege politiske løysingar kan sikre ei stabil og demokratisk framtid for landet og ei vidareføring av reformprosessane, noko som vil leggje til rette for utvikling av eit nærare og meir integrert forhold til det euroatlantiske nasjonsfellesskapet, styrkje ytterlegare det fleiretniske demokratiet og fremje fredelege og harmoniske tilhøve mellom innbyggjarane. Eit stabilt og fredeleg land er ein føresetnad for ein meir stabil og velståande region.

5. Vi rosar konsolideringa av demokratiet i Den føderale republikken Jugoslavia og den innsatsen som er gjort for å styrkje rettsstaten, respekten for menneskerettane og dei grunnleggjande fridomane, mellom anna rettane til personar som tilhøyrer nasjonale minoritetar. Vi merkar oss tilskotet frå styresmaktene i Den føderale republikken Jugoslavia til stabiliteten i regionen. Vi er glade for oppnemninga av og arbeidet til OSSEs sendelag til Den føderale republikken Jugoslavia. Vi er klare til å hjelpe det jugoslaviske folket og regjeringa med å styrkje demokratiet. Vi gler oss over den vedvarande innsatsen til regjeringane i Jugoslavia og Serbia for å gjennomføre planen for den sørlege delen av Serbia, og oppmodar alle involverte partar om å vidareføre innsatsen for å sikre ei vellukka gjennomføring. Vi er nøgde med framstega som er gjorde når det gjeld tillitsfremjande tiltak i Sør-Serbia, særleg dei som gjeld fleiretnisk politiopplæring. Vi støttar eit demokratisk Montenegro innanfor eit

demokratisk Jugoslavia og oppmodar til dialog mellom dei føderale og dei republikanske styresmaktene.

6. Vi stadfester på nytt at vi er forplikta til full gjennomføring av trygging-
srådsresolusjon 1244 om Kosovo i Den føderale republikken Jugoslavia,
medrekna etablering av eit trygt samfunn, som kan sikre at alle flyktingar og
internt fordrivne personar kan vende tilbake til heimane sine trygt og uhindra
og på permanent basis, og som kan ta opp problemet med sakna personar. Vi
rosar vedtaket av eit felles UNMIK-FRY-dokument og forventar at det vert
gjennomført fullt ut. Vi helsar med glede at det vart halde val i Kosovo 17.
november 2001 og er nøgde med OSSE og andre internasjonale organisasjo-
nar og institusjonar sine tilskot for å leggje til rette for eit fritt, rettferdig og ink-
luderande val. Valet var eit viktig steg i gjennomføringa av resolusjon 1244 frå
Tryggingsrådet i FN, og det markerer byrjinga på fasen med mellombels
demokratisk sjølvstyre, i samsvar med den konstitusjonelle ramma. Tilhøva
må leggjast til rette for at alle medlemmene av den nye forsamlinga og alle dei
etniske folkegruppene skal få høve til å delta fullt ut i denne prosessen. Vi opp-
modar dei som er valde, og alle dei etniske gruppene om å delta i denne pros-
essen på ein ansvarleg måte.

7. Vi støttar dei demokratisk valde styresmaktene i Bosnia-Hercegovina,
både på statleg nivå og i dei einskilde einingane, og oppmodar dei til å gjere
vidare framsteg, særleg når det gjeld å styrkje dei statlege institusjonane,
opprette eit einskapleg økonomisk område og gje flyktingar og internt
fordrivne personar høve til å vende tilbake, i samsvar med fredsavtalane frå
Dayton/ Paris. Ei kontinuerleg utvikling av det sivile samfunnet og aukande
lokal overtaking av reformprosessen vil vere nøkkelprioriteringar for det
vidare engasjementet frå OSSE si side. Vi rosar høgrepresentanten og OSSEs
sendelag for deira vedvarande innsats for å betre samordninga og effektiv-
iteten i det internasjonale engasjementet når det gjeld den sivile gjennom-
føringa av fredsavtalane frå Dayton/Paris. Vi ønskjer ei rask avgjerd når det
gjeld kva som best kan etterfølgje UNIPTF for å få til ein mjuk og omfattande
overgang. OSSE har erfaring som kan stillast til rådvelde i denne samanhen-
gen.

8. Vi rosar regjeringa i Albania for den positive rolla ho har spela i det
regionale samarbeidet. Vi meiner at valet til nasjonalforsamlinga i Albania i
2001 innebar ein framgang i høve til tidlegare val. Vi bed styresmaktene i Alba-
nia om å gjennomføre tilrådingane i sluttrapporten frå OSSE/ODIHR om par-
lamentsvalet i 2001, og vi oppmodar den politiske opposisjonen til å delta fullt
ut i den politiske prosessen.

9. Vi gler oss over den kontinuerlege framgangen dei kroatisk styres-
maktene kan vise til når det gjeld å gjennomføre demokratiske og økonomiske
reformer, og vi er også glade for dei positive stega som dei kroatisk styres-
maktene har teke for å skape stabilitet i regionen, gjennom ein vesentleg
utvikling av det regionale samarbeidet. Det er i Kroatia og heile regionen si
interesse at det vert arbeidd vidare med slike tiltak. Vi er glade for den vedvar-
ande innsatsen til OSSEs sendelag til Kroatia i 2001, og vi vil gje sendelaget
omfattande støtte i det vidare arbeidet og samarbeidet med kroatisk styres-
makter. Vi ser fram til at det vert gjennomført ytterlegare tiltak både i Kroatia
og i andre land i regionen for å finne forsvarlege løysingar på det vanskelege

problemet med flyktingar og internt fordrivne personar, slik at dei mellom anna får full rett til å vende heim og ta tilbake eigedomane sine i heile regionen.

10. Vi rosar OSSEs kontinuerlege arbeid for å medverke til gjennomføringa av artikkane II og IV i vedlegg 1-B til fredsavtalane frå Dayton/Paris. I denne samanhengen støttar vi tiltak for auka innsyn i og auka demokratisk kontroll med dei væpna styrkane, utveksling av informasjon og andre samarbeidsaktivitetar, i samsvar med artikkel II, som medverkar til å styrkje den gjensidige tilliten og stabiliteten, og arbeid i samsvar med artikkel IV når det gjeld våpenkontroll. Vi ser fram til eit utvida samarbeid om gjennomføringa av Firenze-avtalen. Vi er også glade for vedtakinga av sluttdokumentet frå forhandlingane etter artikkel V i vedlegg 1-B til fredsavtalane frå Dayton/Paris. Vi gler oss over støtte frå Stabilitetspakta for Sørøst-Europa til gjennomføring av våpenkontroll og tillits- og tryggleiksfremjande tiltak.

11. Vi understrekar på nytt engasjementet vårt for å finne ei løysing på problemet med den overdrivne og destabiliserande oppsamlinga og ukontrollerte spreininga av handvåpen og lette våpen, mellom anna og særleg gjennom OSSEs dokument om handvåpen og lette våpen. Vi er glade for tiltak som landa set i gang med dette for auge.

12. Vi har rosande ord om tilskota frå alle landa i Sørøst-Europa når det gjeld å styrkje det regionale samarbeidet og fremje tryggleik og stabilitet i regionen.

(2)

1. Vi merkar oss innsatsen i 2001 frå Republikken Moldova og meklarane frå OSSE, Den russiske føderasjonen og Ukraina for å forhandle fram ei omfattande politisk løysing på Transdnjestr-problemet. Vi understrekar på nytt at løysinga på dette problemet må omfatte ein garanti for suvereniteten og den territoriale integriteten til Republikken Moldova. Vi understrekar behovet for eintydig framgang i 2002. Vi oppmodar i den samanhengen begge sidene, og særleg styresmaktene i Transdnjestr, til snarast å ta opp att forhandlingane, i det eksisterande formatet, om status for Transdnjestr-regionen, slik meklarane nyleg har kome med framlegg om. Vi merkar oss òg behovet for å ta opp andre aktuelle spørsmål innanfor ramma av forhandlingsprosessen, mellom anna spørsmålet om ei styrking av grense- og tollkontrollen.

2. Vi er glade for at Den russiske føderasjonen før den avtalte fristen har oppfylt dei forpliktingane landet tok på seg på OSSEs toppmøte i Istanbul i 1999 om tilbaketrekking og fjerning av materiell som er omfatta av avgrensingane i CFE-avtalen, frå Transdnjestr-regionen i Republikken Moldova før slutten av 2001. Vi rosar Den russiske føderasjonen for å ha gjennomført dette, og vi rosar dei andre partane for deira tilskot til prosessen. Vi meiner dette bør tene som modell for eit konstruktivt og fruktbart samarbeid i andre spørsmål.

3. Vi ser fram til rettidig oppfylting av andre forpliktingar som deltakarstatane i OSSE tok på seg i Istanbul i 1999 når det gjeld Moldova. Vi merkar oss i den samanhengen framgang i 2001 i form av at tilbaketrekkinga frå Transdnjestr-regionen i Republikken Moldova av russisk militært materiell som ikkje er omfatta av CFE-avtalen, har byrja, og at det er gjort førebuingar til tilbaketrekking eller øydelegging av ammunisjon som tilhøyrer Den russiske føderas-

jonen, på ein heilt open måte. Vi takkar dei deltakarstatane som yter tilskot til det frivillige fondet som skal gjere OSSE i stand til å hjelpe Den russiske føderasjonen til å oppfylle i rett tid dei forpliktingane landet tok på seg på toppmøtet i Istanbul i 1999. Vi oppmodar også deltakarstatane til å gje ytterlegare tilskot eller eventuelt førstegongstilskot til det frivillige fondet.

(3)

1. Vi forpliktar oss fullt og fast til å støtte sjølvstendet, suvereniteten og den territoriale integriteten til Georgia og stadfester på nytt tidlegare dokument om Georgia frå OSSE-toppmøte og frå Det faste rådet.

2. Vi er glade for utviklinga i fredsprosessen i Tsjkhinvali-regionen/Sør-Ossetia. Vi set stor pris på arbeidet til OSSEs sitjande formannskap og OSSEs sendelag til Georgia, Europakommisjonen og særleg Den russiske føderasjonen, som har resultert i konkrete framsteg, til dømes praktiske tiltak for å redusere mengda av handvåpen og lette våpen i denne regionen, og semje om eit tidsskjema for framtidige ekspertmøte og møte i den felles kontrollkomisjonen. Vi er glade for den økonomiske hjelpa frå Den europeiske unionen. Vi helsar med glede underskrivinga av den georgisk-russiske avtalen om økonomisk atterreiseing. Vi ser fram til vidare framgang i 2002, på grunnlag av den auka forståinga mellom partane, særleg når det gjeld definisjonen av den politiske statusen til Tsjkhinvali-regionen/Sør-Ossetia innanfor den georgiske staten.

3. Vi stadfester på nytt den leiande rolla som Dei sameinte nasjonane spelar i Abkhasia i Georgia, og rolla til Genève-prosessen som den viktigaste ramma for forhandlingane. Vi fordømmer nedskytinga av eit UNOMIG helikopter 11. oktober og ber innstendig om at alle avtalar vert oppfylte på ærleg vis, medrekna våpenkvileavtalen av 14. mai 1994 frå Moskva. Vi oppmodar partane til å ta opp igjen den konstruktive dialogen, med sikte på å finne ei fullverdig løysing, mellom anna med ein definisjon av den politiske statusen til Abkhasia som ei suveren eining innanfor staten Georgia. Vi er framleis urolege når det gjeld situasjonen for menneskerettane i Abkhasia i Georgia. Vi er overtydde om at det må skapast grunnlag for ei forsvarleg, trygg og verdig tilbakevendning for flyktingar og internt fordrivne personar til dei stadene der dei budde fast tidlegare, som dei har vorte tvungne til å flytte frå som følge av masseøydelegging og tvangsdeportering.

4. Vi verdset det viktige tilskotet til stabilitet og tillit i regionen som OSSEs grenseovervåkingsoperasjon har stått for langs grensa mellom Georgia og Den tsjetsjenske republikken i Den russiske føderasjonen. Vi pålegg Det faste rådet å sjå nærare på framlegg om å utvide grenseovervåkingsoperasjonen til grensa mellom Georgia og Den ingusjiske republikken i Den russiske føderasjonen.

5. Vi gler oss over framgangen vi har sett dette året med omsyn til oppfylling av forpliktingane frå Istanbul når det gjeld framtida til russiske styrkar i Georgia. Stenginga av den russiske basen i Vaziani og tilbaketrekkinga av utstyret frå den russiske basen i Gudauta var viktige steg framover. Vi ser fram til at dei andre forpliktingane frå Istanbul vert gjennomførde. Vi ber om at Georgia og Russland tek opp att forhandlingane om å finne høvelege ordningar for innsyn når det gjeld stenginga av basen i Gudauta. Vi håpar på ei snar-

leg rettsleg overføring av infrastrukturen på den tidlegare russiske militærbasen i Gudauta. Vi ser òg fram til ein snarleg avtale om tidsfrist og nærare reglar for verksemda til resten av dei russiske militæranlegga. Vi er glade for tilskota frå deltakarstatane til det frivillige fondet til støtte for tilbaketrekkinga frå russiske anlegg, og vi er samde om å handsame framlegg frå partane om bruk av fondet som hastesaker.

6. Vi er glade for ambisjonen om godt granneskap og utvikling av samarbeid som kom til uttrykk på møtet mellom presidenten i Russland, Vladimir Putin, og presidenten i Georgia, Eduard Sjevardnadse 30. november 2001, og vi er også glade for avtalen om å oppnemne ein blanda kommisjon som skal etterforske dei rapporterte tilfella av bombardement i grenseområda på den georgiske sida.

(4)

1. For ti år sidan erklærte landa i den sentralasiatiske delen av OSSE-regionen seg sjølvstende og vart medlemmer av organisasjonen. Vi merkar oss med takkemd utviklinga dei har vore gjennom på denne korte tida. Vi konstaterer tilfredse at OSSEs engasjement for å samarbeide med dei fem deltakarstatane i Sentral-Asia har halde fram med å vekse i alle dimensjonane. På grunnlag av si omfattande, tredimensjonale tilnærming til tryggleik skal OSSE finne effektive måtar å fremje vidare politisk og økonomisk utvikling på i Sentral-Asia, i samarbeid med andre internasjonale institusjonar og på grunnlag av Plattformen for kooperativ tryggleik. OSSEs støtte til sosiale, økonomiske og demokratiske reformer vil medverke til stabilitet og velstand i regionen. Vi støttar arbeidet til dei sentralasiatiske deltakarstatane for å fremje samarbeid om økonomisk utvikling.

2. Truslar mot stabiliteten og tryggleiken som kjem frå internasjonal terrorisme, valdeleg ekstremisme, organisert kriminalitet, narkotika og våpenhandel, er problem som vedkjem alle deltakarstatane i OSSE, og dei vert møtte med felles innsats, mellom anna gjennom Bucuresti-handlingsplanen for kamp mot terrorismen. Vi erkjenner dei særskilde problema som dei sentralasiatiske deltakarstatane har i denne samanhengen, som granneland til Afghanistan, og vi vonar at den komande internasjonale konferansen i Bisjkek om auka tryggleik og stabilitet i Sentral-Asia vil verte eit verdifullt tilskot til kampen mot desse problema.

3. Vi er merksame på dei mange utfordringane dei står framfor, og understrekar på nytt sterkt vårt konsekvente engasjement for å støtte dei i arbeidet for å utvikle moderne samfunn og for å skape trygge, stabile og gunstige tilhøve i regionen.

(5)

1. Vi ser med stor uro på at det ikkje har lukkast å finne ei løysing på konflikten i Nagorno-Karabakh, trass i den intensiverte dialogen mellom partane og den aktive støtta frå medformennene i Minsk-gruppa. Vi held fast ved at ei snarleg løysing på denne langvarige konflikten vil medverke til varig fred, tryggleik, stabilitet og samarbeid i Sør-Kaukasus-regionen.

2. Vi understrekar på nytt kor viktig det er at fredssamtalane held fram, og vi oppmodar partane om å føre vidare arbeidet for å finne ei snarleg løysing på

konflikten, på grunnlag av normene og prinsippa i folkeretten. Vi oppmodar òg partane til å prøve å finne fram til ytterlegare tiltak som kan styrkje den gjen-
sidige trua og tilliten, mellom anna frigjeving av krigsfangar.

3. Vi er glade for at partane har forplikta seg til våpenkvile og til å finne ei
fredelig og samla løysing. Vi oppmodar partane til å halde fram med arbeidet
for å finne ei rettferdig og varig løysing, med aktiv støtte frå medformennene.

Vedtak nr. 3. Fremjing av OSSEs rolle som forum for politisk dialog

Ministerrådet -

som erkjenner kor viktig det er å fremje OSSEs rolle som forum for poli-
tisk dialog i det euroatlantiske området,

som er klar over kor viktig den politiske dialogen er, slik at viktige
spørsmål som gjeld tryggleik og samarbeid i Europa, kan verte gjennomdrøfta
av deltakarstatane,

som er merksam på behovet for å gje politisk rettleiing til leiarane for insti-
tusjonar og feltoperasjonar,

som er merksam på at den utvida tilnærminga til tryggleik omfattar den
politiske og militære, den økonomiske og den miljømessige og menneskelege
dimensjonen, og at utviklinga av sakkunne på desse områda kan medverke til
å gjere Det faste rådet sine eigne debattar og konklusjonar djupare og meir
verdifulle -

gjer følgjande vedtak:

1. Som det viktigaste organet for kontinuerlege politiske samråd og vedtak i
OSSE, skal Det faste rådet:
 - a) gje ei permanent ramme for politisk dialog for deltakarstatane,
 - b) konsentrere dei regelmessige møta kvar veke om å drøfte spørsmål
som er av interesse for deltakarstatane,
 - c) halde fram med å gjennomgå rapportar frå OSSEs feltoperasjonar med
jamne mellomrom, med deltaking frå dei respektive leiarane for oper-
asjonane; normalt vil det på førehand verte distribuert skriftlege aktiv-
itetsrapportar til deltakarstatane og halde uformelle og opne drøftin-
gar mellom delegasjonane og leiaren for den aktuelle feltoperasjonen,
 - d) halde fram med å drøfte rapportar frå leiarane for OSSEs institusjonar
med jamne mellomrom, med full respekt for deira respektive mandat,
 - e) gjere bruk av Førebuingskomiteen i arbeidet med å gjere vedtak og for
å få til målretta politiske samråd mellom deltakarstatane,
 - f) halde drøftingar med representantar frå andre internasjonale organ-
isasjonar, når dette er aktuelt, og med andre som kan medverke til den
politiske dialogen om tryggingsspørsmål,
 - g) vedta offentlege erklæringar og fråsegner om emne som er av inter-
esse for regjeringane, det sivile samfunnet og den offentlege opinio-
nen, når det måtte vere behov for det.
2. Ministerrådet minner om paragraf 18 i Tryggingsspakta for Europa og
pålegg Arbeidsgruppa for rettsleg handleevne å halde fram med arbeidet
sitt og freiste å løyse dette problemet.
3. Samordninga og samarbeidet, særleg med OSSEs parlamentarikarforsam-
ling, for å fremje demokratiske verdiar og respekt for menneskerettane og
dei grunnleggjande fridomane, bør styrkjast. Til dette formålet bør det

utviklast ein aktiv kommunikasjon og aktiv samhandling, som bør omfatte felles aktivitetar, mellom Parlamentarikarforsamlinga og andre OSSE-strukturar, alt etter som.

4. Deltakarstatane stadfester på nytt at dei er forplikta til å løyse tvistar med fredelege middel, slik det er fastsett i FN-pakta og i Sluttakta frå Helsingfors.
5. Som ei prioritert målsetjing vil OSSE fornye innsatsen for å løyse konflikhtar i OSSE-området, i samsvar med dei standardane og dei prinsippa som er nedfelte i dokumenta til organisasjonen, og som deltakarstatane har slutta seg til. OSSE vil halde fram med å hjelpe deltakarstatane i arbeidet deira med å løyse slike konflikhtar, og organisasjonen vil på oppmoding frå deltakarstatane involvere seg aktivt for å leggje til rette for eller føre forhandlingar med partane i slike konflikhtar.
6. Møta i Ministerrådet, som det sentrale organet for politiske samråd, vedtak og styring i OSSE, skal førebuast på ein effektiv måte av Det faste rådet, m.a. gjennom:
 - a) fastsetjing av timeplan og organisatoriske reglar, m.a. for kva internasjonale organisasjonar og institusjonar som skal inviterast til møtet,
 - b) utarbeiding av dokument som skal leggjast fram for Ministerrådet, i Førebuingskomiteen eller i opne arbeidsgrupper oppnemnde for dette formålet i god tid i førevegen,
 - c) tilbørleg gjennomgang i Det faste rådet, Førebuingskomiteen eller ei eigna arbeidsgruppe av dei ulike stega i førebuingane.
7. Møta i Det faste rådet og møta i Førebuingskomiteen, andre komitear og i arbeidsgrupper vil verte haldne på ein måte som er inkluderande og på basis av likskap og fri utveksling av synspunkt, for å ta opp interessene til alle deltakarstatane og finne område der dei kan samarbeide og finne kompromiss.
8. For å styrkje den politiske og militære dimensjonen i OSSE skal Forumet for tryggingssamarbeid, som OSSEs organ for kontroll med gjennomføringa av organisasjonen sine forpliktingar på områda våpenkontroll og fremjing av tillit og tryggleik, og for å forhandle fram tiltak på områda våpenkontroll og fremjing av tillit og tryggleik:
 - a) ta for seg dei aspekta ved dei nye trygging utfordringane som fell innanfor forumet sitt mandat, og oppdatere si verksemd i tråd med dette,
 - b) vere nærare knytt til det samla arbeidet med aktuelle tryggingsspørsmål som skjer innanfor OSSE, samtidig som det held på sjølvstendet sitt og kompetansen sin når det gjeld å gjere vedtak, og, til dette formålet, på oppmoding frå Det faste rådet, stille til rådvelde sitt sakkunnige råd om spørsmål av politisk og militær art. Dette kan, alt etter behov, omfatte råd i politiske og militære spørsmål som gjeld OSSEs feltoperasjonar, i samsvar med deira respektive mandat. Forumet for tryggingssamarbeid kan òg gje råd til Det faste rådet eller til den sitjande formannen på eige initiativ,
 - c) halde fram med å oppfylle mandatet sitt og leggje til rette for gjennomføring av eksisterande politiske og militære engasjement, og fungere som ein møtestad der det kan forhandlast fram tiltak på det politiske og militære området, for å auke tryggleiken ved å fremje stabilitet, innsyn og visse.

9. For å leggje til rette for samhandling mellom Det faste rådet og Forumet for tryggingssamarbeid skal OSSEs formannskap vere representert på forumet sine troikamøte. Formannskapet i forumet vil også vere representert på OSSE sine troikamøte om spørsmål som vedkjem FSC.
10. Ministerrådet helsar med glede forumet sin gjennomgang av framgangsmåtane til formannskapet og tiltaka for å auke den organisatoriske effektiviteten.
11. Med tanke på behovet for å styrkje samarbeidet i den økonomiske og miljømessige dimensjonen, og med det siktemålet å betre organisasjonsstrukturen på dette området, er det hermed oppretta ein underkomité for økonomiske spørsmål og miljøspørsmål ved Det faste rådet, utan at dette skal ha innverknad på oppgåvene til Det økonomiske forumet. Han skal normalt kome saman i uformelt format og vanlegvis rapportere til Det faste rådet gjennom Førebuingskomiteen. Han skal ha følgjande oppgåver:
 - a) å gje ei kontinuerleg ramme for dialog mellom deltakarstatane om økonomiske spørsmål og miljøspørsmål, og gje tilrådingar til Det faste rådet, m.a. om prosjekt som skal gjennomførast,
 - b) å hjelpe til med førebuingane til møta i Det økonomiske forumet og gje tilrådingar til Det faste rådet om det framtidige arbeidsprogrammet, m.a. om tiltak for oppfølging av tilrådingar frå forumet,
 - c) å studere viktige eller dagsaktuelle økonomiske spørsmål eller miljøspørsmål som er relevante for OSSE, på oppmoding frå Det faste rådet eller på initiativ frå ein av deltakarstatane,
 - d) å gje råd til Det faste rådet, når det er behov for det, om økonomiske og miljømessige aktivitetar i samanheng med OSSE sine feltoperasjonar, i samsvar med dei respektive mandata til desse.
12. Når det er behov for det, kan underkomiteen innby representantar for næringslivet, samanslutningar av føretak, og aktuelle statlege og ikkje-statlege organisasjonar, det akademiske miljøet og statar som ikkje er med i OSSE, særleg samarbeidspartnarar, til å delta i møta.
13. OSSEs samordnar for økonomiske og miljømessige aktivitetar vil gje støtte til arbeidet med aktivitetane i underkomiteen, i samsvar med mandatet sitt.

Vedtak nr. 4. av Ministerrådet

Ministerrådet -

som merkar seg vedtaket av Det faste rådet som tek sikte på å betre effektiviteten av møte om den menneskelege dimensjonen (PC.DEC/428 av 19. juli 2001) -

pålegg Det faste rådet å på ny gå gjennom reglane om møte om den menneskelege dimensjonen innan 30. juni 2002.

Vedtak nr. 5. av Ministerrådet

Ministerrådet -

som stadfestar at det er uroleg over uttrykk for aggressiv nasjonalisme, rasisme, sjåvinisme, framandfrykt og antisemittisme og valdelig ekstremisme, same kvar dei er,

som tek opp att at det er oppsett på å gjennomføre alle OSSE-forpliktingane som gjeld tiltak i denne samanhengen -

oppmodar deltakarstatane til å fremje toleranse og ikkje-diskriminering m.a. gjennom opplysningskampanjar og utdanning,

oppmodar OSSE-institusjonane, særleg ODIHR, Høgkommissæren for nasjonale minoritetar og Representanten for frie medium, til å vere meir merksame på uttrykk for aggressiv nasjonalisme, rasisme, sjåvinisme, framandfrykt og antisemittisme og valdelig ekstremisme, til å svare på intoleranse og diskriminering på grunnlag av rasemessig eller etnisk opphav eller religiøs, politisk eller anna oppfatning og til å fremje respekt for prinsippa for rettsstaten, demokratiske verdiar, menneskerettar og grunnleggjande fridomar, til dømes ytringsfridom, tankefridom, samvitsfridom, religionsfridom og trusfridom,

pålegg Det faste rådet å vurdere å utarbeide ytterlegare tiltak i denne samanhengen.

Vedtak nr. 6. Av Ministerrådet

Ministerrådet -

som på ny stadfestar forpliktinga si til å kjempe mot alle former for menneskehandel, som påverkar alle deltakarstatane,

som stadfestar forpliktinga si til å utvikle samarbeidet og samhandlinga mellom deltakarstatane når det gjeld tiltak mot menneskehandel og skyldte brotsverk -

oppmodar deltakarstatane til å underskrive og ratifisere FN-konvensjonen mot grenseoverskridande organisert kriminalitet og den supplerande Protokollen for å førebyggje, nedkjempe og straffe handel med menneske, særleg kvinner og born,

helsar velkomen den vellukka fullføringa av OSSEs åtferdskodeks og retningsliner mot menneskehandel samt utdelinga av dei til OSSE-personellet,

stadfestar på ny at det støttar arbeidet som vert gjort i ODIHR, feltoperasjonar og Stabilitetspakta si spesialgruppe for nedkjemping av menneskehandel,

oppmodar til informasjonsutveksling med sikte på å styrkje etterforsking, handheving av lova og kriminalitetsførebygging,

oppmodar deltakarstatane til å skunde på gjennomføringa av dei tiltaka som krevst for å oppfylle forpliktingane dei har etter ministerrådsmøtet i Wien, som omfattar førebygging av menneskehandel, vern av offer og rettsfølging av handlarar og deira medskuldige.

Vedtak nr. 7. Av Ministerrådet

Ministerrådet -

som merkar seg konklusjonane frå Bucuresti-konferansen om like høve for roma- og sintifolket,

som uttrykkjer støtte til arbeidet til Kontaktpunktet for roma- og sintispørsmål og at det står ved forpliktinga si til å styrkje Kontaktpunktet -

pålegg ODIHR å utarbeide ein handlingsplan med målretta aktivitetar som fastsett av Istanbul-toppmøtet, som ein måte å styrkje Kontaktpunktet si evne til å hjelpe deltakarstatane med å oppfylle forpliktingane dei har til å betre situasjonen for roma- og sintifolket, og å leggje han fram for Det faste rådet,

oppmodar Kontaktpunktet for roma- og sintispørsmål til å halde fram arbeidet sitt i nært samarbeid med deltakarstatane, Europarådet og andre aktuelle organisasjonar og å opplyse Det faste rådet om dette arbeidet.

Vedtak nr. 8. Av Ministerrådet

Ministerrådet -

som erkjenner at likestilling mellom kvinner og menn er avgjerande for berekraftig demokrati og stabilitet i OSSE-området,

som er overtydd om kvinnene si evne til å medverke til konfliktførebygging, forsoning og fredsskapande prosessar,

som stadfestar forpliktinga si til å verne og fremje kvinnerettar, og som er klar over at kvinner er sårbare, særleg under og etter konflikhtar,

som er oppsett på å kjempe mot alle former for vald mot kvinner, mellom anna vald i heimen,

som erkjenner behovet for rehabiliteringssenter for kvinner som er utsette for vald,

som helsar velkome at i løpet av dette året var OSSE meir oppteken av problemet med vald mot kvinner, som er eit problem for alle deltakarstatane i OSSE -

oppmodar til å gjennomføre handlingsplanen for kjønsspørsmål, pålegg Det faste rådet å vurdere korleis OSSE kan medverke til å førebyggje vald mot kvinner.

Vedtak nr. 9. Politirelaterte aktivitetar

Ministerrådet -

som på ny stadfestar oppfatninga på Istanbul-toppmøtet om at nye risikoar og utfordringar med omsyn til tryggleiken har oppstått globalt og i OSSE-området, og at desse nye utfordringane - internasjonal terrorisme, valdeleg ekstremisme, organisert kriminalitet og narkotikahandel samt den store og destabiliserande oppsamlinga og ukontrollerte spreinga av handvåpen og lette våpen - representerer veksande utfordringar med omsyn til tryggleiken,

som på ny stadfestar Istanbul-forpliktinga til å samarbeide meir aktivt og nært med kvarandre for å møte desse utfordringane og til å styrkje vernet mot desse nye risikoane og utfordringane,

som merkar seg forpliktinga frå Istanbul om å møte felles utfordringar og oppfatninga om at sterke demokratiske institusjonar og rettstryggleik utgjer grunnlaget for vernet mot desse nye risikoane og utfordringane,

som stadfestar at effektiv politiverksemnd er avgjerande for å oppretthalde rettstryggleiken og å forsvare demokratiske institusjonar,

som òg stadfestar at meir samarbeid mellom og blant deltakarstatane i politirelaterte aktivitetar kan medverke til å møte desse nye risikoane og utfordringane,

som minner om at deltakarstatane i OSSE forplikta seg på Istanbul-topp-møtet til å styrkje evna til å utføre politirelaterte aktivitetar for å medverke til å oppretthalde prinsippa for rettsstaten,

som òg minner om forpliktingane i artikkel 44 og 45 i Tryggingsspakta for Europa, vedteken i Istanbul, som tek sikte på å styrkje OSSE si rolle i sivile, politirelaterte aktivitetar som ein integrerande del av organisasjonens innsats i konfliktførebygging, krisehandtering og atterreising etter konflikhtar,

som òg minner om Istanbul-forpliktinga til å fremje utviklinga av sjølvstendige rettssystem som spelar ei nøkkelrolle når det gjeld å sørgje for at det vert teke rettslige steg mot brot på menneskerettane, og når det gjeld å gje råd og hjelp til reformer av fengselsvesenet,

og til å samarbeide med andre internasjonale organisasjonar om å opprette politiske og rettslege rammer for politiet sitt arbeid, i samsvar med demokratiske prinsipp og prinsippa for rettsstaten, i samsvar med ministerrådsvedtaket av 28. november 2000 om politirelaterte aktivitetar og samtidig som ein merkar seg diskusjonen på møtet for politisakkunnige som vart halde i Wien 28. og 29. juni 2001,

som merkar seg ministerrådsvedtaket av 4. desember 2001 om nedkjemping av terrorisme og lovnaden som alle deltakarstatane i OSSE gav der om å styrkje og utvikle det bilaterale og multilaterale samarbeidet innan OSSE, med Dei sameinte nasjonane og med andre internasjonale og regionale organisasjonar for å kjempe mot alle former og uttrykk for terrorisme, same kvar og av kven det vert gjort, i samsvar med dei internasjonale forpliktingane sine,

som òg erkjenner rolla som lovhandheving spelar når det gjeld å fremje ministerrådsvedtaket av 28. november 2000 om å styrkje OSSE-innsatsen for å nedkjempe menneskehandel, og når det gjeld å gjennomføre vedtaket om Forumet for tryggingssamarbeid av 24. november 2000 i samband med OSSE-dokumentet om handvåpen og lette våpen, og

som merkar seg at deltakarstatane oftare ber OSSE om hjelp i politirelaterte aktivitetar, og at organisasjonen nyleg har utvida innsatsen når det gjeld å overvake politiaktivitetar og å gje politiopplæring, mellom anna i fleiretniske og/eller fleirreligiøse politistyrkar, under kriser og etter konflikhtar -

1. Semst om at når det gjeld utarbeiding av planar for OSSE sine politirelaterte aktivitetar for å møte nye tryggingssamarbeid utfordringar og for å styrkje OSSE sine politirelaterte aktivitetar retta mot konfliktførebygging, krisehandtering og atterreising etter konflikt, skal OSSE:
 - streve etter å sikre kontinuitet i institusjonsoppbygging og ein funksjonell overgang frå og avvikling av internasjonal hjelp,
 - greie ut og byggje på rolla til politiopplæringa, særleg den integrerte politiopplæringa, når det skal byggjast opp polititjenester som heile folket kan ha tillit til, og som eit tillitsskapande tiltak, og
 - sjå nærare på høva og vilkåra for å kunne spele ei rolle når det gjeld handheving av lova.
2. Vedtek å styrkje OSSEs eksisterande politirelaterte aktivitetar innan konfliktførebygging, krisehandtering og atterreising etter konflikhtar, mellom

anna, på oppmoding frå deltakarstatane og med samtykke frå dei, ved å gje råd og hjelp om omstrukturering og/eller atterreising av polititjenester; overvaking og opplæring av eksisterande polititjenester, mellom anna opplæring om menneskerettar og grunnleggjande fridomar; og kapasitet-soppbygging, mellom anna støtte til integrerte eller fleiretniske polititjenester, der det høver.

3. Vedtek å auke og fremje samarbeidet mellom deltakarstatane når det gjeld å svare på nye utfordringar med omsyn til tryggleiken, mellom anna ved:
 - på oppmoding frå deltakarstatane og med samtykke frå dei og, så langt det krevst etter gjeldande OSSE-prosedyrar, etter vedtak i Det faste rådet, å yte og samordne OSSEs politioplæring, mellom anna på sub-regionalt nivå, med sikte på:
 - å betre politiet sin operasjonelle og taktiske kapasitet,
 - å betre dugleiken til politiet på viktige område, mellom anna når det gjeld respekt for menneskerettar og grunnleggjande fridomar og eventuelt handtering av dei kriminelle sidene ved ulovleg migrasjon, og
 - å styrkje lokalpolitiet sin kapasitet til å kjempe mot narkotika, korrupsjon og terrorisme, og
 - på oppmoding frå deltakarstatane og med samtykke frå dei:
 - å gje råd eller å ordne med at det vert gjeve sakkunnige råd om krav til effektiv politiverksemd (behovsvurderingar) og korleis krava skal stettast, mellom anna ved å leggje til rette for eller skaffe finansiering for å gjennomføre slike råd frå OSSE, frå deltakarstatane gjennom finansiering utanom budsjettet, eller frå andre aktuelle internasjonale eller regionale organisasjonar, og,
 - der det høver, å oppmøde til utveksling av informasjon mellom deltakarstatane om røynsler og beste politipraksis når det gjeld å svare på desse nye trygging utfordringane.
4. Til støtte for dei ovannemnde aktivitetane og forpliktingane og i samsvar med Plattformen for kooperativ tryggleik skal OSSE:
 - kalle saman, som høveleg og helst kvart år, til eit møte for politisakkunnige frå deltakarstatane i OSSE og representantar for andre aktuelle internasjonale og regionale særorganisasjonar,
 - sikre at OSSE sine aktivitetar på politirelaterte område vert utførde i samordning med andre aktuelle aktørar og organisasjonar, og skal mellom anna gå gjennom dei og om mogeleg få dei meir i samsvar med den subregionale, regionale og internasjonale innsatsen, med sikte på å gjere dei så effektive som råd og nytta for organisasjonen og vertsdeltakarstaten så stor som råd, og å unngå at ein står utan kompetanse eller har same eller overlappende kompetanse på somme område, og
 - styrkje evna og kapasiteten til organisasjonen til å utforme, gjennomføre og leie ei effektiv politioplæring, overvaking og kapasitetsoppbygging ved OSSE, mellom anna ved å utvikle samband til andre aktuelle organisasjonar og nasjonale organ og dei viktigaste humanitære hjelpeorganisasjonane.
5. I samsvar med dei ovannemnde forpliktingane forpliktar deltakarstatane seg til:
 - å styrkje samarbeidet om politirelaterte spørsmål seg imellom med

- sikte på å svare på nye risikoar og utfordringar med omsyn til tryggleiken, både bilateralt og multilateralt, og, der det høver, ved meir kontakt mellom aktuelle organ, og
- å dele OSSE-sakkunne og -lærdom ein har fått i politirelaterte aktivitetar, med andre aktuelle internasjonale organisasjonar som dei er medlemmer av, med sikte på meir effektive internasjonale tiltak for å svare på desse nye risikoane og utfordringane med omsyn til tryggleiken.
6. Det faste rådet skal kvart år gå gjennom OSSE sine politirelaterte aktivitetar på grunnlag av ein årsrapport om OSSE sine politirelaterte aktivitetar frå Generalsekretæren, mellom anna med sikte på å vurdere korleis desse aktivitetane best kan medverke til å svare på utfordringar med omsyn til tryggleiken, og å fastsetje høvelege oppfølgingstiltak i samsvar med OSSE sine framgangsmåtar.

Vedtak nr. 10. Neste ministerrådsmøte/toppmøte

Ministerrådet -

som helsar velkome tilbodet frå Portugal om å vere vert for neste ministerrådsmøte -

vedtek at ministerrådsmøtet skal haldast i Porto i desember 2002, med mindre ministrane, etter tilråding av Det faste rådet, vedtek noko anna.

Vedtak nr. 11

Ministerrådet vedtek at Nederland skal ha OSSE-formannskapet i år 2003.

Vedtak nr. 12. Sluttdokument frå forhandlingane etter artikkel V i vedlegg 1-B i den allmenne rammeavtalen for fred i Bosnia-Hercegovina

Ministerrådet -

som takkar ambassadør Henry Jacolin, formannskapetets spesialrepresentant, og medarbeidarane hans for det framifrå arbeidet dei har gjort med å arrangere og leie forhandlingane,

helsar velkome at sluttdokumentet frå forhandlingane etter artikkel V i vedlegg 1-B i Den allmenne rammeavtalen for fred i Bosnia-Hercegovina vart vedteke;

understrekar kor viktig det er at Den allmenne rammeavtalen vert gjennomført fullt ut, og ser på vedtakinga av sluttdokumentet som eit viktig steg i denne prosessen,

helsar òg velkomen, som eit verdifullt tilskot til innsatsen som OSSE gjer i kampen mot terrorisme, forpliktinga som deltakarstatane etter artikkel V har teke på seg i sluttdokumentet til å hindre at dei respektive territoria deira vert brukte i samband med førebuing, organisering eller utføring av ekstreme valdshandlingar, mellom anna terroristaktivitetar, mot andre deltakarstatar og innbyggjarane deira.

Vedtak nr. 13. Å rå ministerrådet til å nemne opp att ambassadør Ján Kubiš som OSSEs generalsekretær

Det faste rådet -

som minner om vedtaka som Ministerrådet gjorde på det tredje møtet sitt i Stockholm i 1992 om oppnemning av ein generalsekretær og om mandatet hans,

som òg minner om at mandatperioden til den sitjande generalsekretæren går ut 14. juni 2002, og at ambassadør Ján Kubiš søker om å verte oppatnemnd,

rår Ministerrådet til å nemne opp att ambassadør Ján Kubiš som OSSEs generalsekretær unntaksvis for ein periode på tre år med verknad frå 15. juni 2002. Dette unntaket bør ikkje tolkast som ei endring av reglane om oppnemning av OSSEs generalsekretær.

Vedlegg 2**Rapport frå OSSEs generalsekretær, ambassadør Ján Kubiš, på ministerrådsmøtet i Bucuresti**

Herr president,
Herr statsminister,
Herr formann,
Eksellensar,
Mine damer og herrar

På møtet i OSSEs ministerråd i Wien i fjor hadde eg tru på at eg ville kunne rapportere til Dykk i år at REACT-systemet med rask utplassering av sivile sakkunnige er heilt operativt. Eg er glad for å kunne stadfeste dette til Dykk i dag.

Dei aller fleste av deltakarstatane, og særleg av dei som tradisjonelt kjem med framlegg om kandidatar som kan overførast til sendelaga våre, har utarbeidd system og prosedyrar som støttar REACT-programmet.

Herr formann

I år har OSSE starta ein svært rettidig diskusjon om å auke effektiviteten av arbeidet til og å betre leiinga av organisasjonen, som har vorte fremja med ei fast haldning av det rumenske formannskapet.

Særleg er eg glad for at deltakarstatane ser behovet å betre budsjetteringsprosessen for å skape ein meir målsetjingsorientert og open organisasjon. Budsjetta skal verte eit viktig leiingsverktøy, som legg ramma for planlegginga, gjennomføringa og evalueringa av arbeidet til organisasjonen, organisasjonen sine institusjonar og feltoperasjonar, og dermed også for styrking av den politiske verknaden av og samanhengen i OSSE sine tiltak.

Sekretariatet bør vere eit grunninstrument i OSSE for å fremje og føre ein betre leiingspraksis, jamvel den beste, under rettleiing frå deltakarstatane, med hjelp til dette frå revisorane i interntilsynet og eksterne revisorar.

Her ønskjer eg å helse velkomen også den auka merksemda frå OSSEs parlamentarikarforsamling når det gjeld spørsmål om leiing, ansvar og open-skap, naturlegvis grunna på respekt for mandata til dei ulike delane av OSSE.

Reformeringa av leiinga vil halde fram også i 2002 og deretter. Etter gjennomgangen av leiinga/informasjonsteknologien i år held no sekretariatet på med å utarbeide ein detaljert plan for å betre leiinga/informasjonsteknologien. Kjerneelementa i dette prosjektet vil vere eit nytt system for å handtere integrerte ressursar, eit intranett for heile OSSE, utkontraktering av informasjonsteknologi- og kommunikasjonsstøtte, eit konsolidert elektronisk bibliotek og dokumentarkiv.

Ei viktig side ved leiinga er korleis vi tek vare på alle kategoriane av personale vi har, både i felten og i institusjonane, og korleis vi arbeider saman med dei og vurderer prestasjonane deira.

Vi prioriterer mellom anna ei heilskapleg tilnærming til rekruttering, der vi legg vekt på kvalitet og på å betre utveljingsmetodane slik at rekrutteringsprosessen for både overførte personar og personar med arbeidsavtale vil verte opnare og meir objektiv. REACT-programmet og setta av standardar i

programmet har vore eit langt steg framover og bør brukast som ein målestokk og organisator på dette området for heile OSSE.

Eg må òg understreke at vi står overfor vanskar i mangel på ein avtale om OSSEs rettslege handleevne og om privilegium og immunitet, som kan spegle røyndom og krav i OSSE i dag. Denne situasjonen gjer arbeidet til OSSE, særleg feltoperasjonane, vanskelegare og jamvel farlegare.

Sekretariatet si støtte til OSSE og deltakarstatane og formannskapet strekkjer seg naturlegvis lenger enn til administrativ og fagleg støtte. Etter mandatet til Generalsekretæren skal sekretariatet støtte deltakarstatane og formannskapet i alle aktivitetar som tek sikte på å oppfylle OSSE sine mål, og mellom anna gje aktuelle råd og tilrådingar om formulering og utføring av OSSE sin politikk. Sekretariatet står for den naudsynte kontinuiteten og det institusjonelle minnet til organisasjonen. Generalsekretæren har mandat til å opptre som representant for formannskapet og hjelper, saman med sekretariatet, til med å representere OSSE og å gjere OSSE sin politikk og praksis kjende.

På grunnlag av prinsippa i OSSEs plattform for kooperativ tryggleik søker OSSE meir energisk å betre felles arbeid med andre internasjonale organisasjonar, institusjonar og rammer. Dei viktigaste motstykkane våre er til stades her, og eg helsar dei velkomne og takkar dei for samarbeidet og partnerskapen.

Herr formann

OSSE får stadig nye politiske og operasjonelle verkty til rådvelde, og det hender her i Bucuresti òg. Med avtalen om ein overordna politirådgjevar i sekretariatet vil OSSE kunne gje naudsynt støtte til og styrkje OSSE si rolle i sivile politirelaterte aktivitetar, mellom anna når det gjeld OSSE si pågåande politiverksemde i felten. På liknande måte fastset vedtaket om og handlingsplanen for å nedkjempe terrorisme ei ramme for eit omfattande OSSE-engasjement, som òg vert støtta av sekretariatet.

Herr formann

Til slutt vil eg gjerne takke deltakarstatane og det rumenske formannskapet og minister Geoan a, for støtta som sekretariatet og eg sjølv har fått. Eg kan berre love, på våre vegner, at vi vil gjere vårt beste for å hjelpe Dykk og organisasjonen i alle aktivitetar som fremjar verdiane og målsetjingane til OSSE.

Takk for merksemda.

Vedlegg 3

Formannskapets aktivitetsrapport for 2001

Innleiande merknader

I 2001 stod OSSE overfor eit komplisert og skiftande tryggleiksklima. Det var hektisk aktivitet i alle internasjonale organisasjonar som har med tryggleiken til det euroatlantiske området å gjere, for å finne løysingar på eksisterande kriser ved deltaking i møte der forma og framtida til Europa vart drøfta, og i samråd om betre samarbeid mellom dei ulike strukturane med sikte på å styrkje tryggleiken og stabiliteten i heile Europa.

Tiltak mot krisa i den tidlegare Jugoslaviske republikken Makedonia og mot terroriståtaka på USA 11. september stod høgt på dagsordenen til formannskapet. Organisasjonen reagerte raskt og effektivt på begge situasjonane.

Då Romania overtok formannskapet, ville dei sikre at OSSE tok opp spørsmål som opptok alle deltakarstatane og borgarane deira, på ein praktisk og handlingsorientert måte. Prioriteringane og måla til det rumenske formannskapet vart presenterte i den første talen formannen heldt til Det faste rådet 11. januar i Wien. Blant desse prioriteringane og måla var å etterleve normene, prinsippa og forpliktingane til OSSE; å styrkje OSSE som ein aktiv reiskap for konfliktførebygging, tidleg varsling, krisehandtering og atterreisning etter konflikter; å fremje rettstryggleik og menneskerettar; å styrkje arbeidet til OSSE på andre område, til dømes økonomi og miljø; å setje OSSE i stand til å møte nye tryggingsutfordringar, til dømes organisert kriminalitet og korrupsjon, internasjonal terrorisme og ekstremisme; institusjonell konsolidering av OSSE og å styrkje samarbeidet med andre internasjonale organisasjonar som arbeider på område som er relevante for OSSE.

Det overordna målet til formannskapet var å medverke til å betre den politiske, økonomiske og miljømessige tryggleiken til borgarane i deltakarstatane i OSSE på grunnlag av respekt for menneskerettane. Ein var særleg oppteken av at OSSE bør rette større merksemd mot regionar som har vore lite i det internasjonale rampelyset, til dømes Kaukasus og Sentral-Asia.

Det aktuelle tidsrommet var prega av ein del positive utviklingstrekk i mange av deltakarstatane i OSSE, særleg i Den føderale republikken Jugoslavia. Det finst likevel alt for mange stader med konflikter, økonomiske og sosiale skilnader, og mangel på politisk fridom og toleranse. Samfunna i deltakarstatane i OSSE står overfor nye truslar som terrorisme, organisert kriminalitet, handel med menneske og narkotika, og utbreidd korrupsjon.

«Fastlåste konflikter» vekte stadig meir uro. Det er reell fare for at slike konflikter kan utvikle sin eigen dynamikk. Det vart gjort framsteg i gjennomføringa av Istanbul-forpliktingane med omsyn til tilbaketrekking av framande troppar og ammunisjon. Desse forpliktingane bør vidareførast. Nye innsatsar og framgangsmåtar bør gjenopprette den politiske konfliktløysingsprosessen på desse områda.

Formannen vitja nesten alle spenningsområda og hadde møte med representantar for deltakarstatane og for internasjonale organisasjonar og institusjonar. På desse møta kunne ein drøfte spørsmål av interesse for OSSE. Det

vart utvikla nærare samband med troikamedlemmene (Austerrike og Portugal) og med sekretariatet og institusjonane i OSSE. Det vart halde tre minis-termøte (23. januar, 20. juni og 2. desember) med troikamedlemmene i OSSE i Bucuresti i løpet av tidsrommet som vert gjennomgått her. Formannen hadde møte med sendelagsleiarane i OSSE 22. og 23. januar og med ambasadørane frå deltakarstatane i OSSE 25. april og 20. juli i Bucuresti.

Kamp mot nye tryggleiksriskoar

Åtaka på USA 11. september opna meir enn noka anna enkelthandling augo våre for faren som internasjonal terrorisme utgjer for fridom, humanitet og tryggleik for deneinskilde . Dette er verdiar OSSE er forplikta til å forsvare og bevare. Organisasjonen fordømde åtaka på det sterkaste og støtta fullt ut opprettinga av ein brei internasjonal koalisjon mot terrorisme. OSSE har som andre internasjonale organisasjonar byrja å vurdere kva særskilde tilskot organisasjonen kan gje i den internasjonale kampen mot terrorisme. I den ekstraordinære talen sin til Det faste rådet 21. september nemnde formannen tre område der OSSE kan gje verdifulle tilskot:

- dra nytte av politisk vilje og solidaritet i ei forplikting til felles handling gjennom eit handlingsorientert vedtak om og ein handlingsplan for å kjempe mot terrorisme, som skal gjerast og vedtakast av Ministerrådet i Bucuresti,
- rette merksemda mot å ta opp underliggjande årsaker som økonomisk og sosial isolasjon, som kan vere fruktbar grobotn for ekstreme ideologiar, og å kjempe mot dei organiserte «gråsonene» i kriminaliteten, til dømes menneske- og våpenhandel,
- fungere som brubyggjar mellom regionale initiativ med sikte på å fastsetje felles prioriteringar.

I tillegg til handlingsplanen som er sendt Ministerrådet, er det kalla inn til ein konferanse i Bisjkek 13. og 14. desember kalla Den internasjonale konferansen om større tryggleik og stabilitet i Sentral-Asia: styrking av den samla innsatsen mot terrorisme. Deltakarstatane vil her drøfte og dele røynslene dei har med å førebyggje og kjempe mot terrorisme og liknande kriminalitet i heile OSSE-området. Konferansen vert halden ti dagar etter Ministerrådet og vil samtidig vere eit høve til å starte gjennomføringa av vedtak og innhald i dokument vedtekne i Bucuresti og andre aktuelle internasjonale dokument.

I kampen mot organisert kriminalitet vart merksemda retta særleg mot ulovleg menneskehandel. Formannskapet organiserte i samarbeid med Det sørausteuropiske samarbeidsinitiativets (SECIs) regionale senter ein regional konferanse om kamp mot menneskehandel og ulovleg innvandring (Bucuresti 21. mai 2001), der regjeringar og politistyresmakter var representerte på høgt nivå. Dei omsamde konklusjonane frå dette møtet fastsette prioriteringar for nasjonalt, regionalt og internasjonalt samordna tiltak for å avskaffe menneskehandel, der Stabilitetspaktas arbeidsgruppe for handel med menneske bør spele ei avgjerande rolle.

Regionale spørsmål

I arbeidet til formannskapet og OSSE som eit heile vart det i 2001 sett skarpt fokus på regionale spørsmål.

Formannskapet har prioritert *Søraust-Europa*. Formannen vitja alle fel-trepresentasjonane til OSSE i Søraust-Europa fleire gonger; han innsette OSSE-sendelaget i Beograd; deltok på møtet til sendelagsleiarane i Beograd; utnemnde ein personleg representant til Stabilitetspakta; oppmuntra til dialog, konsolidering av demokratiske institusjonar, rettstryggleik og respekt for menneskerettane og til regionalt samarbeid; støtta førebuingane til og overvakinga av valprosessane i regionen - der Kosovo utgjorde det viktigaste tilfellet; han tok opp hastesaker som situasjonen i den tidlegare Jugoslaviske republikken Makedonia, og han opprettheldt medvitet om problem for heile regionen.

Den vellukka reintegreringa av *Den føderale republikken Jugoslavia* i OSSE-familien utgjer eit vesentleg tilskot til konsolideringa av demokratiet i dette landet og til den allmenne tryggleiken og stabiliteten i det sørlege Europa. OSSE-sendelaget i Beograd samarbeider nært med styresmaktene og er aktivt engasjert i å hjelpe dei med å skape eit fullverdig demokrati, respekt for menneskerettane og grunnleggjande rettar, mellom anna rettar for personar som tilhøyrer nasjonale minoritetar. I denne samanhengen er samarbeid med Europarådet avgjerande. Sendelaget oppmuntra til og støtta ei fredeleg, politisk løysing på krisene i det sørlege Serbia og forplikta seg til å setje i verk tillitsskapande tiltak, særleg når det gjeld fleiretnisk politiopplæring. Det bør gjerast ytterlegare innsats for å konsolidere situasjonen og gjennomføre dei eksisterande avtalane fullt ut og innan fastsette tidsfristar. Sendelaget støttar framleis denne innsatsen og er òg aktivt på område som juridisk reform, media og reform av valvgjevinga. Det vil verte opna eit OSSE-kontor i Podgorica 1. januar 2002.

Med omsyn til *Montenegro* var hovudbodskapen til formannen å omdefinere bindeledda innan føderasjonen gjennom vidareført dialog. OSSE støttar konsolideringa av demokratiske institusjonar i både Montenegro og Serbia som ein del av eit demokratisk Jugoslavia. Det er av avgjerande verdi at alle partar semst om lova om folkerøysting i Montenegro, og at lova følgjer best mogeleg internasjonal praksis for at resultata av folkerøystinga skal kunne godtakast både nasjonalt og av det internasjonale samfunnet elles.

Det vart retta særleg merksemd mot utviklinga i *Kosovo*. Valet 17. november, som vart organisert av OSSE, var den viktigaste hendinga i provinsen dette året og er avgjerande for oppbygginga av eit fleiretnisk samfunn og for at dei mellombelse sjølvstyreinstitusjonane skal kunne verke, i samsvar med resolusjon 1244 frå Tryggingrådet i Dei sameinte nasjonane. Kosovo gjev eit døme på samarbeidet mellom OSSE og Dei sameinte nasjonane ikkje berre under førebuingar til val, men også på andre område, til dømes når det gjeld opplæring av politiet i Kosovo (KPS), rettsstellet og vern av menneskerettane.

For å sikre at dei mellombelse sjølvstyreinstitusjonane fungerer på ein fullgod måte, oppmoda OSSE alle medlemmene i den nyleg valde Forsamlinga, og alle etniske samfunn, til å delta fullt ut i prosessen. Både FN's sivile administrasjon for Kosovo (UNMIK) og OMIK vil halde fram med å samarbeide og

vidare utøve ansvaret sitt overfor utviklinga av eit demokratisk, fleiretnisk samfunn i Kosovo. Varige løysingar på vedvarande spørsmål - auka tryggleik, heimsending av flyktningar og fordrivne og sakna personar - vil medverke til å trygge sikre omgjevnader.

Krisa i *den tidlegare Jugoslaviske republikken Makedonia* var ei enorm utfordring for OSSE og formannskapet. Tidleg i mars førte vald mellom etniske albanske væpna grupper og makedonske tryggingstyrkar nær grensa til Kosovo nesten til borgarkrig i landet. OSSE freista i samarbeid med NATO og Den europeiske unionen å få til ein varig fredsavtale. Ambassadør Max van der Stoel, formannens personlege utsending til den tidlegare Jugoslaviske republikken Makedonia, ytte verdifull hjelp ved inngåinga av rammeavtalen og har fått lovord for dette arbeidet. Innsatsen til OSSE var retta mot ei fredeleg stabilisering av situasjonen. I den første halvdel av mandatet freista formannskapet å få til ein avtale mellom dei makedonske og albanske leiarane. Etter at rammeavtalen vart underskriven 13. august, fokuserte formannskapet på å få gjennomført alle føresegnene i han. Til dette trongst det eit utvida sendelag. Eit første steg var å doble det internasjonale personalet i OSSE-sendelageti Skopje. Etter oppmoding frå den makedonske regjeringa godtok OSSE straks å ta på seg ei større rolle, mellom anna å overvake heimsending av flyktningar og å lære opp polititeneestemenn. OSSE-sendelaget i Skopje er no eit av dei største (over 200 internasjonale observatørar).

I *Bosnia-Hercegovina* heldt OSSE fram med å hjelpe til i prosessen med å skape tilfredsstillande vilkår for ei konsolidering av institusjonane i landet med sikte på å fremje eit levedyktig demokrati etter kvart som hjelpa og støtta utanfrå gradvis minkar. OSSE hjalp styresmaktene med å utarbeide, vedta og gjennomføre den nye vallovgjevinga og oppmoda dei til å gå vidare til å organisere val i framtida. Formannskapet støtta det nære samarbeidet mellom OSSE, Høgrepresentantens kontor, FN og FN-organ, og Den internasjonale stabiliseringsstyrken for det tidlegare Jugoslavia (SFOR) når vi no går inn i den neste fasen av gjennomføringa av fred i Bosnia-Hercegovina. Formannskapet ser òg med uro på motstanden frå dei nasjonalistiske leiarane mot gjennomføringa av Dayton-avtalen og på den langsame gjennomføringa av heimsendinga av flyktningar og internt fordrivne personar i heile regionen.

I *Kroatia* heldt OSSE fram å støtte landet ved å oppfylle pliktene sine og å oppfylle målet til organisasjonen om europeisk integrering. Halvårsgjennomgangen vurderte strukturen og styrken til sendelaget samt utviklinga i Kroatia. Denne viste at det trongst ei vidareføring av lagarbeidet mellom OSSE og Den kroatiske regjeringa på dei områda av felles interesse som stod att, og det vart gjort eit vedtak om å redusere det internasjonale personalet i sendelaget. Ein ser for seg at den vidare restruktureringa av sendelaget vil kome som ei følgje av Kroatias framdrift når det gjeld å oppfylle pliktene sine. Det er gjort framsteg innan demokratiseringa, media og politiet. Når det gjeld heimsending og reintegrering av flyktningar (medrekna tilbakeføring av eigedom, atterreisning og sosial attføring), reform av lovgjevinga og handheving av lova, står det framleis mykje arbeid att. OSSE-sendelaget og den kroatiske regjeringa bør òg fokusere på oppbygging av det sivile samfunnet, særleg i områda som er ramma av krig.

I *Albania* nådde OSSE hovudmålet sitt for 2001, nemleg å gjennomføre ein vellukka parlamentarisk valprosess. Kontoret for demokratiske institusjonar og menneskerettar (ODIHR) og OSSE-representasjonen, saman med andre internasjonale organisasjonar, retta særleg merksemd mot å halde frie og rettferdige val i samsvar med alle OSSE-standardar. Den endelege rapporten frå ODIHR slo fast at dette valet var eit framsteg i høve til tidlegare val med omsyn til gjennomføringa av valkampen og var eit grunnlag for vidare konsolidering av demokratiske standardar. Ein noterte seg alvorlege manglar under dei fem stemmerundane mellom 24. juni og 19. august 2001. OSSE oppmoda dei politiske partia til å gå inn i ein ekte og framtidsretta dialog i samsvar med forfatningsreglane for å overvinne desse avvika. OSSE-representasjonen i *Albania* hjelte regjeringa og dei lokala styresmaktene med å kjempe mot organisert kriminalitet, handel med narkotika, våpen og menneske, og korrupsjon og med å overvake innsamling av våpen. Desentralisering, oppbygging av det sivile samfunnet, og økonomiske og miljømessige spørsmål har òg stått på dagsordenen til OSSE i dette landet.

Formannskapet roste og støtta det felles initiativet til leiarane for OSSE-sendelaga i Kroatia, Bosnia-Hercegovina og Den føderale republikken Jugoslavia om å opprette ei ramme for styrkt samarbeid om spørsmål om heimending i Sørøst-Europa. Regjeringane i Kroatia, Bosnia-Hercegovina og Den føderale republikken Jugoslavia helste òg dette initiativet velkome og forplikta seg til å samarbeide med kvarandre og å halde fram med å arbeide saman med OSSE og andre internasjonale organisasjonar om dette spørsmålet. Formannskapet ser på dette som ei viktig og positiv utvikling.

Det rumenske formannskapet merka seg rolla og arbeidet til *Stabilitetspakta* i Sørøst-Europa, mellom anna når det gjeld framgangen i regionale spørsmål, som òg er av verdi for OSSE. Alexander Rondos vart utnemnd som formannens personlege representant for sambandet mellom OSSE og Stabilitetspakta. Saman med Den europeiske unionens stabiliserings- og tilknytingsprosess legg pakta til rette for viktige prosjekt av økonomisk og politisk verdi for Sørøst-Europa. OSSE arbeider direkte saman med Stabilitetspakta på mange område, særleg i arbeidsgruppe I og III. Den andre regionkonferansen til Stabilitetspakta vart halden i Bucuresti 25. og 26. oktober 2001.

OSSE vidarefører sine eigne program i landa i Sørøst-Europa, til dømes prosjekt for godt styresett og mot korrupsjon, utvikling av ikkje-statlege organisasjonar og sjølvstendige media, og fremjing av fleiretnisitet i utdanningssektoren og den offentlege sektoren, mellom anna i politistyrkane.

Arbeidet til OSSE i *Georgia* er komplisert. I Sør-Ossetia var det ei viss positiv utvikling i retning av ei løysing på konflikten mellom Georgia og Sør-Ossetia, og framdrifta har nyleg skote fart, men ein har enno ikkje kome fram til ei omfattande løysing. På Bucuresti-møtet i ekspertgruppa for politiske spørsmål vart partane samde om å halde fram med forhandlingar om reglar og konkrete forslag om økonomisk hjelp til støtte for konfliktløysingsmekanismen. Avtalen la grunnlaget for internasjonal økonomisk hjelp og for jamlege møte i Den felles kontrollkommisjonen og for sakkunnige. Avtalen om tillitsskapande tiltak stadfesta at partane har nokolunde same synspunkt på ei rekkje spørsmål. Alle partar godkjente rolla til internasjonale organisasjonar generelt

og rolla til OSSE og Kommisjonen for Dei europeiske fellesskapa spesielt i atterreisinga av konfliktsona. Det er enno ikkje oppnådd ei samla løysing på konflikten. Sjølv om OSSE-sendelaget i Georgia ikkje er direkte innblanda i fredsforhandlingane, vil sendelaget si rolle som tilretteleggjar vere svært viktig.

Den kontinuerlege overvakinga av grensa utført av OSSE-sendelaget i Georgia er ein klar suksess. Deltakarstatane i OSSE vurderer utsiktene for å utvide overvakingsarbeidet til Ingush-delen av grenseområdet.

Det har vore litt framgang dette året når det gjeld gjennomføringa av Istanbul-forpliktingane, særleg med omsyn til militærbasane Vaziani og Gudauta. Ein ventar ytterlegare framgang og ser fram til full etterleving av Istanbul-forpliktingane.

Sidan årsskiftet har det vore halde ei rekkje samråd og møte om ei løysing på tvisten i *Nagorno-Karabakh*. Møta mellom president Kotsjarjan og president Alijev var oppmuntrande. Formannen og EU-troikaen si vitjing til denne regionen viste kor viktig Sør-Kaukasus og ei løysing på konflikten i Nagorno-Karabakh er. Formannen hadde i løpet av året fleire møte med medformennene i Minsk-konferansen og gav full støtte til innsatsen deira i løpet av perioden. Mekanismane til den personlege representanten for konflikten handsama av Minsk-konferansen og planleggingsgruppa på høgt nivå har vore med på å byggje opp tillit og forståing ved at det har vorte gjennomført ei rekkje tillitsskapande tiltak i konfliktområdet.

Tsjetsjenia - gjenopprettinga av støttegruppa har vore ein av dei største suksessane til OSSE dette året. Tiltaka som dei russiske styresmaktene gjorde for at støttegruppa skulle kunne gjenopprettast, er prisverdige. Formannen opna kontoret i Znamenskoje, og sidan midten av juni har alle partar arbeidd for å sikre den naudsynte tryggleiken for personalet i støttegruppa. Dette har vore ein lang og vanskeleg prosess og har bana veg for eit breiare og meir effektivt samarbeid mellom den russiske regjeringa og OSSE. Vidareføringa av arbeidet til støttegruppa har medverka til å avhjelpe dei presserande humanitære behova som har oppstått på grunn av konflikten. Med omsyn til menneskerettane har støttegruppa arbeidd nært med spesialutsendingen til den russiske presidenten for menneskerettar i Tsjetsjenia, Vladimir Kalamenov, og med representantar for Europarådet. OSSE er oppsett på å halde fram med å fremje ei politisk løysing på konflikten og på å leggje til rette for den humanitære hjelpa som krevst for å stabilisere situasjonen i Tsjetsjenia.

OSSE-sendelaga i *Estland og Latvia* hjalpte regjeringane med å utføre oppgåvene som er nemnde i retningslinene som formannskapet gav i 2000. Ei felles arbeidsvitjing som formannen og OSSE-representantar hadde i Riga, Tallinn og Narva (i januar-februar 2001), førte til den vurderinga at dei to landa har gjort monalege framsteg mot demokratisering og tildeling av statsborgarskap til statslause, og mot integrasjon og gjensidig forståing mellom etniske samfunn. OSSE vil halde fram med å støtte Estlands og Latvias arbeid på dette området.

I *Kviterussland* heldt OSSEs rådgjevande oppsynsgruppe fram med å støtte demokratiseringsprosessen og opprettinga av vilkår for frie og rettferdige presidentval i samsvar med gruppa sitt mandat frå 1997. Presidentvalet i september skulle utgjere eit viktig steg i overgangen til demokrati i Kviterus-

sland slik at landet kunne bli eit demokrati blant mange i Europa. Trass i innsatsen det internasjonale samfunnet gjorde gjennom den rådgjevande oppsynsgruppa, oppfylte likevel ikkje valprosessen og valkampen OSSE-standardane. Dei internasjonale observatørane merka seg einskilte teikn på framgang i demokratiseringsprosessen i landet, der det viktigaste var framveksten av det sivile samfunnet som eit mogeleg alternativ til den autoritære leiarskapen. Den rådande oppfatninga er at internasjonal isolasjon av landet vil vere uproduktivt. OSSE vil freiste å få i stand ein ny omgang med samarbeid med styresmaktene, dei demokratiske strukturane og det sivile samfunnet, og oppmode dei til å vidareføre prosessen med verkeleg demokratiske reformer og konsolidering av det sivile samfunnet.

I *Moldova* prioriterte OSSE å oppmuntre til oppfylling av Istanbul-forpliktingane om tilbaketrekking av framande troppar, ammunisjon og militært utstyr, samt å fremje forhandlingsprosessen for ei politisk løysing på krisa. OSSE-sendelaget og sendelagsleiaren spela ei aktiv rolle til støtte for tilbaketrekkinga og forhandlingsmekanismen.

Den første tidsfristen i Istanbul-forpliktingane - når det gjeld tilbaketrekking/reduksjon av CFE-avtaleavgrensa konvensjonelle våpen og utstyrseiningar hjå dei russiske styrkane si operative gruppe stasjonert i Moldova - vart oppfylt før tidsplanen i november 2001. Formannen roste Den russiske føderasjonen for dette. OSSE-sendelaget i Tsjsinau har gjort ein vedvarande innsats, og deltakarstatane har gjeve verdifull støtte. Tilskota til Det frivillige fondet utgjer eit synleg prov på at det internasjonale samfunnet engasjerer seg meir i dette spørsmålet. Formannen uttrykkjer von om at russiske styresmakter vil følgje samehandlemåte når det gjeld å oppfylle Istanbul-forpliktingane sine om tilbaketrekking og øydelegging av attståande troppar og ammunisjon innan utgangen av 2002.

Det er liten grunn til optimisme med omsyn til ein avtale om status for Transdnjestr-regionen i republikken Moldova. På tross av innsatsen for å få til eit kompromiss heldt den transdnjestriske parten fram med å leggje hindringar i vegen for forhandlingsprosessen og framstod som ein base for organisert kriminalitet, med mellom anna smugling og menneskehandel. I denne samanhengen vil ein mogeleg avtale mellom Moldova og Ukraina om oppretting av felles tollstasjonar vere eit effektivt middel for å sikre streng grense- og tollkontroll og dermed styrkje moldovisk suverenitet og medverke til å betre den europeiske tryggleiken.

I *Ukraina* heldt OSSE fram med å støtte arbeidet for å betre den menneskelege tryggleiken og respekten for menneskerettane og for kampen mot korrupsjon. Respekt for presse- og møtefridomen, det parlamentariske sjølvstendet, rettstryggleiken og menneskerettane er avgjerande for Ukrainas innsats for å halde fram på vegen mot demokratisering, økonomisk reform og integrering i europeiske og euroatlantiske institusjonar. Den 8. og 9. oktober var Ukraina vert for OSSE-seminaret om OSSEs førebyggjande funksjon: røynsler, høve og oppgåver, der representantar for internasjonale og ikkje-statlege organisasjonar samt tenestemenn frå OSSE deltok.

Det internasjonale fokuset på *Sentral-Asia* vart sterkare dette året. Formannskapet framheva at det trongst å styrkje og gje det arbeidet OSSE no gjer,

ei ny retning, samtidig som ein på ein pragmatisk måte tek omsyn til dei behova og prioriteringane landa i regionen har.

Formannen vitja *Kasakhstan, Kirgisistan, Tadsjikistan, Turkmenistan og Usbekistan* under temaet «Ti års sjølvstende for dei sentralasiatiske landa». Hovudbodskaperen var at OSSE på ein konstruktiv måte forpliktar seg til å engasjere desse landa i alle tre dimensjonane. Det forsterka fokuset på regionen inneber ei langsiktig tilnærming til tryggleiksspørsmål, demokratiske reformer og viktigare økonomisk verksemd, samtidig som ein unngår å gjere same arbeidet som andre aktørar som er til stades i regionen. Formannen tilbød eit «vinn-vinn-partnarskap», der OSSE tek i bruk alle tilgjengelege verkemiddel for å utvikle særskilde prosjekt innan økonomi og miljø, og for å gjere det internasjonale samfunnet meir medvite om tryggleiksmessige og humanitære spørsmål. Som motyting ventar organisasjonen at forpliktingane med omsyn til den menneskelege dimensjonen vert oppfylte.

Det særskilte fokuset som formannskapet har sett på regionen, kom òg til uttrykk i oppnemninga av ein av dei leiande ekspertane på Sentral-Asia, ambassadør Wilhelm Höynck, som formannen sin personlege representant for oppgåver til støtte for deltakarstatar frå Sentral-Asia. Ambassadør Höynck vitja i denne eigenskapen regionen for å utvikle ny verksemd, med særleg vekt på regionale og fleirsidige aspekt ved samarbeid innan økonomi, miljø og tryggleik.

Samtidig vart feltrepresentasjonane til OSSE oppmoda til å verte meir aktive, å gje betre territoriell «dekning» og å utvikle nye, konkrete prosjekt saman med dei aktuelle partnerane i dei respektive landa. Eitt av måla var å sikre samsvar med OSSE-målsetjingane på områda vallovgjeving, respekt for menneskerettane, ytrings- og trusfridom parallelt med at nye tiltak vert gjennomførde.

Samtidig som formannskapet erkjende at OSSE er utstyrd og villig til å gjere meir for tryggleiken, økonomien og miljøet, stadfesta formannskapet på nytt behovet for å avbalansere organisasjonen si tredimensjonale tilnærming og samtidig oppretthalde kjerneaktiviteten, som er gjennomføring av den menneskelege dimensjonen.

Eit anna ømtolig område i regionalt og interregionalt samarbeid der samordna handling kan tilføre noko verdifullt, er kampen mot terrorisme og organisert kriminalitet. I denne samanhengen presenterte og utvikla formannen Det sørausteuropiske samarbeidsinitiativet («SECI-initiativet»), der dialog og samarbeid mellom det regionale SECI-senteret i Bucuresti og dei institusjonane det gjeld i dei sentralasiatiske landa representerer dei første stega mot eit strategi- og handlingsorientert samarbeid på dette aktuelle feltet.

OSSE kan sørge for ein nyttig balanse ved å føre eksisterande initiativ saman. Ein interaktiv dialog kan føre til konkrete resultat berre dersom det regionale samarbeidet, ytterlegare forsterka av OSSE, dreg nytte av ein regionalt samordna reaksjon. OSSE og det internasjonale samfunnet har begge interesse av å få ein stabil tryggleikssituasjon i regionen og av at det vert eit større regionalt samarbeid mellom landa der.

OSSE har som reaksjon på uroa til deltakarstatane i Sentral-Asia om internasjonal terrorisme, organisert kriminalitet, våpen- og narkotikahandel og dei tragiske hendingane 11. september 2001 gjeve sitt eige verdifulle tilskot. Den

internasjonale konferansen i Bisjkek om auka tryggleik og stabilitet i Sentral-Asia: styrking av den samla innsatsen mot terrorisme, som skal verte halden seinare denne månaden, er eit høve der ein kan vedta eit konkret handlingsprogram som ei første oppfølging av Bucuresti-handlingsplanen. På konferansen vil ein særleg ta for seg særskilde utfordringar og behov i Sentral-Asia og starte ein langsiktig handlingsorientert prosess der sentralasiatiske statar skal få hjelp til å kjempe mot terrorismetrusselen.

Økonomiske og miljømessige spørsmål

Det rumenske OSSE-formannskapet ser på økonomiske og miljømessige spørsmål som ein del av OSSEs overordna tilnærming, som relevant for tryggleiken, og gjorde difor styrking av den økonomiske og miljømessige dimensjonen i OSSE til ein av sine prioriteringar. Formannskapet heldt fram med å fremje samordning mellom deltakarstatane, OSSE-institusjonane og -sendelaga og mellom OSSE og andre partnerorganisasjonar. Den overordna målsetjinga var å finne dei mest høvelege måtane og midla for å gjere OSSE sine økonomiske og miljømessige aktivitetar meir effektive, både ved hovudkvarteret og i felten. Det rumenske formannskapet starta ein diskusjon om rolla til OSSE når det gjaldt å ta opp tryggleiksrisikoar på det økonomiske og miljømessige området, og om korleis ein best kan betre effektiviteten på verkemidla våre. Det vart kalla saman til fleire uformelle opne møte i Wien. Det var ei allmenn oppfatning at OSSE skulle vurdere økonomiske og miljømessige spørsmål jamleg og på ein meir systematisk måte. Det vart utarbeidd eit utkast til vedtak om å oppnemne ein uformell open underkomité av Det faste rådet for økonomiske og miljømessige sider ved tryggleik og samarbeid i OSSE-området.

Det niande møtet i OSSEs økonomiske forum vart halde i Praha frå 15. til 18. mai 2001 og fokuserte på «Innsyn og god styring i økonomisaker». Det vart opna av formannen. Spørsmål som betring av lovgjevingprosessen, reform av offentleg forvaltning, nærleik, kamp mot korrupsjon, fremjing av små og mellomstore føretak, miljøvenleg styring, regionalt samarbeid og betring av inter-institusjonelt samarbeid vart drøfta, og det kom mange tilrådingar. Før forumet vart det halde tre førebuingsseminar om temaet for økonomiforumet som omfatta heile OSSE-området: eitt i Almaty 2. og 3. november 2000, eitt i Brussel 30. og 31. januar 2001 og eitt i Bucuresti 27. og 28. mars 2001. Seminaret i Brussel vart halde i fellesskap av OSSE og Kommisjonen for Dei europeiske fellesskapa, noko som speglar ånda i Plattformen for kooperativ tryggleik. Førebuingprosessen og sjølve forumet drog nytte av monalege tilskot og stor deltaking frå andre internasjonale organisasjonar, OSSE-institusjonar (mellom anna OSSEs parlamentarikarforsamling), feltrepresentasjonar, og organisasjonar i det sivile samfunnet og næringslivet.

Etter økonomiforumet arbeidde formannskapet og Kontoret til samordnaren for økonomiske og miljømessige aktivitetar (OCEEA) nært saman for å få til ei høveleg oppfølging. Framlegg og tilrådingar frå forumet samt innspel frå delegasjonar og feltrepresentasjonar vart vurderte med interesse. OCEEA utarbeidde og sende ut ein «Handlingsplan for å gjennomføre tilrådingane frå OSSEs niande økonomiske forum».

Formannskapet la stadig vekt på kor viktig innsyn og god styring er. For å fremje innsyn og god styring heldt OSSE fram med å samarbeide intenst med aktuelle internasjonale organisasjonar, internasjonale finansinstitusjonar, regionale organisasjonar og initiativ, til dømes FNs økonomiske kommisjon for Europa (UNECE), Verdsbanken, Den europeiske unionen, Den europeiske banken for atterreising og utvikling, Europarådet og SECI. Organisasjonen var representert på viktige internasjonale møte som Det andre globale forumet om kamp mot korrupsjon og vern av integritet (Haag, 28. til 31. mai 2001) og Den tiande internasjonale konferansen mot korrupsjon (Praha, 7. til 11. oktober 2001). Organisasjonen var òg med på å arrangere eit internasjonalt kollokvium om «Den økonomiske dimensjonen si rolle i konfliktførebygging i Europa», som vart halde i Villars 19. og 20. november 2001 med UNECE som vert.

Spørsmål om miljø og tryggleik vart grundig analyserte på eit oppfølgingsseminar til OSSEs sjuande og åttande økonomiske forum, der temaet var «Styrking av OSSEs rolle på området miljø og tryggleik». Seminaret vart arrangert av regjeringane i Tyskland og Sveits i Berlin 3. og 4. juli 2001.

Ettersom OSSE sine feltrepresentasjonar har ei unik sakkunne, har dei stått sentralt i formannskapet si tilnærming til den økonomiske og miljømessige dimensjonen. OCEEA og det rumenske formannskapet arrangerte eit opplæringsseminar for økonomi- og miljøtenestemenn i Sinaia i Romania 16. til 19. september 2001. Seminaret, der òg representantar for partnerorganisasjonar var til stades, gav fruktbare og handlingsorienterte diskusjonar og medverka til utveksling av tankar om beste praksis og utforming av regionale initiativ.

Sentral-Asia har fått særleg merksemd. Representantar for formannskapet deltok på regionmøtet til økonomi- og miljøtenestemennene i Bisjkek 23. og 24. april 2001, som vart kalla saman i høve møtet til dei regionale sendelagsleiarane, og understreka behovet for å fremje god styring og regionalt samarbeid. Ein spesialsesjon av økonomiforumet tok opp temaet «Betring av grensekontrollen for å minske narkotikahandelen utan å hindre normal handel og fri ferdsel i Sentral-Asia».

Ein sesjon for økonomiske og miljømessige spørsmål og regionalt samarbeid stod på dagsordenen for møtet som dei regionale sendelagsleiarane hadde i Bezanec i Kroatia 24. og 25. september 2001. Som følge av drøftingane på økonomiforumet og seinare vil OSSE i Sørøst-Europa søkje nærare samarbeid med SECI i kampen mot organisert kriminalitet og korrupsjon og når det gjeld å fremje utvikling av små og mellomstore føretak og regionalt samarbeid. Samarbeidet vil òg verte fremja av Stabilitetspakta, særleg på miljøområdet. OSSE-sendelaga i regionen vil delta aktivt.

Den menneskelege dimensjonen

I 2001 la det rumenske formannskapet større vekt på spørsmål som gjeld menneskeleg tryggleik, særleg tryggleik for deneinskilde. Dette omgrepet omfattar demokrati, respekt for menneskerettar og kulturelt mangfald, kamp mot vald eller organisert kriminalitet og fremjing av demokratiske aktivitetar i det sivile samfunnet.

I samarbeid med ODIHR arrangerte formannskapet *OSSEs første tilleggs møte om den menneskelege dimensjonen vigd til ytringsfridom* 12. og 13. mars 2001. Møtet understreka kor viktig frie medium er i eit demokratisk samfunn, og at det trengst å ta opp utfordringane i samband med dette spørsmålet i heile OSSE-området. Ein erkjente at fleire må få tilgang til informasjonsteknologi. I denne samanhengen har OSSE-representanten for mediefridom gjort ein verdifull innsats for å involvere media i medvitsgjerjing og kamp mot rasisme og intoleranse.

På initiativ frå det rumenske formannskapet arrangerte OSSEs arbeidsgruppe for like høve for kvinner og menn eit *møte om vald mot kvinner* 8. juni. Deltakarane erkjende at vald mot kvinner er eit brot på kvinnene sine rettar og grunnleggjande fridomar. Opp gjennom åra har deltakarstatane vore merksame på problemet med vald mot kvinner og har utvikla særskilde tiltak for å eliminere denne forma for vald. Det vart lagt særleg vekt på rolla til OSSE når det gjeld å få bukt med dette fenomenet.

OSSEs andre tilleggs møte om den menneskelege dimensjonen (18. til 19. juni) var vigd til *fremjing av toleranse og ikkje-diskriminering*. Målet med møtet var å gjennomgå dei viktigaste utdanningsmessige, rettslege og administrative tiltaka som var vedtekne av deltakarstatane i OSSE for å motverke intoleranse og diskriminering, og å utarbeide tilrådingar for å fremje fleirkulturalisme i OSSE-området.

Samtidig prøvde formannskapet å finne fram til ei dekkjande tilnærming til spørsmålet om vern av nasjonale minoritetar. Å myndiggjere lokaladministrasjonar, å ta med og gje fri tilgang for etniske minoritetar i avgjerdsprosessen, å respektere dei grunnleggjande rettane til den einskilde og å gjere velstand for borgarane til den sentrale målsetjinga i den offentlege politikken er konkrete steg mot eit integrert samfunn.

Høgkommissæren for nasjonale minoritetar (HCNM) viste seg å vere eit stort aktivum for organisasjonen på grunn av den vedvarande innsatsen han gjorde for å søkje og finne fram til løysingar på etniske spenningar på eit tidleg stadium. Mandatet hans, som fokuserer på *vern av minoritetsrettar og fremjing av fleirkulturalisme*, definerer det moderne omgrepet menneskeleg tryggleik. Gjennom å tale for kulturelt mangfald oppmoda han deltakarstatane til å ta konkrete steg for å skape rom for at alle skal kunne uttrykkje seg og utvikle seg kulturelt innanfor dei grensene lova set, slik at folk kan få høve til å halde ved like og utvikle sin kulturelle identitet, både privat og offentleg.

At Høgkommissæren for nasjonale minoritetar var oppteken av at nasjonale og etniske minoritetar får utdanning og deltek i det offentlege liv, kom òg sterkt til uttrykk i talen han heldt på OSSE-konferansen om roma- og sintispørsmål i Bucuresti.

I samarbeid med ODIHR og EU-kommisjonens delegasjon i Romania arrangerte formannskapet *Konferansen om roma- og sintispørsmål* frå 10. til 13. september i Bucuresti. Over 300 personar var til stades, mellom anna representantar for romasamfunn over heile Europa. Målet til konferansen var å utarbeide tilrådingar som kan danne grunnlag for ein OSSE-handlingsplan for romaspørsmål. Det vert mellom anna tilrådd å ta med romarepresentantar når nasjonale og lokale administrasjonsstrategiar skal utarbeidast, gjennomførast og overvakast; å auke romadeltakinga i politikken ved opplæring av framtidige

leiarar og deltaking i folkerøystingar; å sikre vern, mellom anna asyl, for romasamfunn i og etter kriser; og å sørge for tilgang til offentleg tenester. OSSE-spesifikke tilrådingar gjekk mellom anna på å støtte møte med regjeringar og ikkje-statlege partnerorganisasjonar utanfor OSSE-området, å ta med fleire romanioffiserar i OSSE-sendelag, og å styrkje rolla til ODIHRs kontaktpunkt for roma- og sintispørsmål når det gjeld å hjelpe regjeringar og ikkje-statlege organisasjonar med å overvake ikkjediskrimineringstiltak.

I mai 2001 arrangerte *Kontoret for demokratiske institusjonar og menneskerettar* det årlege seminaret om «*Valprosessar*» i Warszawa, ei hending som markerte at ODIHR har delteke i valobservasjon i ti år. Seminaret fann eit direkte samband mellom demokratisk utvikling av eit land og rettstryggleik, konsentrerte seg om effektiv minoritetsdeltaking i valprosessane, og la særleg vekt på konsolidering av hjelp om val samt rolla til heimlege observatørar i val.

ODIHR har i samsvar med dei internasjonale standardane på området gjeve hjelp ved presidentvalet i Kviterussland og parlamentsvalet i Albania og spela ei viktig rolle i valet i Kosovo nyleg.

Det årlege *Gjennomføringsmøtet om spørsmål som gjeld den menneskelege dimensjonen* (HDIM) gav eit høve til å analysere og vurdere deltakarstatane i OSSE si gjennomføring av OSSE-forpliktingane på områda rettstryggleik, demokratiske institusjonar, toleranse og ikkje-diskriminering, flyktingar og internt fordrivne, og respekt for grunnleggjande menneskerettar og fridomar. For å gjere HDIM i 2001 meir effektivt vart reglane for å kome med tilrådingar reviderte. Møtet vart sett på som ein hjørnestein for oppbygging av tillit og eit sterkt bindeledd til OSSEs relevante politiske dagsorden.

Saman med Nederland arrangerte formannskapet eit seminar i Haag som var vigd til «*Religions- eller trusfridom i OSSE-området: utfordringar for lov og praksis*». Formannen la vekt på OSSE sitt mål om å medverke til å skape eit Europa der religionsfridom og toleranse er ein røyndom for alle: eit verkeleg fleiretnisk, fleirkulturelt og fleirreligiøst Europa. OSSE og særleg ODIHR har vorte oppmoda til å integrere respekt for religions- og trusfridom i program for fremjing av toleranse og menneskerettar. I tillegg bør OSSE-sendelaga verte meir opptekne av problem som oppstår på dette området, og av løysingar på desse, særleg når det gjeld ein del sentralasiatiske land.

OSSEs tredje tilleggs møte om den menneskelege dimensjonen, «Menneskerettar: forsvar og forsvararar», drøfta særskilde utfordringar for både ikkje-statlege organisasjonar og statlege institusjonar i samband med forsvar og opplæring av menneskerettsaktivistar. Det vart lagt særleg vekt på forsvar av menneskerettsorgan og -aktivitetar i samanheng med væpna konfliktar og interne spenningar.

Den 2. april inviterte det rumenske formannskapet Det faste rådet sine delegasjonar til å delta i *ein paneldiskusjon om Europas åndelege dimensjon og OSSE si rolle i denne samanhengen*. Gjestepaneldeltakarar som representerte religiøse institusjonar og forskingsinstitutt, var inviterte til å drøfte dette temaet. Andrei Plesu, rumensk filosof og tidlegare utanriksminister, var panelleiar. Dei fleste paneldeltakarane var samde om at interreligiøs dialog og åndelege og etiske verdiar framleis bør vere med i debatten om europeisk tryggleik.

Politiske og militære sider ved tryggleik

Formannskapet heldt fram med aktivitetane innan den politiske og militære dimensjonen i OSSE. Drøftinga av fremjing av rolla til OSSE fokuserte særleg på relasjonane mellom Det faste rådet og Forumet for tryggingssamarbeid (FSC).

General Claudio Zappulla vart utnemnd til ny personleg representant for artikkel II i Wien-avtalen om tillits- og tryggleiksskapande tiltak i Bosnia-Hercegovina og artikkel IV i Firenze-avtalen om subregional rustingskontroll. Formannen har stått i nær kontakt med den personlege representanten og støttar full gjennomføring av dei to avtalane.

Formannskapet følgde nært forhandlingane etter artikkel V i vedlegg 1-B i Den allmenne rammeavtalen for fred i Bosnia-Hercegovina og sette pris på at sluttdokumentet vart vedteke.

Representantar for formannskapet var til stades på seminaret om militærdoktriner som vart arrangert i Wien i regi av FSC. Konklusjonane og tilrådingane frå seminaret vart handsama på tilbørleg måte.

Relasjonar med middelhavspartnarar og partnarar for samarbeid

I samsvar med gjeldande praksis overlét formannskapet oppgåva med å leie Kontaktgruppa for samarbeid med middelhavspartnarane i 2001 til Portugal, som er neste land til å ha formannskapet. I løpet av året møtte kontaktgruppa jamleg ein gong i månaden og mottok mellom anna jamlege orienteringar om OSSE-verksemnd utførd av representanten for formannen i Wien. Det vart arrangert eit seminar om «Utfordringar og høve i økonomisk utvikling» for representantar for middelhavspartnarar og partnarar for samarbeid (Wien, 25. og 26. juni 2001).

OSSEs årlege middelhavsseminar vart halde i Dubrovnik 30. og 31. oktober 2001, og temaet var «Gjennomføringa av forpliktingane i OSSEs økonomiske og miljømessige dimensjon - OSSE-røynsla og relevansen av denne for middelhavsområdet». På seminaret møtte representantar frå alle seks middelhavspartnarane til OSSE, mange deltakarstatar i OSSE, OSSEs parlamentariskarforsamling, andre internasjonale organisasjonar, FNs høgkommissær for flyktningar, Europarådet og Organisasjonen for Den islamske konferansen, samt sivile samfunn. Seminaret tok opp spørsmål som institusjonsoppbygging, innsyn i avgjerdsprosessen, samarbeid med det sivile samfunnet, god styring og forvaltning av felles ressursar. Representantar for OSSE-feltrepresentasjonar orienterte deltakarane om ulike typar OSSE-verksemnd i den økonomiske og miljømessige dimensjonen. Deltakarane var samde om at kontaktgruppa i Wien måtte utnyttast betre, og om at økonomiske og miljømessige sider ved tryggleiken bør integrerast i dei jamlege drøftingane for på den måten å sikre ei oppfølging av seminaret. Ein bør òg søkje komplementaritet med andre organisasjonar, særleg Den europeiske unionen. Som ei praktisk tilråding vart det understreka på nytt at deltaking frå middelhavspartnarane si side i ulike OSSE-hendingar og -aktivitetar, mellom anna vitjingar hjå feltrepresentasjonar, var nyttig og bør intensiverast.

I løpet av tidsrommet som vert gjennomgått her, opprettheldt og utvikla OSSE gode kontaktar og godt samarbeid med partnarane for samarbeid. Part-

narane viste framleis interesse for aktivitetane og arbeidet til OSSE, og dette vart godt motteke. Ein set stor pris på tilskota deira og viljen deira til å oppretthalde interessa til støtte for innsatsen til det internasjonale samfunnet, medrekna OSSE.

OSSE og Republikken Korea arrangerte ein felleskonferanse i Seoul frå 19. til 21. mars 2001 om «Bruk av OSSEs tillits- og tryggleiksskapande tiltak i Nordaust-Asia». I talen sin fokuserte formannen på den særlege verdien av konferansen, som gjev eit høve til å presentere OSSE sine røynsler og kva ein har lært av dei. Han konkluderte med at hovudbodskapen frå denne konferansen var at det trongst å vidareutvikle den fleirfasetterte dialogen mellom OSSE og OSSEs partnerar for samarbeid og å oppmode til og på ein kreativ måte halde fram med å søkje etter høvelege former for samarbeid mellom landa i denne regionen for å utfylle dei som alt finst.

OSSE-troikaen sitt møte på ministernivå med alle OSSE-partnarane vart arrangert 2. desember under ministerrådsmøtet i Bucuresti.

Samarbeid med andre internasjonale organisasjonar og institusjonar

Det styrande prinsippet for det rumenske formannskapet var eit nært samarbeid med andre internasjonale organisasjonar, særleg Dei sameinte nasjonane, NATO, Den europeiske unionen og Europarådet, og særorganisasjonar som FNs høgkommissær for flyktningar og Den internasjonale organisasjonen for migrasjon.

Formannen hadde eit møte med leiarane i andre internasjonale organisasjonar, mellom andre Dei sameinte nasjonane, Den europeiske unionen, NATO og Europarådet, for å drøfte konkrete tiltak for å betre samarbeidet, til dømes for å utarbeide compatible strukturar, å utvikle felles rekrutterings- og opplæringsstandardar, å betre samarbeidet mellom hovudkvarteret og representasjonane, å finne fram til nye samarbeidsområde og å opprette mekanismar for effektiv samhandling.

I møtet med FNs generalsekretær, Kofi Annan, gjentok formannen at han var oppsett på å styrkje samarbeidet mellom dei to organisasjonane, på grunnlag av prinsippa om komplementaritet og ei klar arbeidsdeling. Den 29. januar tala formannen til FNs tryggingråd i New York. Dette var første gongen ein OSSE-formann har vorte invitert til å møte heile Tryggingrådet og drøfte det omfattande samarbeidsområdet mellom Dei sameinte nasjonane og OSSE. Frå 28. til 30. mars var formannen i Genève og hadde møte med FNs høgkommissær for menneskerettar, FNs høgkommissær for flyktningar, presidenten i Verdas økonomiske forum og presidenten i Den internasjonale raudekrosskomiteen. Formannen tala til den 57. sesjonen til FNs menneskerettskomisjon.

Det vart utvikla eit betre samarbeid med Den europeiske unionen, medrekna samarbeid i felten. Formannen hadde møte med EU-formannskapetets utanriksministrar (Sverige og Belgia) og drøfta område med felles handling. Den positive haldninga til samarbeid og gjensidig styrking gjorde seg òg gjeldande ved kontaktar med og vitjingar hjå kommissær Christopher Patten og høgrepresentant Javier Solana. Det vart òg halde møte og diskusjonar på arbeidsnivå

for å betre den interinstitusjonelle informasjonsutvekslinga, grunna på prinsippa om komplementaritet og kompatibilitet.

I møte mellom formannen og NATOs generalsekretær, Lord Robertson, vart behovet for meir samarbeid på både politisk nivå og sakkunnignivå framheva. Formannen tala til utanriksministersesjonen i Det euroatlantiske partnerskapsrådet (EAPC) i Budapest 30. mai og NATO/EAPC-møtet i Brussel 27. november. Praksisen med møte på sakkunnignivå, både i Wien og i Brussel, er vidareført.

Samarbeidet med Europarådet vart intensivert. Den 24. april tala formannen til Parlamentarikarforsamlinga i Europarådet. Ein kom fram til tre større grupper der ein hadde felles prioriteringar: menneskerettar og minoritetsspørsmål, fremjing av demokratiseringsprosessen, og handsaming av nye risikoar og utfordringar. Feltkontora til Europarådet og OSSE-sendelaga samarbeider nært i Kosovo, Den føderale republikken Jugoslavia og Tsjetsjenia. OSSE og Europarådet sine høgnivåmøte «2+2»/«3+3» vart haldne 11. april i Bucuresti og 30. oktober i Vaduz og fokuserte på aktuelle spørsmål som begge organisasjonane var opptekne av. Den 12. juli tala Walter Schwimmer, Generalsekretær i Europarådet, til Det faste rådet i Wien. Den 20. juli vart det halde eit embetsmannsmøte i Strasbourg.

Grunnlaget for denne fellesinnsatsen er Plattformen for kooperativ tryggleik. Ho tener som eit instrument for betre samhandling mellom organisasjonar og institusjonar som er opptekne av å fremje full tryggleik. Dei overordna prinsippa i Plattformen for kooperativ tryggleik - komplementaritet og synergi - stod sentralt i den samordna innsatsen til dei internasjonale organisasjonane for å ta opp og løyse alle felles problem.

I tillegg til at formannen hadde uformelle faste samråd og kontaktar med OSSEs parlamentarikarforsamling, var han til stades på møtet til den faste komiteen i Wien og på den 10. årlege sesjonen til OSSEs parlamentarikarforsamling i Paris. Han uttrykte støtte til fleire initiativ som vart lanserte av presidenten i OSSEs parlamentarikarforsamling, til dømes å opprette eit transasiatisk parlamentarikarforum, å halde vintersesjonar i Wien og å opprette eit kontaktkontor for parlamentarikarforsamlinga i Wien. Presidenten i Parlamentarikarforsamlinga, Adrian Severin, tala til Det faste rådet 30. august.

Administrative og budsjettmessige spørsmål

Budsjettet som vart vedteke 14. desember 2000, var på om lag 169 millionar euro. Som svar på utviklingane i OSSE med direkte implikasjonar for den operasjonelle aktiviteten i organisasjonen vart det i løpet av 2001 gjort 15 vedtak om tilleggsbudsjett. Difor er OSSE-budsjettet for inneverande år på om lag 204 millionar euro. Drøftingane om budsjettet for 2002 går etter planen.

Det vart vedteke ein ny skala for bidrag til store OSSE-sendelag og prosjekt. Formannskapet var framleis opptekne av spørsmålet om bidrag. Det vart oppretta ei arbeidsgruppe til å gjennomgå Helsinki-skalaen. Denne saka vert no drøfta.

Samtidig går det føre seg ein vidare prosess med sikte på å lage ei godt definert ramme for korleis OSSE skal drivast, og å skape eit meir solid grunnlag for organisasjonen. Det har vore stor framgang i forhandlingane om

nytt finansreglement og nye vedtekter for tenestemenn. Ein har teke viktige steg når det gjeld IT-gjennomgangen og betre leiing av organisasjonen. Desse områda er avgjerande for at organisasjonen skal fungere godt, og på alle stadium bør det leggjast vekt på kor viktige dei er.

Styrking av OSSE og straumlineforming av OSSE si verksemd

Med sikte på å styrkje den politiske dialogen og straumlineforme verksemda til organisasjonen innleidde formannskapet samråd og tok konkrete steg for å betre dagsordenen på dei jamlege møta i Det faste rådet, å straumlineforme rapporteringa om OSSEs feltverksemd, å gjere førebuingsskomiteane meir effektive, å opprette arbeidsgrupper for politiverksemd, rettsleg handleevne og kriterium for nye partnarar for samarbeid, og å betre innsynet i avgjerdsprosessen.

Formannskapet starta ein prosess med uformelle samråd om å styrkje OSSE si rolle. Det vart halde opne møte der det vart lagt vekt på at formannskapet og deltakarstatane var villige å vurdere den politiske rolla, dei vide målsetjingane, prioriteringane og arbeidsmetodane til organisasjonen. Det vart lagt fram konkrete forslag. Arbeidsgruppa for reform av OSSE vurderte fleire måtar for å styrkje OSSE si rolle innanfor ramma av europeisk og internasjonal tryggleik og for å betre konsekvensen i innsatsen i OSSE sine institusjonar og feltoperasjonar.

Arbeidsgruppa som hadde til oppgåve å utarbeide tilrådingar om framtidige søknader om partnerskapsstatus, fullførde oppgåva si og la fram ein rapport. Arbeidsgruppa for politirelatert verksemd har hatt fire uformelle møte, mellom anna eitt på sakkunnignivå, og dermed medverka på svært konkrete måtar til den vidare diskusjonen om å styrkje rolla til OSSE. Med omsyn til verksemda til Arbeidsgruppa for rettsleg handleevne kom formannskapet med eit sterkt ynskje om at dei måtte finne ei løysing på dette spørsmålet i løpet av året.

Vedlegg 4**Erklæring frå ministerrådsrådet i Bucuresti**

Bucuresti, 4. desember 2001

1. Vi, medlemmene i OSSEs ministerråd, har kome saman i Bucuresti i ei verd som er djupt påverka av det grufulle åtaket i USA, som vart utført av internasjonale terroristar. Desse hendingane har forsterka viljen til deltakarstatane, i heile OSSE-området, til å styrkje og utvide samarbeidet mellom seg.

2. Vi fordømmer resolutt alle terrorismehandlingar. Terrorisme, same kva han vert grunngeve med eller kva opphav han har, kan ikkje forsvarast. Ikkje noko sak kan rettferdiggjere åtak på uskuldige menneske. I kampen mot terrorisme kan ingen vere nøytral.

3. Som ei spegling av OSSEs solidaritet har Ministerrådet i dag gjort eit vedtak om og vedteke ein handlingsplan mot terrorisme. Vi stadfestar på ny at kampen mot terrorisme ikkje er ein krig mot religionar eller folk. Vi stadfestar vår forplikting til å verne om menneskerettar og grunnleggjande fridomar.

4. Vi er oppsette på å verne borgarane våre mot nye utfordringar med omsyn til tryggleiken deira samtidig som vi skal sikre rettstryggleiken, ein-skildmennesket sine fridomar, og lik rett etter lova. Organisert kriminalitet, ulovleg narkotika- og våpenhandel, og menneskehandel påverkar tryggleiken, økonomien og den sosiale strukturen til alle deltakarstatane. Ministerrådet støttar større innsats og meir internasjonalt samarbeid for å kjempe mot desse utfordringane, og ber deltakarstatane som enno ikkje er det, om å verte partar i FN-konvensjonen mot grenseoverskridande organisert kriminalitet og protokollane til denne.

5. Vi helsar med glede gjennomgangen av strukturane i OSSE, som vart gjort på initiativ frå det rumenske formannskapet med sikte på å gjere OSSE meir effektiv, og at det i dag vert gjort vedtak om å styrkje rolla til OSSE som eit forum for politisk dialog omkring spørsmålet om tryggleik og samarbeid i Europa. Dette styrkjer fastleiken vår til å gjere meir effektiv bruk av OSSE sine middel og mekanismar for å svare på truslar og utfordringar med omsyn til tryggleiken og stabiliteten i OSSE-området. Særleg har vi vedteke å styrkje samarbeidet vårt i den økonomiske og miljømessige dimensjonen og å styrkje OSSE si rolle i politirelaterte aktivitetar; Det faste rådet har gjort vedtak om naudsynte tiltak slik at OSSE kan fremje og støtte desse. Ministerrådet gjev Det faste rådet, gjennom ei arbeidsgruppe for reform av OSSE, i oppgåve å halde fram med å vurdere spørsmål som gjeld reform av OSSE, og å leggje fram rapport på neste ministerrådsmøte.

6. Vi stadfestar på ny vår fulle tilslutning til FN-pakta og til Sluttakta frå Helsingfors, Paris-pakta, Tryggingsspakta for Europa og alle andre OSSE-dokument vi har vedteke. Vi stadfestar at vi til rett tid og utan unntak vil oppfylle alle OSSE-forpliktingane våre.

7. Vi ser framleis med uro på at det enno finst konflikhtar i ulike regionar i OSSE-området som truar etterlevinga av prinsippa i Sluttakta frå Helsingfors i fleire deltakarstatar og samtidig kan true freden og stabiliteten i OSSE-området. Vi verdset OSSEs viktige rolle når det gjeld tidleg varsling, konfliktførebygging, krisehandtering, og atterreising etter konflikt. Vi heidrar særskilt dei

kvinnene og mennene som gjer teneste i OSSE sine institusjonar og feltoperasjonar, og rosar dei for deira engasjement og harde arbeid.

8. Vi stadfestar at vi vil ta for oss truslar mot tryggleik og stabilitet på 2000-talet. Vi ber om at Det faste rådet utviklar ein strategi slik at OSSE kan gjere sin del for å svare på desse truslane. Vi ber Forumet for tryggingssamarbeid om å kome med sitt eige tilskot, innanfor sin kompetanse og sitt mandat.

9. Vi understrekar at våpenkontroll og tillits- og tryggleiksskapande tiltak framleis er eit kjerneelement i OSSEs overordna tilnærming til tryggleik. Vi er oppsette på å gjere ytterlegare innsatsar innanfor Forumet for tryggingssamarbeid når det gjeld å ta opp deltakarstatane sine felles tryggleiksproblem og å forfølge OSSE-omgrepet full og udeleleg tryggleik i den politiske og militære dimensjonen.

10. Vi merkar oss at Avtalen om opne luftrom tok til å gjelde 1. januar 2002. Vi ser fram til at statspartane gjennomfører avtalen.

11. Saman kan vi møte utfordringane vi står overfor i dag. Vi fornyar forpliktinga vår til nært samarbeid mellom oss sjølv, individuelt og innan organisasjonen, og med samarbeidspartnarane våre i middelhavsområdet og med Japan, Republikken Korea og Thailand, samt mellom OSSE og andre internasjonale organisasjonar, institusjonar og subregionale grupper, i samsvar med Plattformen for kooperativ tryggleik.

12. Vi fornyar òg forpliktinga vår til relasjonar grunna på suveren jamlikskap, gjensidig respekt, samarbeid og støtte til demokrati. Vi er oppsette på å bygge relasjonane våre på prinsippet om felles og full tryggleik, i ei ånd av partnerskap, solidaritet og openskap. Vi er framleis forplikta til eit OSSE-samfunn frå Vancouver til Vladivostok, heilt, fritt og i fred, som svarar på utfordringar med omsyn til fred og stabilitet gjennom samordna innsats.

Vedlegg 5**Brev frå det rumenske formannskapet**

Dykkar Eksellense

Som formann i Det faste rådet har eg æra av å gje Dykk ein rapport om framdrifta i aktivitetane til den uformelle Arbeidsgruppa for OSSEs rettslege handleevne og for privilegium og immunitet.

Som nemnt i rapporten frå Det faste rådet til ministerrådsmøtet i Wien i november 2000 vart Det faste rådet oppmoda til å halde fram innsatsen sin og bygge på arbeid som hadde vorte gjort tidlegare om OSSEs rettslege handleevne og om privilegium og immunitet. Det faste rådet gjer dette gjennom arbeidsgruppa, som vert godt leidd av dr. Helmut Tichy frå Austerrike.

I 2001 heldt arbeidsgruppa fram med arbeidet sitt og gjorde store framsteg når det gjaldt utarbeidinga av mange tekniske føresegner. Men leiaren av arbeidsgruppa har opplyst at det framleis er ei rekkje spørsmål som må løysast på politisk nivå. Desse spørsmåla er:

- Spørsmålet om kva type dokument det skal vere. Eit stort fleirtal i arbeidsgruppa er for ein konvensjon.
- Spørsmålet om OSSE skal vere eit internasjonalt rettssubjekt. Eit stort fleirtal i arbeidsgruppa meiner at OSSE bør få ei slik stilling.
- Spørsmålet om omfanget av konvensjonen, dvs. bør han skape eit rettsleg grunnlag for arbeidet til dei ulike komponentane i OSSE? Eit stort fleirtal i arbeidsgruppa er mot dette.
- Spørsmålet om lik eller ulik handsaming av komponentane i OSSE. Eit fleirtal i arbeidsgruppa synest å vere for å gje alle komponentane i OSSE same privilegium og immunitet.

Arbeidsgruppa og leiaren har arbeidd iherdig med denne saka, men det har ikkje vore mogeleg å finne ei løysing på dei ovannemnde spørsmåla enno. Så snart ein kjem fram til ei fullgod klargjering med omsyn til desse aspekta, bør arbeidsgruppa halde fram det viktige arbeidet sitt med sikte på å kome fram til ei løysing på denne saka om OSSEs rettslege handleevne samt privilegium og immunitet.

Liviu Bota

Ambassadør

H.E. Mircea Dan Geoana,

Sitjande formann i OSSE

Vedlegg 6**Brev frå formannen i Forumet for tryggingssamarbeid til utanriksministeren i Romania, formann for OSSEs niande ministerrådsmøte**

Dykkar Eksellense

Som formann i Forum for tryggingssamarbeid (FSC) har eg æra av å opplyse Dykk om forumet sine aktivitetar etter det åttande ministerrådsmøtet, i november 2000. Forumet har halde fram med den viktige oppgåva det har med å følgje nært gjennomføringa av Wien-dokumentet, Åtferdskodeksen for dei politiske og militære sidene ved tryggleiken og andre OSSE-dokument som gjeld politiske og militære saker. Forumet byrja òg å overvake gjennomføringa av OSSE-dokumentet om handvåpen og lette våpen (SALW), som tok til å gjelde i november 2000. Som ein del av si regelmessige undersøking av korleis desse omsamde tillits- og tryggleiksskapande tiltaka verkar, har FSC òg sett på korleis ein kan betre gjennomføringa av dei på ein praktisk måte. Mellom andre aktivitetar som bør nemnast, var desse:

- For å fremje full gjennomføring av alle tillits- og tryggleiksskapande tiltak, og særleg av Wien-dokumentet 1999, heldt FSC sitt årlege møte for vurdering av gjennomføring frå 26. til 28. februar 2001. På grunnlag av rapportane frå formannen og frå rapportørane i arbeidsgruppa og på grunnlag av innkomne framlegg drøfta møtet fleire praktiske problem som ein hadde støtt på i samband med gjennomføringa av somme føresegner i Wien-dokumentet 1999. I tillegg til å trekkje nokre allmenne konklusjonar utarbeidde møtet eit utkast til vedtak om gjennomføring av datautveksling i samband med større våpen- og utstyrssystem (møtet vedtok på sitt 342. plenums møte 14. november 2001).
- FSC hadde grundige diskusjonar om gjennomføringa av OSSEs SALW-dokument for å hjelpe deltakarstatane med førebuingane til den første informasjonsutvekslinga, som fann stad 30. juni 2001. Forumet erkjende at det trongst å gå gjennom denne første runden med informasjon-utveksling i samsvar med OSSEs SALW-dokument og å gje høve til utveksling av synspunkt og røynsler mellom nasjonale sakkunnige som arbeider med gjennomføringsaspekt ved SALW-dokumentet, og gjorde vedtak nr. 5/01 av 17. oktober 2001, der forumet vedtok å halde eit SALW-seminar i Wien 4. og 5. februar 2002.
- I samsvar med FSC-vedtak nr. 8/00 av 25. oktober 2000 heldt forumet eit seminar om militærdoktriner og forsvarspolitik i OSSE-området frå 11. til 13. juni 2001. Over 250 representantar frå deltakarstatane i OSSE, samt ei rekkje internasjonale organisasjonar, deltok på seminaret. Meir enn 20 deltakarstatar heldt foredrag om eigne nasjonale militære doktrinar og eigen forsvarspolitik på FSC sine plenums møte før seminaret og på sjølve seminaret.
- Etter lange drøftingar i FSC og mellom sakkunnige fastsette forumet 20. juni 2001 i vedtak nr. 3/01 ein vernebuingsprosedyre for drifta av kommunikasjonsnettverket til OSSE. I samsvar med dette vedtaket vart den sentrale posttenaren på ein vellukka måte flytta frå Haag til Wien og vart sett i drift på den nye staden. Då vedtaket vart gjort, gav forumet ros til utan-

riksdepartementet i Nederland for at det hadde drive nettverket dei ti siste åra.

- Den 1. oktober 2001 slutta Jugoslavia seg til nettverket, og talet på tilknytte deltakarstatar kom då opp i 39. FSC vil halde fram med å prøve å leggje til rette nettverket slik at alle deltakarstatane kan verte tilkopla, og å få til ei oppgradering av kommunikasjonsnettverket med hjelp av ny teknologi, for å styrkje den framtidige innsatsen for tillits- og tryggleiksskapande tiltak. Det er avgjerande for denne innsatsen at deltakarstatane oppnemner ein leiar til styringsgruppa.
- I tryggleiksdialogen var forumet oppteke av dei nye risikoane og utfordringane i OSSE-området og av korleis FSC møter desse. Etter terroriståtaka på USA 11. september 2001 vart denne diskusjonen mykje viktigare. FSC sette i gang ein målretta diskusjon om korleis ein skal svare på terrorisme, og gav eit tilskot til arbeidet til den uformelle opne Arbeidsgruppa for nedkjemping av terrorisme.
- På eit fellesmøte med OSSEs faste råd 19. juli 2001 merka forumet seg med glede fullføringa av forhandlingane etter artikkel V i vedlegg 1-B i Den allmenne rammeavtalen for fred i Bosnia-Hercegovina. Forumet vart òg halde jamleg informert om gjennomføringa av artikkel II og IV i vedlegg 1-B. Dessutan fekk forumet òg jamlege rapportar om utviklinga i Den felles rådgjevande gruppa for Avtalen om konvensjonelle styrkar i Europa.

Dykkar Eksellense vil kan hende finne det nyttig at det ovannemnde vert teke inn i dei aktuelle dokumenta frå Ministerrådet.

Vedlegg 7**Brev frå formannen i Den felles rådgjevande gruppa
til utanriksministeren i Romania, formann for det
niande møtet i OSSEs ministerråd**

Dykkar Eksellense

Som formann i Den felles rådgjevande gruppa har eg æra av å opplyse Dykk om gruppa sine aktivitetar sidan det åttande møtet i OSSEs ministerråd, som vart halde i Wien i november 2000.

I heile denne tida har Den felles rådgjevande gruppa halde OSSE informert gjennom jamlege orienteringar sende til Forumet for tryggingssamarbeid og uformelle samråd halde med einskilddelegasjonar.

Statspartane i Avtalen om konvensjonelle styrkar i Europa (CFE-avtalen) møttest i Wien frå 28. mai til 1. juni 2001 for å gå gjennom verkemåten til og gjennomføringa av CFE-avtalen på den andre tilsynskonferansen. Dei stadfesta den grunnleggjande rolla til CFE-avtalen som ein hjørnestein i europeisk tryggleik, viljen dei har til å oppfylle alle forpliktingar som oppstår etter avtalen og tilhøyrande dokument, og at dei aktar å oppfylle, til rett tid, alle forpliktingane i samband med Sluttakta frå Istanbul frå 1999. Dei formelle konklusjonane frå den andre tilsynskonferansen er vedlagde dette brevet.

I rapporteringsperioden var innsatsen til Den felles rådgjevande gruppa konsentrert om tre hovudområde.

For det første har gruppa fokusert på spørsmål som gjeld gjennomføringa av forpliktingane ein tok på seg i sluttakta som vart vedteken på Istanbul-konferansen mellom statspartane i CFE-avtalen i november 1999. Statspartane har merka seg framgangen som er gjort når det gjeld å oppfylle desse forpliktingane. Statspartane trur at vidare framgang vil medverke til at det vert lettare for mange statspartar å ratifisere tilpassingsavtalen, og deretter at tilpassingsavtalen kan ta til å gjelde så snart som råd.

For det andre vart attståande problem i samband med gjennomføringa av og verkemåten til CFE-avtalen handsama i Den felles rådgjevande gruppa og i arbeidsgrupper og undergrupper under Den felles rådgjevande gruppa, samt i uformelle samråd innanfor ramma av gruppa. Desse samtalane var samarbeidsprega og konstruktive på mange måtar.

Statspartane ser framleis med uro på at det innan avtaleområdet vert brukt konvensjonelle våpen og utstyrseiningar som ikkje er under kontroll av nokon statspart, og som difor ikkje er regulerte av noko avtalemekanismar. Denne vedvarande situasjonen påverkar verkemåten av avtalen negativt. Den felles rådgjevande gruppa har halde fram med å arbeide med dette problemet.

For det tredje vert det framleis gjort framgang innanfor ramma av Den felles rådgjevande gruppa når det gjeld tekniske detaljar som krevst for å få den tilpassa CFE-avtalen til å verke effektivt når tilpassingsavtalen tek til å gjelde.

Med omsyn til dette har gruppa samst om format for planlagd og ad hoc-melding og utveksling av informasjon. Formata for visse verifikasjonsaktivitetar vert no vurderte aktivt. Det har òg vore framgang når det gjeld å få eit vedtak om fordeling av kostnadene ved inspeksjonar og observasjonsvitjingar

når slike aktivitetar vert utførde på kostnad av den inspisierende/observerande statsparten. Det er meininga at denne avtalen skal gjelde for CFE-avtalen i både si noverande og tilpassa form.

Den felles rådgjevande gruppa har òg byrja på ny å arbeide med å ajourføre lista i avtalen over kva som er underlagt avgrensingane og/eller rapporteringskrava i CFE-avtalen. Både den første og den andre tilsynskonferansen har merka seg problema med dette arbeidet og har pålagt Den felles rådgjevande gruppa å arbeide med dei for å fullføre oppgåva med å ajourføre Protokollen over eksisterande typar av konvensjonelle våpen og utstyrseiningar så snart som råd.

Dykkar Eksellense vil kan hende finne det nyttig at det ovannemnde vert teke inn i dei aktuelle dokumenta frå Ministerrådet.

Vedlegg 8**Brev frå formannen i Den rådgjevande kommisjonen for avtalen om opne luftrom til utanriksministeren i Romania, formann for det niande møtet i OSSEs ministerråd**

Dykkar Eksellense

Som formann i Den rådgjevande kommisjonen for avtalen om opne luftrom har eg æra av å opplyse Dykk om verksemda til Den rådgjevande kommisjonen for avtalen om opne luftrom sidan det åttande ministerrådsmøtet, som vart halde i Wien i november 2000.

Dette året har vore prega av ein monaleg auke i verksemda til OSCC på grunn av ei betring i ratifiseringsprosessen: Etter at Ukraina ratifiserte avtalen 20. april 2000, deponerte Den russiske føderasjonen og Republikken Kviterusland ratifikasjonsdokumenta sine 2. november 2001 hjå dei to depositarane, Canada og Ungarn. I samsvar med føresegnene i avtalen vil avtalen ta til å gjelde seksti dagar etter at dokumenta er deponerte, 1. januar 2002.

Året 2001, det siste året i ein lang førebels gjennomføringsperiode, har òg vore prega av mange prøveflygingar. Frå 1996 til 2001 vil meir enn 350 prøveflygingar ha funne stad. Denne intense aktiviteten har vist at statspartane har like stor interesse for Avtalen om opne luftrom, og har førebudd dei på ei full gjennomføring av avtalen.

For å gjere det lettare å forstå det framtidige vedtaket som skal gjerast av statspartane i avtalen, i lys av at avtalen tek til å gjelde, og den første gjennomføringsperioden, vart det halde eit «informasjonsseminar om Avtalen om opne luftrom» i Wien 1. og 2. oktober 2001, som samla alle deltakarstatane i OSSE. Seminaret nådde måla sine, både når det gjaldt å gje nyttig informasjon om prinsippa og føresegnene i avtalen, mellom anna om dei 22 vedtaka som alt er gjorde av OSCC, og verksemda til OSCCs tidlegare arbeidsgrupper, og når det gjaldt å medverke til å gjere observatørstatane og andre deltakarstatar i OSSE merksame på avtalen.

For å førebu ei full gjennomføring av avtalen vedtok OSCC 29. oktober å oppnemne tre uformelle arbeidsgrupper for sertifisering, sensorar og flygereglar og -prosedyrar. Den uformelle arbeidsgruppa for sertifisering byrja arbeidet sitt alt 12. november 2001.

Innanfor verkeområdet sitt, frå Vancouver til Vladivostok, er Avtalen om opne luftrom ein unik reiskap for openskap. Når han tek til å gjelde, vil han vere eit ekstra tilskot til tryggleiken og stabiliteten til deltakarstatane og ei nyttig utfylling av eksisterande tillits- og tryggleiksskapande tiltak. I dei første seks månadene etter at avtalen tek til å gjelde, kan kvar annan deltakarstat i OSSE søkje om tilmelding til avtalen. Finland og Sverige har alt meldt at dei aktar å gjere det. OSCC-formannskapet oppmodar alle deltakarstatar som er ikkje partar i avtalen, til også å vurdere dette.

De vil kan hende finne det nyttig at den ovannemnde utviklinga i OSCC, særleg at avtalen tek til å gjelde 1. januar 2002, vert teke inn i dokumenta frå ministerrådsmøtet i Bucuresti.

Vedlegg 9**Rapport frå medformennene i Minsk-gruppa**

Dykkar Eksellense

Vi har æra av å framleggje for Dykk rapporten frå medformennene i OSSEs Minsk-gruppe til det niande ministermøtet.

Motta, Dykkar Eksellense, forsikringa om vår høgaste vørndnad.

Frankrik

Ambassadør Philippe de SUREMAIN

Den russiske føderasjonen

Ambassadør Nikolai GRIBKOV

Sambandsstatane

Ambassadør Rudolf PERINA

H.E. Mircea Dan GEOANă

Sitjande formann i OSSE

Utanriksminister i Romania

Bucuresti

I året som er gått sidan OSSEs ministermøte i november 2000, har medformennene i Minsk-gruppa intensivt arbeidet med å leggje til rette for ei fredeleg løysing på konflikten om Nagorno-Karabakh. Medformennene vitja regionen fire gonger i løpet av denne tida (i desember, mai, juni og november). Dei var ofte i kontakt og hadde mellom anna samråd med deltaking av regionale sakkunnige i juni og oktober, for å samordne aktivitetane sine. Medformennene rapporterte jamleg til formannen gjennom heile året, orienterte andre medlemmer i Minsk-gruppa i mai og november og rapporterte til Det faste rådet i september.

Direkte dialog mellom dei to presidentane, som saman ber ansvaret for å finne ei politisk løysing, er framleis eit viktig element i fredsprosessen. Presidentane i Armenia og Aserbajdsjan drøfta fredsprosessen med president Chirac i Paris i januar og mars og med president Putin i Minsk i mai, i Sotsji i august og i Moskva i november i samband med toppmøtet til Samveldet av uavhengige statar.

I fredssamtalane i Key West i april såg medformennene stor framgang i retning av ein resolusjon, då presidentane Alijev og Kotsjarjan førte forhandlingar i fire dagar. Kvar av presidentane hadde møte med president Bush i Det kvite huset etter drøftingane i Key West. Sjølv om medformennene framleis deltek aktivt, har ikkje framdrifta etter Key West vore like stor.

Medformennene støtta sterkt fleire tillitsskapande tiltak overfor partane under ei regional vitjing i november. Desse tillitsskapande tiltaka bør betre stemninga og lette vanskanane som denne uløyste konflikten har medført. Medformennene trur fast at desse stega vil gje eit tilskot til fredsprosessen og er i begge partane si interesse.

Presidentane Alijev og Kotsjarjan har på ny stadfesta overfor medformennene forpliktinga si til ei samla og fredeleg løysing der begge sidene inngår kompromiss. At denne konflikten framleis er uløyst etter tretten år, mellom anna ni år med OSSE-mekling, gjer alle sider frustrerte. Sjølv om det var færre brot på våpenkvila langs den internasjonale grensa og kontaktlina i 2001, må partane halde fram med å minske spenninga og å styrkje våpenkvila,

som framleis er skjør. Medformennene har arbeidd nært saman med formannens personlege representant for å nå dette målet.

Både armenarane og aserbajdsjanarane erkjenner at den globale situasjonen har endra seg etter dei tragiske hendingane september 11 og har difor slutta seg til den internasjonale koalisjonen i kampen mot terrorisme. Utviklinga har gjort det viktigare å få løyst denne konflikten og har skapt nye sjansar som alle sider må gripe. Ein situasjon der det korkje er krig eller fred, kan ikkje stå i staden for ei samla løysing.

Samarbeidet mellom medformennene er framleis framifrå, og dei er framleis forplikta til å hjelpe partane med å få til ei rettferdig, rimeleg og varig løysing som alle sider kan godta.

Vedlegg 10**Årsrapport om gjennomføringa av avtalen om tillits- og tryggleiksskapande tiltak i Bosnia- Hercegovina (artikkel II i vedlegg 1B) og avtalen om subregional rustingskontroll (artikkel IV i vedlegg 1B i Dayton-avtalen) 1. januar - 30. november 2001**

Generalmajor Claudio Zappulla (Det italienske flyvåpenet) OSSE-formannens personlege representant

Innleiande merknader

Eg er svært glad for å kunne rapportere at gjennomføringa av Avtalen om tillits- og tryggleiksskapande tiltak i Bosnia-Hercegovina (artikkel II) og Avtalen om subregional rustingskontroll (artikkel IV) går godt.

Denne rapporten er delt inn i to delar: Gjennomføring og Framtidige aktivitetar.

Del I: Gjennomføring

Avtalen om tillits- og tryggleiksskapande tiltak i Bosnia-Hercegovina (artikkel II)

1. *Inspeksjonar/vitjingar på våpenproduksjonsanlegg.* Det vart gjennomført tjueseks (26) inspeksjonar dette året. Tjueseks OSSE-land gav tilskot anten ved å leie lag eller ved å stille sakkunnige til rådvelde. Det var seks (6) vitjingar på våpenproduksjonsanlegg. Stort sett vert inspeksjonsordninga gjennomført på ein regelmessig og profesjonell måte.

2. *Årleg utveksling av informasjon.* Dei årlege informasjonsutvekslingane vert stadig betre når det gjeld openness, fullstendige data, og etterleving av dei omsamde formata.

3. *Vedtak som er gjorde i møte i Den felles rådgevande kommisjonen og den tredje tilsynskonferansen.*

A. Partane vedtok ein *protokoll om observasjon frå lufta*, som støttar Tiltak III (risikoreduksjon). Fleire nasjonar, særleg Danmark, Den tsjekkiske republikken, og Frankrike, deltok aktivt i prøveflygingar for å validere føresegnene i protokollen.

B. *Protokollen om eksisterande typar av utstyr (POET)* vart ajourført dette året. Det vart sletta utstyr frå kategoriane pansra personellkøyrety, artilleri og kampfly, og det vart lagt til utstyr i kategoriane stormpanservogner og stormpanservognliknande køyrety. POET er ajourført i samsvar med dette.

C. *Protokollen om meldingar og utveksling av informasjon* vart ajourført. I framtida skal partane ta med lister over historiske samlingar og våpenproduksjonsanlegg og ei liste over helgedagar. Det vart òg avtala andre tekniske betringar.

D. Partane ajourførte *Protokollen om våpenproduksjonsanlegg* og samdest om ein definisjon av «våpenproduksjonsanlegg».

E. Det viktigaste vedtaket som vart gjort dette året, var kan hende vedtaket om å ajourføre den faktiske avtalen. Artikkel II-avtalen vart underskriven 26.

januar 1996. Sidan den gongen har Den felles rådgjevande kommisjonen kome saman ved meir enn 35 høve og tre gonger til ein tilsynskonferanse. I heile denne tida vart gjort vedtak som påverkar gjennomføringa, og partane var difor samde om at avtalen måtte ajourførast for å spegle desse vedtaka. Den ajourførde versjonen er først og fremst til «operasjonell» bruk, for å hjelpe dei som deltek mest aktivt i inspeksjonar, osv. Grunnavtalen er framleis uendra.

4. *Frivillige tiltak.* Partane deltok aktivt i frivillige program. Nokre av dei viktigaste aktivitetane i året som gjekk, er nemnde her:

A. *Åtferdskodeks.* Tyskland, Finland og Romania stilte til rådvelde sakkunnige, som heldt tre åtferdskodeksseminar. Ein kan merke at dei oppmøtte deltek mykje meir aktivt og viser mykje større interesse. Liknande seminar står på programmet for neste år.

B. *Øvingar i observasjon frå lufta.* Som nemnd tidlegare var det to slike øvingar dette året som var utforma med sikte på å validere føresegnene i Protokollen om observasjon frå lufta. Sjølv om den opphavlege meininga med denne ordninga var å auke risikoreduksjonstiltaka, har protokollen vorte utvida til å omfatte flygingar til støtte for humanitære innsatsar (i Bosnia-Hercegovina).

C. *Inspektør opplæring.* NATO-skulen i Oberammergau støttar framleis Dayton-avtalen ved å halde kurs for inspektørar. Opplæringskursa for inspektørar vil halde fram i dei komande åra. For å unngå overlapping og duplisering ber vi om at alle bilaterale og andre initiativ vert samordna med kontoret til den personlege representanten.

D. *Arbeidsgruppa for felles handbøker.* Denne gruppa har som oppgåve å utarbeide skriftlege prosedyrar for korleis dei respektive væpna styrkane i Eininga skal flytte seg når dei kryssar grenselina i Eininga for å yte hjelp under naturkatastrofar eller menneskeskapte katastrofar.

E. *Revisjonar.* Etter nesten to år vart budsjetta til forsvarsdepartementa for dei væpna styrkane i Eininga reviderte. Føderasjonen Bosnia-Hercegovina gav eit lag av internasjonale revisorar løyve til å undersøkje forsvarsdepartementa sine journalar. Republika Srpska gjennomførte ein intern revisjon utan hjelp frå internasjonale revisorar. Begge revisjonsrapportane vert oppbevart i dei respektive forsvarsdepartementa. Republika Srpska og Føderasjonen Bosnia-Hercegovina har vorte gratulert for denne øvinga i tillitsskaping og vil verte oppmoda til å verte endå opnare i framtida.

5. *Samandrag.* Gjennomføringa av Protokollen om verifisering og Protokollen om meldingar og utveksling av informasjon held fram nesten utan lyte. Som i alle inspeksjonsordningar førekjem det problem, men med tanke på det unike miljøet der denne avtalen vert gjennomført, er det godt gjort at partane greier å gjennomføre inspeksjonane sine så rutinemessig og utan vanskar. Eg ønskjer i denne samanhengen å rose SFOR, og særleg generalløytnant Sylvester, for framifrå støtte og samarbeid frå han og personalet hans. Partane kan gratulerast med dei ulike protokollane som vart vedtekne i året som gjekk, og med dei viktige vedtaka som vart gjorde i møte i Den felles rådgjevande kommisjonen og på den tredje tilsynskonferansen. Militære kontaktsendelag er framleis eit diskusjonsemne. Den opphavlege tanken med desse sendelag har vorte innhenta (på ein positiv måte) av det som har hendt.

Høgtstående militære sjefar i dei respektive væpna styrkane i Eininga har direkte kontakt med og deltek aktivt i Den felles militærkomiteen. Den felles rådgjevande kommisjonen vurderer korleis ein mest effektivt kan bruke militære kontaktsendelag.

Til slutt er det verdt å leggje særleg merke til at ein i denne rapporten ikkje har nemnt politisk uro, noko som ein ofte har gjort tidlegare. Tidleg på året for lét visse kroatisk representantar i forsvarsdepartement i føderasjonen postane sine, mellom andre mange soldatar og offiserar, men gjennomføringa av avtalen vart ikkje negativt påverka.

Avtalen om subregional rustingskontroll (artikkel IV)

1. *Inspeksjonar.* Dei planlagde inspeksjonane er gjennomførde (med dei unntaka som er nemnde nedanfor).
2. *Årleg utveksling av informasjon.* Kvaliteten på den årlege informasjon-utvekslinga vert betre for kvart år, nemleg når det gjeld presisjonen på data.
3. *Samandrag.* Stor sett er Artikkel IV-avtalen gjennomført fullt ut, med eitt unntak: inspeksjonar ved Bosnia-Hercegovina. Avtalen gjev alle partar rett til gjennomføre inspeksjonar. Men Bosnia-Hercegovina har ikkje vore i stand til å gjennomføre slike inspeksjonar. Tekniske problem vart fullstendig løyste då Føderasjonen Bosnia-Hercegovina gav ein inspeksjonskvote til Bosnia-Hercegovina. Det er berre «politiske» hindringar som står i vegen for inspeksjonar ved Bosnia-Hercegovina. Republika Srpska er framleis den einaste parten som blokkerer slike inspeksjonar.

Del II: Framtidige aktivitetar

Avtalen om tillits- og tryggleiksskapande tiltak i Bosnia-Hercegovina

Det vert teke tilbørlig omsyn til prosessen med å strauformlineforme dei internasjonale organisasjonane i Bosnia-Hercegovina. Eg vil halde fram med å arbeide nært saman med dei andre internasjonale organisasjonane i Sarajevo for å minske overlapping og å sikre at eg er i harmoni med den kollektive sluttstatusen. Eg vil enno ein gong nemne at det er eit svært nært samarbeid med SFOR og OHR. Det er eit endå nærare samarbeid mellom meg og ambassadør Beecroft. Eit av dei langsiktige måla mine er å stadig auke organisasjonar og institusjonar på statleg nivå i Bosnia-Hercegovina. Når det gjeld gjennomføringa av avtalen, er hovudfokuset mitt framleis å føre tilsyn med inspeksjonsordninga, sjølv om det vert lagt meir vekt på frivillige tiltak. Det er gjennom desse frivillige tiltaka at sann tillit og tryggleik vert utvikla. Eg vil difor halde fram med å aktivt oppmode partane til å delta i kvar aktivitet som fremjar tillit og openness. Eg vil halde fram med å arbeide for større innsyn i militærbudsjetta og fremje åtferdskodeksseminar.

Avtalen om subregional rustingskontroll

Eg trur at sjølv om dei strenge våpenkontrolltiltaka i denne avtalen vert gjennomførde, kan ein oppnå meir. Eg vil halde fram med å oppmode partane til å undersøkje om ein kan minske talet på ulike utstyrseiningar som ein no har i unnatekne kategoriar. Eg vil støtte alle forsøk på å gjennomføre tillits- og tryggleiksskapande tiltak som er utforma med sikte på å få større openness og innsyn.

Konklusjon

Partane i begge avtalane held fram med å betre gjennomføringa og dei årlege informasjonsutvekslingane. Sjølv om OSSE framleis gjev støtte til begge ordningane, er ikkje støtte eit absolutt krav for å få ei vellukka gjennomføring. Eg ser fram til ei tid då OSSE si deltaking i gjennomføringa av begge ordningane er mindre, og då partane har teke på seg større eigarskap i dei respektive ordningane sine.

Til slutt ønskjer eg å takke dei mange OSSE-landa som konsekvent støttar Dayton-fredsprosessen, og oppmodar til å gje slik støtte i år òg. Men særleg ønskjer eg å takke landa som har gjeve frå seg tenestemenn til personalet til den personlege representanten i året som gjekk, og i tidlegare år.

Vedlegg 11**Rapport frå formannskapetets spesialrepresentant for
forhandlingar etter artikkel V i vedlegg 1-B i den
allmenne rammeavtalen for fred i Bosnia-
Hercegovina (Dayton-avtalen)**

Forhandlingane etter artikkel V vart fullførde 18. juli 2001, då dei tjue deltakarstatane oppnådde konsensus om eit sluttdokument. Dette avslutta ein lang forhandlingsprosess. Vedtaket om å ta for seg artikkel V vart gjort på det sjette ministerrådsmøtet i København (1997), to år etter Dayton/Paris. Det tok endå eit år før ein oppnådde konsensus om eit mandat for forhandlingane.

Sluttdokumentet er mindre enn kva mange deltakarstatar såg for seg då forhandlingane byrja. Til dømes er det ikkje noko kopling, med omsyn til våpenkontroll, til landa nemnde i Dayton-avtalen artikkel IV. Dette speglar den endra politiske situasjonen i regionen, særleg opptaket av Republikken Jugoslavia i OSSE.

Sluttdokumentet inneheld ei rekkje frivillige tillits- og tryggleiksskapande tiltak, som for det meste byggjer på dei som er nemnde i Wien-dokumentet 1999. Desse er tilpassa regionale krav og kan sjåast på som ein større katalog med retningslinjer, som deltakarstatane kan bruke i samsvar med sine egne tryggingsskrav.

Med tanke på vanskane med å finne felles posisjonar blant tjue statar som ofte har sprikande synspunkt, kan vedtakinga av sluttdokumentet for artikkel V-forhandlingane sjåast som ein stor suksess. Sluttdokumentet er ei klar melding frå det internasjonale samfunnet om kor viktig Sørøst-Europa er. Dette er første gongen i historia at landa i denne regionen har inngått ein regional stabiliseringsavtale. Truverdet til denne avtalen vert styrkt av at fleire land utanfor regionen er involvert.

Gjennomføringa av føresegnene i artikkel V vil verte gjennomgådd kvart år av landa som deltek i kommisjonen som har vorte oppnemnd i sluttdokumentet.

Ettersom artikkel V omfattar omtrent dei same landa som Stabilitetspakta, er artikkelen fullt ut komplementær til Stabilitetspakta. Sidan dei har dei same målsetjingane, fungerer artikkel V i grunnen som det utøvande organet til undergruppa for forsvars- og tryggingssaker i arbeidsgruppe III.

Artikkel V vil spele ei positive rolle i regionen som ein del av ei omfattande ordning for å stabilisere Sørøst-Europa.

